

MASTEROPPGÅVE

Mastergrad i organisasjon og leiing

Restar av det menneskelege

Ei analyse av kva funksjonar Nygårdsparken har for rusmisbrukarar

av

Birthe Møgster

September 2014





Boks 133, 6851 SOGNDAL, 57 67 60 00, fax: 57 67 61 00 – post@hisf.no – www.hisf.no

Masteroppgåve i: Organisasjon og leiing

Tittel: Restar av det menneskelege

Engelsk tittel: Remnants of Humanity

Forfattar: Birthe Møgster

Emnekode og emnenamn: ME 690
Masteroppgåve i organisasjon og leiing

Kandidatnummer:
4

Publisering i institusjonelt arkiv, HiSF Biblioteket (set kryss):

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

JA x Nei

Dato for innlevering:

12. 09. 2014

Eventuell prosjekttilknytning ved HiSF

2

Emneord (minst fire):

Rusmisbruk, opne russcener, funksjonar, sosialitet, Agamben, Bourdieu, Douglas

Tittel og samandrag: **Restar av det menneskelege**

Denne studien handlar om opne russcener og kva funksjon desse har for rusmisbrukarar. Føremål med studien er å få betre kunnskap om, og innsikt i kva opphald i opne russcener har å bety for rusmisbrukaren. Dette kan igjen gje nye perspektiv på kvifor slike stadar opprettheld seg og kva deira funksjonar er.

I studien er det nytta kvalitativ metode med intervju av rusmisbrukarar som oppheld seg i den opne russcena, samt Nygårdsparken og informantar som arbeider nært med denne gruppa. Studien er sosiologisk underbygd, med teoretiske innspel frå andre retningar.

Funn visar at den opne russcena i Nygårdsparken har ulike funksjonar for rusmisbrukaren. Nygårdsparken er ein injiseringsstad der rusmisbrukaren ved injisering opplever seg mindre stigmatisert enn elles. Funn visar at rusmisbrukaren dannar kapital og habitus som er påverka av feltet han oppheld seg i. Dei eigenskapane og kapitalformene han tileignar seg er lite verdsatt i andre felt. Rusmisbrukaren kan òg forståast til å vere i ein unntakstilstand både gjennom at han blir utsett for ein inkluderande eksklusjon frå samfunnet og gjennom å vere avhengig av rusmiddel.

Title and Abstract: **Remnants of Humanity**

This thesis concerns open drug scenes and their functions upon drug users. The main goal of this study is to attain more knowledge and insight into what these open drug scenes mean to the drug user. This will furthermore give new perspective into why such places maintain their existence and what their functions are.

The thesis is based on qualitative methods, with interviews with drug users who visit the open drug scene at Nygårdsparken, in Bergen, and informants who work with and around this group. The study is sociologically based in Bourdieu, with input from other theorists.

Discoveries indicate that the open drug scene in Nygårdsparken have different functions for the drug user. The park is an injection site where the drug user by injecting himself experience a lessening in stigmatization compared to other places. Other discoveries

show that the drug user create capital and habitus, which are influenced by the field he is in. These attributes and forms of capital that he attains are of little value in other fields. The drug user has to be understood to be in a state of exception, both through being subject to an including exclusion from society and through being addicted to drugs.

Draum

*Det ropte frå sjøen om hjelp hjelp.
Ei røyst som eg kjende: di.
Eg skunda med nedtil, sprang og sprang,
fekk båten i hast gjort fri.*

*Skauv ifrå land, greip årene,
sette meg ned for å ro,
men kom ingen veg. Makteslaust
mot vassflata årene slo.*

*Kom ikkje nedi. Fekk ikkje tak.
Vatnet var stivna som bly.
Og langt ut i mørkret di røyst
som ropte og ropte på ny.*

*Med årene sat eg og slo slo
mot dette som ikkje brast,
slo og visste: Du ropte om hjelp,
men du heldt óg båten fast.*

Halldis Moren Vesaas, frå
I ein annan skog, 1955

Innholdsfortegnelse

FØREORD	9
KAPITTEL 1 – INNLEIING	10
1.1 TEMA OG PROBLEMSTILLING.....	10
1.2. OPNE RUSSCENER.....	11
1.2.1 Kva er ei open russene?.....	11
1.2.2 Om opne russener i Bergen.....	12
1.3 OMGREPET FUNKSJON OG KORLEIS FORSTÅ DET I DENNE STUDIEN	14
1.4 RETNINGAR I RAPPORTERING OG FORSKING TIL NO OG MI FORSKING.....	16
1.4.1 Forsking om kva som knyt rusmisbrukaren til samfunnsinstitusjonar	16
1.4.2 Rapportering og forskning om kva som knyt rusmiljø.....	17
1.5 OPPGÅVA SI OPPBYGNAD:	19
KAPITTEL 2 - METODEBRUK	21
2.1 Å STUDERE EIT FELT EG ARBEIDER I	21
2.2 KVA METODE PASSER TIL DETTE STUDIET? - VAL AV FORSKINGSDESIGN	22
2.3 STRATEGI FOR UTVAL	23
2.3.1 Rekruttering og stad for rekruttering	24
2.3.2 Intervju, stad for og gjennomføring.....	25
2.4 BEHOV FOR NY METODEBRUK UNDERVEGS.....	27
2.5 ARBEID MED DATAMATERIALET	27
2.6 ETISKE PROBLEMSTILLINGAR KNYTT OPP TIL FORSKING I RUSFELTET.....	28
2.6.1 Kva tid er rusmisbrukaren passe rusa?.....	28
2.6.2 Kontrolleffekten og informasjon om kriminell åtferd.....	29
2.6.3 Godgjerjing for intervju?	30
2.7 SØKNADSPROSESS OG KONTAKT MED NORSK SAMFUNNSVITSKAPLEG TENESTE (NSD).....	30
2.8 DATAKVALITET.....	31
2.8.1 Validitet.....	31
2.8.2 Reliabilitet	32
KAPITTEL 3 – TEORETISK PERSPEKTIV	33
3.1 BOURDIEU	33
3.1.1 Feltomgrepet hjå Bourdieu.....	34
3.1.2 Spel og reglar i spelet	37
3.1.3 Bourdieu sine kapitalomgrep	38
3.1.4 Kulturell kapital.....	38
3.1.5 Sosial kapital.....	40
3.1.6 Økonomisk kapital.....	40
3.1.7 Symbolsk kapital.....	40
3.1.8 Generelt om kapitalformar	40
3.1.8 Symbolsk vald.....	41
3.1.9 Bourdieu sitt habitusomgrep.....	41
3.2 ANDRE TEORETISKE PERSPEKTIV	43
3.2.1 Mary Douglas om reint og ureint.....	43
3.2.2 Agamben og homo sacer.....	44
KAPITTEL 4 – FELTET OG GRUPPENE	46
4.1 FELTET	46
4.1.1 Er øvre del av Nygårdsparken eit felt?	46
4.1.2 Agentane si fysiske plassering i feltet.....	47

4.1.3 Injisiering av rusmiddel i Nygårdsparken	51
4.1.4 Det sosiale.....	53
4.1.5 Endringer i den opne russcena i Nygårdsparken	56
4.1.6 Kor viktig er Nygårdsparken for rusmisbrukaren?	58
4.1.7 Livredding i Nygårdsparken.....	59
4.1.8 Har feltet autonomi?.....	60
4.1.9 Omtale av lettare rusmiddel.....	61
4.1.10 Oppsummering – er Nygårdsparken eit felt?.....	63
KAPITTEL 5 - KAPITALOMGREPA.....	65
5.1 ØKONOMISK KAPITAL	65
5.1.1. Dei utanlandske seljarane.....	67
5.2 SYMBOLSK OG KULTURELL KAPITAL I NYGÅRDPARKEN	68
5.2.1 Symbolbruk.....	70
5.3 SOSIAL KAPITAL I NYGÅRDPARKEN.....	71
5.3.1 Tilhøyrgheit til gruppa.....	71
5.3.2 Tilhøyrgheit til dei einskilde.....	72
5.3.3 Tilknytting til den eine.....	73
5.3.4 Stad for sosial kontakt.....	75
5.3.5 Oppsummering kapitalfunn	76
KAPITTEL 6 HABITUS OG SPEL.....	78
6.1 HABITUS - PRAKSIS	78
6.1.1 Habitus, pengar og svik.....	81
6.1.2 Oppsummering	82
6.2 SPELET	83
6.2.1 Doxa – Butikk med aldersgrense.....	84
6.2.2 Kva skjer når butikken skal stengje?.....	85
6.2.3 Oppsummering spel og reglar	87
KAPITTEL 7 – ILLUSIO OG SYMBOLSK VALD.....	88
7.1 ILLUSIO OG HARM ILLUSIO	88
7.1.1 Overdosar og stad	89
7.1.2. Oppsummering	91
7.2 SYMBOLSK VALD.....	91
7.2.1 Oppsummering	93
KAPITTEL 8 – BROT MED BOURDIEU	95
8.1 BROT MED BOURDIEU	95
8.2 DOUGLAS SINE PERSPEKTIV PÅ KVA SOM ER REINT OG UREINT	95
8.2.1 Kva som er reint og kva som ikkje er det – sett frå ulike ståadar.....	95
8.2.2 Sett frå rusmisbrukaren sitt ståstad.....	95
8.2.3 Sett frå vanlege folk sitt ståstad.....	99
8.2.4 Og kven har hevd på bruk av øvre del av Nygårdsparken?	100
8.2.5 Oppsummering	101
8.3 AGAMBEN OG UNNTAKSTILSTANDEN.....	102
8.3.1 Muselmannen.....	105
8.3.2 Agamben - sluttdrøfting.....	106
KAPITTEL 9 – FUNN OG NY DRØFTING	108
9.1 FUNN I ANALYSER OG DRØFTING AV DESSE I LYS AV AGAMBEN SITT TEORETISKE UNIVERS.....	108
9.1.1 Funn i analyser.....	108
9.2.1 Funn i nytt lys.....	109
9.2.2 Ekskluderande inklusjon.....	109

9.2.3 Unntakstilstanden.....	110
9.2.4 Homo sacer.....	110
9.2.5 Homo sacer og Nygårdsparken.....	112
9.2.6 Muselmannen.....	113
9.3 GAV NYTT LYS NYE DIMENSJONAR?	113
9.4 DEI SISTE ORDA - OM FORSKINGSFELTET INNANFOR RUS	114
10. LITTERATURLISTE.....	116
11 VEDLEGG.....	121

Føreord

Det har vore ei reise inn i ei anna verd å gjere denne studien. Denne reisa hadde vore nærast umogleg utan gode hjelparar. Eg vil gjerne takke rusmisbrukarane som er intervjuar til denne oppgåva og som tok meg med inn i deira verd. Takk til dei for å vere opne og for den tillit som vart vist meg. Eg vil takke dei andre to informantane som gav meg forkunnskap og god førebuing til reisa.

Eg har hatt god rettleiing frå Sølvi Marie Risøy, takk for direkte tale og konstruktive tips. Og ikkje minst at du har vore på undervegs med korte fristar på attendemeldingar. Gjennom rettleiar fekk eg òg kontakt med andre masterstudentar. Takk til dykk, særskild til deg Vigdis Reisæter. Di praktiske hjelp og småpratlar inn i mellom har vore støttande. Innspurten i denne studien vart forsert, slik at det vart naudsynt å lage eigen presentasjon av funn. Takk til veninne og statsvitar Kari Heggholmen og kollega og psykolog May Linn Nilsen som deltok. Takk til Regine Frisch som har språkvaska oppgåva.

Eg har hatt fleksibilitet og støtte frå arbeidsstaden min når eg har gjort denne studien. Takk for det.

I arbeidet med innsamling av data har eg hatt stor støtte og hjelp frå Bergen kommune, utekontakten sine tilsette og Senter for arbeidslivsforberedelse (ALF) sine tilsette i gatemagasinet Megafon. Takk for hjelp til å komme i kontakt med informantar, takk for lånet av lokaliteter og takk for gode tips og råd undervegs.

Takk til Eirik Dalland som let meg bruke hans kart over Nygårdsparken i denne oppgåva.

Eg har ein familie som òg har *levd* tett på funksjonar i Nygårdsparken siste halvåret. Men dei har stilt opp, lest korrektur, formatert datamaskiner, oversett, transkribert og drøfta teori med mor og ektefelle. Takk Victoria, Mariel og Odd Ivar.

Dette studiet hadde ikkje blitt ferdig til rett tid, utan den støtta eg har fått frå dykk rundt meg. Som de veit, å gjennomføre denne studien har vore eit viktig prosjekt for meg.

Bergen, 11.09.14

Birthe Møgster

Kapittel 1 – Innleiing

1.1 Tema og problemstilling

Mange innbyggjarar i Bergen har vakse opp med at Nygårdsparken har hatt ulik bruk. Frå å vere ein del av parken nytta av alle, har den øvre delen gradvis gått over til å bli nytta av ei gruppe, rusmisbrukaren. Frå 1960-talet og utover har rusbruk vore knytt til Nygårdsparken sin øvre del. Rusmisbrukarar opptek øvre del rundt Flagghaugen og Smultringen. Området har blitt ei open russene. I dag er det ikkje mange andre enn rusmisbrukaren som oppheld seg i dette området, utanom hjelpepersonell og politi. I media har det vore ein debatt i årevis om kvifor det er blitt slik og kva som skal til for å endre dette. Dei seinare år har den opne russcena i Bergen endra seg til òg å verte ein marknadsplass for sal av meir enn rusmiddel, som sigarettar, alkohol og tjuvgods. Miljøet blir omtala som meir valdeleg. Våpen er meir nytta, og den opne russcena generer støy og illegal kriminalitet i nærmiljøet. Det har vore innspel, debattar, meiningar og frustrasjon i kring dette fenomenet frå mange partar gjennom åra, særskilt dei seinare åra. Når temaet har vore diskutert, har det vore få innspel frå rusmisbrukaren som oppheld seg her. Kven er han? Kva gjer at han vél å opphalde seg på denne staden? Undring over kva som gjer at rusmisbrukaren oppheld seg i ei open russcene og kva tyding det har for han, dannar bakgrunnen for denne studien.

Problemstillinga lyd:

Kva funksjonar har Nygårdsparken for rusmisbrukarar?

Gjennom intervju med rusmisbrukarar som nyttar Nygårdsparken som opphaldstad vil eg undersøkje kva staden tyder for dei. Eg vil studere kva det er som gjer at rusmisbrukaren nyttar øvre del av Nygårdsparken som opphaldsstad og korleis dette påverkar rusmisbrukaren. Det vil bli lagt vekt på å ha fokus *utover* kjøp, sal og bruk av rusmiddel. Kjøp, sal og bruk vil bli kalla *primærfunksjonar*. Uttrykket primærfunksjonar viser til at desse er viktige faktorar i eit ope rusmiljø. Eg ønskjer å studere kva funksjonar opphald i Nygårdsparken har for rusmisbrukaren òg *utover* dei primære funksjonane. Desse funksjonane blir omtale som *sekundærfunksjonar*.

Det har ikkje vore forska på kva funksjonar den opne russcena i Nygårdsparken har for rusmisbrukaren. Den opne russcena har funksjonar i høve til det som er omtala som primære funksjonar her i studien, kjøp, sal og bruk av rusmiddel. Eit oppe rusmiljø har òg andre funksjonar for rusmisbrukaren. Det er viktig å finne desse funksjonane og kva tyding dei har for rusmisbrukaren.

Området for den opne russcena i Nygårdsparken vil verte avstengd 25. august 2014. Kva er meininga med å studere noko som skal takast vekk? Studien kan bidra til utdjuving av kva som gjer at slike miljø oppstår og kan ha nytteverdi med tanke på framtidige tilbod og andre opphaldsstader for gruppa rusmisbrukarar. Denne studien er gjennomført i 2014 og ferdigstilt i september 2014. Innsamling av datamateriale er gjort i perioden mars til juli 2014.

Leiing innanfor helse og velfredsområda fordrar arbeid med menneske i utsette situasjonar som gjerne har ein hjelperelasjon til sine omgjevnader. Menneske i hjelperelasjon til andre opplever ofte mekanismer som utstøyting, stigmatisering og deklassing. Slike mekanismar oppstår mellom menneske og påverkar menneske. Difor er kunnskap om desse mekanismane og korleis dei oppstår, viktig kunnskap for leiaren i helse og verferdsområda. Denne studien kan gje både leiaren og andre kunnskap om desse fenomena og er difor eit bidrag til faget organisering og leiing. Kunnskap om kva teoretiske retningar som pregar forskning i eit fagfelt er òg viktig. Slik kunnskap kan gje leiaren større forståing for retningar og trendar som påverkar feltet han eller ho arbeider i.

1.2. Opne russcener

1.2.1 Kva er ei open russcene?

Det er ulike definisjonar på kva som er ei open russcene. Desse definisjonane har innhald knytt til forståing og avgrensing i høve til kva aktivitetar som går føre seg i dette opne området. Nafstad (2013, s. 90) lager ei syntese av ulike definisjonar og omtalar opne rusmiljø som «Steder i det offentlige rom hvor grupper av mennesker som bruker narkotika samles. Det er steder hvor rusbrukerene samles for å kjøpe og selge narkotika, eller andre ting. Det er også en sosial arena». Bergen kommune ved Utekontakten har ein definisjon for opne russener. «Kjente, etablerte, offentlig tilgjengelige områder som preges av åpenlys narkotikarelatert kriminalitet som kjøp, salg og inntak av illegale rusmidler, samt med en betydelig grad av ordensforstyrrelser» (Myrmel, 2014, s. 4). På grunn av at eg vil studere kva funksjonar Nygårdsparken har for

rusmisbrukaren, og vil ha eit fokus som går utover kjøp, sal og inntak av rusmiddel, synes Nafstad si syntese av definisjonar om opne rusmiljø¹ best dekkjande.

1.2.2 Om opne russcener i Bergen

Bergen kommune sitt største opne rusmiljø har vore stasjonært i øvre del av Nygårdsparken sidan 1960-talet. Det har vore eit unntak frå dette på slutten av 1980-talet og byrjinga av 1990-talet. Då intensiverte politiet si innsats mot miljøet og rusmiljøet i Nygårdsparken og det vart oppløyst (Ørn, 2011). Effekten vart ei flytting mot sentrum av Bergen og Byparken. Etter innsatsen vart avslutta, reetablerte det opne rusmiljøet seg i øvre del av Nygårdsparken etter kort tid (Ørn, 2011). Oslo sitt opne rusmiljø har forflytta seg meir². Ein kan tenkje seg at den opne russcena i Bergen har vore såpass lenge på ein stad, fordi området har ei fysisk avgrensing. Samstundes eignar øvre del seg som opne rusmiljø gjennom at det er kollektivtransport til området og området ligg sentralt i Bergen. Andre faktorar som gjer området eigna er det topografiske (Ørn, 2011). Det er tett vegetasjon i delar av området kor det er mogleg å gøyme seg vekk. Nygårdsparken har mange inn- og utgongar, noko som òg er med å gjere staden eigna for omsetjing av rusmiddel (Ørn, 2011).

Etter reetableringa av rusmiljøet tidleg på 1990-talet blei det etablert eit ikkje uttalt samarbeid mellom den tyngste rusmisbrukargruppa og politiet (Ørn, 2011). Dette samarbeidet innebar at rusmisbrukaren skulle få ha opphald i eit bestemt geografisk område dersom han oppheldt seg her og ikkje andre stadar. Rusmisbrukaren skulle opptre, mest mogleg usynleg og ikkje vere til sjenanse for befolkninga elles. I 2008 byrjar dette *samarbeidet* å forvitre (Ørn, 2011). Rusmisbrukarane i Nygårdsparken blei fleire og yngre og dei opptok eit større geografisk område. Illegal aktivitet blei openlys, det oppstod meir bråk, konflikhtar og uorden. Miljøet vart meir heterogent (Ørn, 2011). Det oppstod fleire ordensforstyrningar i nabolaget.

¹ Vidare i denne studien vil omgrepa opne russcener og opne rusmiljø referere til same tyding.

² Nafstad (2013) omtalar forflytningar som dei opne rusmiljøa i Oslo har hatt. Den første opne russcena kom i Slottsparken i 1966 (letteare rusmiddel), via Egertorget (tyngre rusmiddel). 1983 blei Slottsparken rydda og det oppsto rusmiljø i bydelane for bruk og salg av lettare rusmiddel. På slutten av 1980-talet forflytta miljøet seg på Egertorget, mot Karl Johan. I perioden slutten av 1980-talet til midten av 1990-talet spreidde miljøet seg i nærleiken av Karl Johans gate. På midten av 1990-tallet befant det seg på Europarådets plass for så å forflytte seg til Oslo sentralstasjon mot sjøsida, det som fekk namnet Plata. I 2002 forflytta det seg til Skippergata og nedre del av Karl Johans gate. I 2008 forflytta det seg på ny utanfor hovuedinngangen til Oslo sentralstasjon. Sommaren 2011 vart det ei ny forflytning til Skippergata og miljøet har sidan det vore meir i bevegelse i området Skippergata forbi Karl Johans gate til Storgata. Forflytningar har kome etter påtrykk frå andre (Nafstad, 2013).

Kartleggingar våren 2014 viser at det er openlys omsetting av illegale og legale stoffer store deler av døgnet (Myrmel, 2014). Det oppheld seg i gjennomsnitt mellom 30-70 personar i Nygårdsparken på dag og kveldstid. Rusmiljøet spreier seg utover grøntareala ved gode vêrtilhøve (Ørn, 2011). Ved gode vêrtilhøve kan det vere 100 personar knytt til rusmiljøet som oppheld seg i området og nærområda. Heroin var hovudrusmiddel i den opne russcena i Nygårdsparken var våren 2014 (Myrmel, 2014).

I juni 2014 har Bergen kommune òg ei open russcene i Vågsbunnen (Myrmel, 2014). Vågsbunnen som open ruscene har ikkje same dimensjon i størrelse og omfang som Nygårdsparken. Ved Vågsbunnen oppheld det seg stort sett eldre etnisk norske personar og færre utanlandske seljarar. Opphald føregår mest på dagtid frå 09.00-17.00. Det er observert tre til 25 personar frå rusmiljøet (Myrmel, 2014) Hovudrusmiddel er alkohol og sentralstimulerande rusmiddel (amfetamin).

Brukargruppa i Nygårdsparken har dei seinare år endra seg. Den er blitt meir samansett og heterogen (Ørn, 2011, Myrmel, 2014). Det er etnisk norske og nord-afrikanarar som er dei største gruppene. Det er òg ei gruppe aust-europearar, de fleste frå Romania og Polen (Myrmel, 2014). Samstundes finns det ei rekkje menneske som kjem til Nygårdsparken for å kjøpe rusmiddel, dei kjøper og forlèt Nygårdsparken umiddelbart etterpå. Desse personane vert beskrivne som *personar frå alle samfunnslag* (Myrmel, 2014).

Eg vil nytte ei inndeling i tre grupper : **1. Dei unge norske**. Denne gruppa består av unge i all hovudsak etnisk norske som kjøper og sel. Mange har eit omfattande og etablert rusmisbruk. Dei er prega av høgt aktivitetsnivå og bevegar seg mellom Nygårdsparken og Bystasjonen. Mange har eit blandingsmisbruk av rusmiddel og legemiddel (Ørn, 2011). Gruppa har mange som er utan bustad, som bur på hospits eller rundt omkring hos kjende eller venner (Ørn, 2011). Desse oppheld seg i Nygårdsparken dagleg og over tid. **2. Dei eldre norske**. Desse er dei eldste norske med eit langvarig rusmisbruk. Mange av desse bur i kommunal bustad i bydelane (Ørn, 2011). Dei nyttar Nygårdsparken som ein treffstad for sosial aktivitet og ein stad der dei kan skaffe seg illegale rusmiddel (Ørn, 2011). Ein del av gruppa er i LAR³ -

³ «Legemiddelassistert rehabilitering er tverrfagleg spesialisert behandling for opioidavhengighet der rekvirering av vanedannende legemidler i en bestemt dose (substitusjonsbehandling) inngår som et deltiltak i et helhetlig rehabiliteringsforløp». (Helsedirektoratet, Nasjonale retningslinjer for legemiddelassistert rehabilitering ved opioidavhengighet, 2011, s. 132).

behandling (Ørn, 2011). Mange av desse er slitne og dei forflyttar seg mindre. Denne gruppa oppheld seg i Nygårdsparken dagleg og over tid. **3. Dei utanlandske.** Denne gruppa består av nord-afrikanarar, aust-europearar og afrikanarar. Nord-afrikanarane er gjerne nyankomne asylsøkjjarar. Nokre av dei nord-afrikanske vert vurdert til å ha ei dårleg psykiske helse og omfattande hjelpebehov (Myrmel, 2014). Desse sel i hovudsak rusmiddel (Myrmel, 2014). Afrikanarane sel i hovudsak heroin. Dei oppheld seg mindre i Nygårdsparken enn dei andre utanlandske grupperingane. Gruppa har òg aust-europearar som i hovudsak sel lettare rusmiddel, alkohol, hasj og sigarettar (Myrmel, 2014).

Informantane som er rusmisbrukarar omtala menneske som ikkje rusar seg som *vanlege folk*. Dette omgrepet vil bli nytta i oppgåva. Seg sjølv omtala rusmisbrukaren som *rusmisbrukar* eller *narkoman*. Eg vil i hovudsak nytte rusmisbrukar i denne studien.

1.3 Omgrepet funksjon og korleis forstå det i denne studien

Sosiologien sitt hovudføremål er å avgrense sosiale fakta og å setje dei i tilhøve til kvarandre. (Næss og Pedersen, 2012). I tillegg til dei sosiale fakta kjem sosiale funksjonar. Sosiale funksjonar uttrykker ei særskild form for nytterelasjon som blir uttrykt gjennom sosiale funksjonar (Næss og Pedersen, 2012). Funksjonsomgrepet er som vist ovanfor eit stort omgrep i sosiologien, og har vore knytt tett opp til funksjonalismen. Funksjon kan forståast på ulike måtar. Det vert her gjort greie for kva måte denne studien forstår og nyttar omgrepet funksjon.

Kvart sosialt felt har funksjonar (Moe, 1986). Funksjonar bidreg til ein funksjonell differensiering i dei ulike områda. I denne studien er feltet den opne russcena i øvre del av Nygårdsparken. Spørsmåla vert då: Kva er det i denne opne russcena som bidreg til differensiering? Kva funksjonar har dette feltet og korleis påverkar desse funksjonane samhandling mellom individa som oppheld seg her?

Funksjonsomgrepet kan sjåast som eit bindeledd mellom den teoretiske og praktiske sosiologi (Næss og Pedersen, 2012). Når funksjonsomgrepet skal sjåast som eit slikt bindeledd generer

det ein regel som lyder slik: «Funksjonen til sosiale fenomenar må alltid søkjes i det forhold de har til et eller annett sosialt formål» (Næss og Pedersen, 2012, s. 26). Denne regelen gjer at det er åtferda til individet som skal gjerast forståeleg. Åtferda skal forståast ut frå at åtferda har eit sosialt føremål.

Funksjonsbegrepet vert hjå Bourdieu knytt til habitusomgrepet (Bourdieu, 1995). Bourdieu seier at ein av funksjonane til habitus er å gjera greie for kva som knyt ein agent⁴ eller ei gruppe av agentar til kvarandre gjennom deira goder og verksemder. Sagt på ein enklare måte prøver Bourdieu å vise oss korleis ulike element er sett saman og gjennom det knyt agentane til kvarandre.

Funksjon kan i følgje Merton (1957) vere observerbare konsekvensar av eit fenomen som bidreg til at det sosiale systemet vert opprettheldt eller tilpassar seg. Merton (1957) deler funksjonar inn i manifeste og latente funksjonar. Dei manifeste funksjonane er dei som er tydelege, erkjende og tilsikta av agentane. Dei latente funksjonane har meir karakteristika av å ikkje vere tilsikta og/eller erkjende verknader av eit fenomen. Merton (1957) snakka òg om dysfunksjonar, som er funksjonar som bidrar negativt til å oppretthalde og tilpasse sosiale system. I denne delinga av funksjonar la Merton vekt på dei ikkje tilsikta verknadane (Merton, 1957). Her kan dei primære funksjonar som kjøp, sal og bruk av rusmiddel sjåast på som dei meir manifeste funksjonane i feltet den opne russcena i Nygårdsparken. Dei sekundære funksjonane, som denne oppgåva søkjer å få grep om og forstå, kan sjåast meir som dei latente funksjonane i den same russcena. Slik bruk av omgrepa, er basert på ei sterk forenkling av Merton (1957) sine omgrep frå mi side.

Funksjon i denne studien er å forstå korleis opphald i den opne russcena påverkar einskildpersonar, korleis den kollektive praksis som er utvikla i feltet påverkar individet sin tanke og handlemåte. Funksjon tyder her utspelning av det sosiale, og korleis det utspeler seg i den opne russcena i øvre del av Nygårdsparken. Det er eit meir ovanfrå perspektiv i sosiologien, korleis samfunnet skaper mennesket til motsetnad til eit nedanfrå perspektiv om korleis mennesket formar samfunnet (Repstad, 2007). Bourdieu søkte å bygge bru over desse to formene for sosiologi (nedanfrå og ovanfrå), gjennom mellom anna etablering av

⁴ Bourdieu nyttar omgrepet agent om aktør

habitusomgrepet (Wilken, 2008). Denne studien vil, gjennom bruk av Bourdieu sine omgrep, ha eit ovanfrå og eit nedanfrå perspektiv.

1.4 Retningar i rapportering og forskning til no og mi forskning

Forskning om rusbruk og rusbrukarar har grovt sett vore delt i to retningar (Nafstad, 2013). Ei retning forska på rusmisbrukaren sine tilhøve til andre samfunnsinstitusjonar, særleg kontakt med støtte- og hjelpeapparatet. Ei anna retning forskar på kva som bind rusmisbrukaren til rusmiljøet.

1.4.1 Forsking om kva som knyt rusmisbrukaren til samfunnsinstitusjonar

Ørn (2010) har i si masteroppgåve «Den som har begge beina på jorda, står stille» forska på politiarbeid i, og opp mot opne russcener i tre store byar i Norge. Han kastar lys over korleis dei strafferettslege paradigma i politiets arbeid påverkar arbeidet med og rundt opne russener. Flateby (2013) skildrar i si masteroppgåve «Bortvist» kva metodar som vart brukt for å få bukt med opne russcener i Oslo. Å visa vekk var eit aktivt verkemiddel. Det vart òg gjeve auka bøter og førelegg i områda som var karakterisert som opne russcener. Desse to studiene kastar lys over kompleksiteten i å bryte opp eit rusmiljø og har relevans til mitt studie. Relevans handlar om korvidt kompleksiteten i å bryte opp miljøa, har samanheng med dei funksjonar som er i feltet.

I hovudoppgåva til Falch Gulmoen (2007) vert utviklinga av rusdiskursen Norge og Nederland analysert og drøfta. Ho avdekkjer ein stor skilnad mellom rusmiljøa i Oslo og Amsterdam, og stor skilnad på rusdiskursane i landa. Der Norge har satsa på kriminalisering av rusbruk og behandling som alternativ, har Nederland lenge hatt aksept for at det vil vera nokon som ruser seg, og at det einskilde menneske har sin frie vilje til å gjera val (Falch Gulmoen, 2007). Desse to ulike diskursane gjev kvar sin måte å forklare kva rusavhengigheit skuldast. I Nederland er det implisitt, men ikkje uttalt både hos rusmisbrukaren og hjelparar at ein vanskeleg barndom kan ligge til grunn for rusbruk. Det vert i større grad fokusert på den frie vilje, individet sitt sjølvstendige livstilsval og at rusbrukaren har gjort eit sjølvstendig val om å ruse seg. I Norge blir ofte ein vanskeleg barndom allment akseptert som grunn til rusbruk, og blir meir nytta som ei grunngeving for å kunne forsetje med rusbruk. Samstundes har vi i Norge, ei patologisering av einskildindividets rusbruk (Falch Gulmoen, 2007). Ulike forklaringsmodellar for å vere avhengig har utspring i politiske føringar (Falch Gulmoen,

2007). Disse forklaringsmodellane har relevans i mitt studie fordi dei kan ha påverknad på korleis menneske ser på rusmisbrukaren og hans rusmisbruk. Korleis rusmisbrukaren blir sett av andre vil påverka korleis rusbrukaren ser seg sjølv, og dermed kva moglege funksjonar opphald i Nygårdsparken har.

Det har vore og er ein pågåande diskusjon kor vidt rusmiddel gjev ei avhengingheit som er fysisk eller psykisk. Forsking viser at den fysiske avhengingheten til narkotiske stoffer ikkje er så stor som ein tidlegare har rekna med (Fekjær, 2008). Fekjær (2008) viser til at avhengingheit vert skildra som ei åtferd. Når avhengingheit vert omtala slik, kan det oppstå sirkelresonnement: Han oppfører seg slik fordi han er narkoman. Korleis kan det stadfestast at han er avhengig? Fordi han oppfører seg slik (Fekjær, 2008, s. 219).

1.4.2 Rapportering og forskning om kva som knyt rusmisbrukaren til opne rusmiljø

Rapportar skrivne om opne russcener i Norge har til no hatt som hovudføremål å vise alternativ som fører til reduksjon av opne russcener. Arbeid rundt dette er i hovudsak gjort på bakgrunn av rapportar frå Senter for rus og avhengingheitsforskning (Bønes og Waal, 2010, Waal, Gjersing og Claussen, 2011). Rapport om opne russcener og kva som kan gjerast med dei, har relevans til denne studien, mellom anna då den viser til åtferd som er knytt til opphald i opne russcener (Waal, Gjersing og Claussen, 2011).

Uteseksjonane i Oslo og Bergen har begge sett på unge med tilknytning til tyngre rusmiljø. Bergen i 2008 og Oslo i 2013. I Bergen (Grung, 2008) fann ein at dei unge syntes å ha ein rask progresjon i rusbruk og sterkare rusmiddel. Dei unge brukte ikkje Nygårdsparken som opphaldsarena på dette tidspunktet (Grung, 2008). Det var ei deling av rusmiljøet, dei unge opphaldt seg ved Bergen storsenter/Bystasjonen og dei eldre i Nygårdsparken (Grung, 2008). Utekontakten i Oslo finn at det er 300-400 unge mellom 18-25 år som på årsbasis har ein varierende tilknytning til det opne rusmiljøet og at dei generelt ikkje har opphald saman med dei tyngste rusmisbrukarane (Oslo kommune, 2013). Begge rapportane har bakgrunn i uro for dei unge som er i startgropa på sin ruskarriere og korvidt kontakt med tyngre rusmiljø eskalerer rusmiddelbruken (Oslo kommune, 2013, Grung, 2008). Desse rapportane er relevante i høve til kva grupperingar som er i den opne russcena i Nygårdsparken og kva funksjonar han har for dei ulike grupperingane.

Ørn (2011) laga ein rapport i samband med planlagt intervensjon i den opne russcena i Nygårdsparken. Denne rapporten er laga for å gje politiet eit betre grunnlag for å lukkast i å stengje den opne russcena i Nygårdsparken. Han visar til at det ikkje er ei enkel og rask oppgåve for politiet å fjerne denne, dersom løysinga ikkje skal innebere ei forflytning. Arbeid med opne russcener fordrar samarbeid med andre, som medisinske og helse- og sosialfaglege instansar. Øye sin rapport gjev innsikt og faktakunnskap om Nygårdsparken som er aktivt nytta i mi studie. I Oslo kommune (2011) sin rapport om dei opne rusmiljø i Oslo, er brukaren sitt perspektiv teken aktivt med gjennom ei spørjeundersøking med 329 respondentar. Mål var å få auka kunnskap om det opne rusmiljøet og kva kontakt brukarar hadde med hjelpeinstansar. Mange av respondentane i undersøkinga ønskte å vere med å ta større ansvar for å endre situasjonen sin ut frå at dei opplevde dei opne russcenene som negative og stigmatiserande. Mange av dei ønskte òg å ta ansvar for å rydde opp etter seg (Oslo kommune, 2011). Denne undersøkinga var ein av dei få, som har sine funn basert på rusmisbrukaren som hovudinformant. Den gjev relevant informasjon om opne russcener som kjem direkte frå rusmisbrukaren.

Opne russcener vert ofte knytt saman med overdosar og overdosedødsfall og får stor merksemd i media (Gerdtts og Grung, 2011). «Overdoser i Bergen» omhandlar òg faktorar som kan verke skjermende mot overdosar med dødeleg utgong (Gerdtts og Grung, 2011). Stadar der andre er tilstades vil vere ein slik faktor. Rapport om dødelege overdosar i Oslo 2006 til 2008 fann at 67% av overdosene skjer i eigen heim, berre 18% av dei som tok overdose blei funnen/døde utandørs (Gjersing, Biong, Ravndal, Waal, Bramness, og Claussen, 2011). Det er Oslo og Bergen som har flest overdosedødsfall knytt til opiatbruk. I den seinare tid har det vore gjort synleg at fleire enn tidlegare dør av intoksikasjon grunna injisering av metadon, då gjerne nytta saman med andre rusmiddel. Det er òg overdoseproblematikk i seinare år knytt til buprenofin, eit legemiddel som vert rekna som sikrare mot overdoser (Waal, Bussesund, Claussen, Håseth, Lillevold, 2014).

Det er tre studiar seinare år som har forska på rusmisbruk og opne stadar der rusmisbrukaren oppheld seg. Parkin (2013) har i studiet «Habitat and drug using environments: Health, Place and Lived-experience» sett på tydinga av *staden* der injisering blir føreteke. Dette gjev

relevans i høve til den opne russcena i Nygårdsparken då det er ei ein stad der injisering føregår. Parkin (2013) knyt saman mogleg skade og fare for skade hos injiserande rusmisbrukarar med staden injisering vert føreteke. Stad er i denne studien inndelt i tre kategoriar. A, B og C stadar. Dei er inndelt etter kor skjerma/skjult dei er, og kva grad av kontroll rusmisbrukaren har over omgjevnadane. Parkin tek opp *the paradox of invisibility*. Paradoxet om at omgjevnaden til dei som injiserer narkotika offentleg, nesten alltid er gøymt i den opne offentlegheit. Dette igjen referer til *hidden in open view*. Ein slik stad ofte skjult frå offentleg innsyn men paradoksalt midt i den offentlege sfære.

Nafstad (2013) har i si doktoravhandling «Et anstendig menneske - møter mellom rusbrukere og det offentlige rom i Oslo» følgd eit utval narkomane i 40 åra busett i Oslo over tid (2-4 år). Informantane har nytta rusmiddel over mange år og ber preg av det livet dei har levd. Ho ser på kva handlingsrom desse rusbrukarane har i Oslo sine offentlege områder. Ho kartlegg korleis dei narkomane opplever å gjere bruk av, og å opphalde seg på offentlege stadar (Nafstad, 2013). Ho ser på korleis møtet mellom rusbrukaren, politi og folk elles i samfunnet er med å påverke rusbrukaren si oppleving og mogleik til å nytte desse stadane.

Sandberg og Pedersen (2007) gjev i si bok «Gatekapital» (2007) ei grundig omtale av grupper unge som oppheld seg ved Akerselva i Oslo. Ved Akerselva er det unge gutar som sel hasj. Deira daglegliv består i opphald langs Akerselva der dei sel rusmiddel og nyttar tid med andre i same situasjon. Ein del av desse gutane er òg brukarar av rusmiddel. Denne undersøkinga vart gjort på midten av 1990-talet. Studien vart oppdatert i 2007 (Sandberg og Pedersen, 2007).

Mi studie er knytt til den siste forskingsretninga; kva som bind rusmisbrukaren til rusmiljø. Dei funksjonar som Nygårdsparken har for rusmisbrukaren vil vere med å skape tilknytning til dette rusmiljøet.

1.5 Oppgåva si oppbygning:

I kapittel 2 vil eg gjere greie for den metodiske tilnærminga som er nytta og omtale korleis innsamling av data er gjort. I kapittel 3 blir dei ulike teoretiske perspektiva presentert. I kapittel 4 til 7 presenterer eg datamaterialet som eg analyserer i lys av eit sosiologisk

perspektiv. I kapittel 8 skiftar eg teorigrunnlag for analysen. I Kapittel 9 vert det gjeve ei oppsummering av funn som er komne fram i analysen og ei drøfting av delar av desse funna opp mot ei ny teoretisk ramme.

Kapittel 2 - Metodebruk

2.1 Å studere eit felt eg arbeider i

Forskaren har ein kontekst, ei førforståing som påverkar han. Førforståinga vil gradvis bli modifisert gjennom ny kunnskap (Fangen, 2010). I dette studiet er det ikkje mi meining om stenging av den opne russcena i Nygårdsparken som skal fremjast. Likevel kan og vil mi meining påverke korleis eg lesar og fortolkar informasjon. Ei av grunnane til at eg valde dette tema for forskinga var at eg kjende eg var ambivalent til varsling av stenging av den opne russcena i Nygårdsparken. Då eg vart merksam på min ambivalens til temaet, dukka spørsmål kring kva rusmisbrukaren tykte om varsling av stenging av *deira område*. Kva tyding har denne staden hatt for rusmisbrukaren som har opphald i denne delen av Nygårdsparken? Denne undringa var med på å bestemme tema for forskinga mi.

Når eg som forskar skal gå inn i rusfeltet og studere i det, vil mi forståing prege forskingsarbeidet og resultatet. Det eg som forskar har av kunnskap og haldningar vil prege val undervegs i forskinga og resultatata (Aadland, 2011). Det er naivt å tru at ein kan gå inn i eit felt og forske der utan å ta med seg det ein har i ryggsekken (Fangen og Sellerberg, 2011). Som forskar i denne studien har eg med meg ei forming som vart gjort i samband med utdanningar eg har gjennomført. Eg vart forma gjennom ei utdanning som vernepleiar og tok til meg den helsemedisinske og det sosiale fokus denne utdanninga har. Dei seinare år har eg arbeid i rusfeltet, i Helse-Bergen, avdeling for rusmedisin. Dette har forma meg og gjeve meg eit utgangspunkt der eg kan tru eg veit mykje om rusfeltet. Dette kan vere både til fordel og ulempe. Ei ulempe er at eg kan ta med meg inn i forskinga dei *vedtatte sanningane* i feltet og tilvande måtar å sjå på ei problemstilling på. For min del var Nygårdsparken ein perifer del av rusfeltet i høve til det arbeidet eg utøver. Eg hadde aldri fysisk vore i den opne russcena i Nygårdsparken. Eg hadde nokre førestillingar om korleis det var å vere i denne delen av Nygårdsparken som rusmisbrukar. Eg var overtydd om at den sosiale delen av opphaldet var tufta på ei oppleving av fellesskap og at kontakten mellom rusmisbrukarane var nær og tett, på tross av at eg hadde kjennskap til at feltet var prega av vald og uro. Eg trudde

rusmisbrukaren samhandla på lik line som elles i samfunnet. Mi overttyding kring dette vart utfordra i dette studiet.

Når eg forskar må eg gjere meg sjølv medviten på at eg har slike forestillingar som vist ovanfor. Det handlar om å *objektiverere seg sjølv*. *Objektivering* er å gjere seg medviten at eg som forskar har utsegn, preferansar, handlingar, opplevingar og tolkingar av verda og forskingsfeltet knytt til ein relasjon (Prieur, 2002). Det handlar om å finne ein stad å forske frå. Forskaren må forstå at han ikkje er ein nøytral observatør (Risøy, 2008). Forskaren må analysere dei vilkår han sjølv er underlagt for å finne eit utgangspunkt for analyse (Risøy, 2008). Forskaren kan gjere det gjennom å sette seg inn i den praktiske kvardagen forskaren skal forske på. Det handlar ikkje om å sette seg sjølv i den andre sin stad, ein skal sette den andre inn i sin stad. Prieur (2002, s. 154). Å sette den andre i sin stad betyr for meg i forskinga, at eg søker å sette rusmisbrukaren inn i min stad, som forskaren i denne studien.


Vidare i dette kapitlet vil forskingsdesign og korleis design vart gjennomført bli presentert. Så vil etiske utfordringar knytt til undersøkinga bli gjort greie for. Til sist i dette kapitlet vil validitet og reliabilitet i studien bli vurdert.

2.2 Kva metode passer til dette studiet? - Val av forskingsdesign

Det er tema og spørsmål i problemstillinga som er styrande for val av metode, retning og produksjon av data. Problemstillinga er *Kva funksjonar har Nygårdsparken for rusmisbrukarar?* Spørsmålet om kva funksjonar opphald har, kan bli stilt med spørsmål som byrjar med kvifor og korleis. Casestudie er ofte godt eigna som metode der slike spørsmål er sentrale (Yin, 2006).

Det er ulike definisjonar på kva som kan vera ei casestudie. Ringdal (2013) definerer eit case som eit avgrensa system, og dette caset vert gjenstand for intensive undersøkingar. Ringdal (2013) forstår det slik at i tillegg til objektet kan òg hendingar og avgjersler vera eit case. Innsamling av data kan variere i casestudier (Ringdal, 2013). Ei casestudie studerer hendingar i den konteksta ho finns i. Når genser mellom hendingar og konteksten er uklår, kan casestudie vere nyttig (Yin, 2006). Dette er ei casestudie der Nygårdsparken sine funksjonar for rusmisbrukaren blir studert. Studiet har som mål om å forstå fenomenen som finns i miljøet gjennom ei fortolkande tilnærming. For å gje svara på desse spørsmåla mest mogleg frå

rusmisbrukaren sitt ståstad, trengte eg å nytte metodar som innebar kontakt med rusmisbrukaren. Trongen for kontakt med rusmisbrukaren la føringar for val av metode. Datamateriale som er innsamla kjem fram i figuren under



Figur 1. Forskingsdesign

Intervju vart gjort i ei bestemt rekkjefølgje slik det går fram av figuren over. Denne rekkjefølgja hadde til hensikt å møte den mest utsette gruppa i studiet, rusmisbrukaren, til sist. I møtet med dei første to informantane var delar av intervju designa med tanke på å gje meg informasjon om rusmisbrukaren. Denne informasjonen hadde hensikt å gje kunnskap om gruppa og istandsetje meg betre til møtet med rusmisbrukaren. Forskaren har eit særskilt ansvar for utsette grupper sine interesser (Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humanoia, juss og teologi (NESH), 2006).

2.3 Strategi for utval

I kvalitative undersøkingar er det vanleg å gjere eit strategisk utval av informantar ut frå det fenomenet som skal studerast. Utvalet er retta inn mot dei gruppene som kan gje best mogleg data om fenomenet. Denne måte å bestemme utval kalles *strategisk utvelgelse* (Johannessen, Tufte og Christoffersen, 2010). Informantane som arbeider nært med gruppa rusmisbrukarar vart valt ut frå to kriterier (1) Dei skulle ha god kjennskap til og kontakt med rusmisbrukaren i

øvre del av Nygårdsparken. (2) Dei skulle vere i fysisk kontakt med den opne russcena i Nygårdsparken. Kriteria vart sette med tanke på at desse informantane skulle gje meg som forskar kunnskap om rusmisbrukaren og tilhøva i den opne russcena. Informantane i denne gruppa hadde kjennskap til rusmisbrukaren gjennom å ha arbeidd med gruppa over fleire år og vore fysisk tilstade i den opne russcena.

Det var ikkje mogleg å bestemme på førehand kven som skulle vere informantar i gruppa rusmisbrukarar i denne studien. Eg kunne på førehand sette nokre utvalskriterier knytt til temaet i studien. Desse var: (1) Dei skulle ha og hatt opphald i det opne rusmiljøet i Nygårdsparken over noko tid, helst år. (2) Dei skulle vere etablerte rusmisbrukarar. Etablerte rusmisbrukarar viser til eit rusmisbruk som er omfattande og som har vart over tid. Ved kriteriesetting på førehand, vart utvalet eit *kriteriebasert utval* (Johannessen, Tufte og Christoffersen, 2010). Det neste steget var å velje ut personar for denne gruppa. Kjønn, alder og kor rekruttering skulle føregå. Dette er den taktiske delen, den praktiske gjennomføringa basert på dei vala som vart gjort først i den strategiske delen av utveljinga (Johannessen, Tufte, og Christoffersen, 2010).

2.3.1 Rekruttering og stad for rekruttering

Rekrutteringa av informantar med kjennskap til gruppa rusmisbrukarar var gjort gjennom å ta kontakt med aktuelle organisasjonar som kunne ha informantar med denne kunnskapen⁵. Dei aktuelle organisasjonane vart valde ut frå dei strategiske kriterier. Begge dei aktuelle organisasjonane sa seg villig til å vere med i studien på første forespurnad. Mine kontaktpersonar i organisasjonane foreslo aktuelle informantar, med bakgrunn i kriterier ovanfor. Intervjua vart gjort på arbeidsstaden til den einsskilde.

Stad for rekruttering var viktig for å få kontakt med gruppa rusmisbrukarar og gjennom dette rekruttere informantar. Rusmisbrukaren kunne ikkje kontaktast via telefon eller e-post, då eg ikkje visste kven han var. Eit naturleg val som følgje av dette, var å velje stadar som rusmisbrukaren oppsøker. To av desse stadane i Bergen er Nygårdsparken si opne russcene og gatemagasinet Megafon sine utsalslokaler. Det er føremon og ulemper med å oppsøke og

⁵ Dette blei gjort via arbeidsgjevar i eit høve. Min leiar tok kontakt med leiar i aktuell organisasjon. Den andre organisasjonen kontakta eg sjølv direkte via telefon til leiar i denne organisasjonen.

rekruttere på staden (Johannessen, Tufte og Christoffersen, 2010). Eit føremon er at dersom staden og settinga er viktig for undersøkinga, vil intervju på staden gje føremon fordi det nettopp er i den rette settinga. Ulempe er at metoden krev at informanten har tid akkurat der og då og vil bli med på undersøkinga. Eg opplevde å kunne gjere intervju i Nygårdsparken som eit føremon, då dette gav kjennskap til rusmisbrukaren på hans arena. Informantane vart vald ut frå kriteria ovanfor. Over 50% av dei spurde, som fylde kriteria, takka nei til å la seg intervju. Mellom informantane er kjønn ulikt fordelt (1 kvinne og 4 menn). Informantane som er med i denne studien har hatt tilhald i Nygårdsparken si opne russcene i mellom 11 og 40 år. To av informantane høyrer til gruppa *dei unge norske* og tre av informantane høyrer til gruppa *dei eldre norske*.

2.3.2 Intervju, stad for og gjennomføring

Intervju vart føreteke på arbeidsstaden, i organisasjonane. Rusmisbrukarar vart intervju i Megafon sine utsalslokale og i Nygårdsparken. To av informantane gav intervju i Nygårdsparken. Ein feltarbeider frå Bergen kommune, Utekontakten, var tilstade under desse to intervju. Alle informantar vart presentert for studien, munnleg og gjennom tilbod om informasjonskriv, sjå vedlegg nr. 2 og 3. Det blei mest naturleg å vektleggje munnleg informasjon i dei fleste høve.

Intervju med personane som arbeider nært gruppa rusmisbrukarar med opphald i Nygårdsparken vart gjennomført først. Desse intervju hadde ei todelt hensikt, sjå vedlegg nr. 4. Dei omhandla funksjonar som informanten trudde den opne russcena hadde for rusmisbrukaren, samt informasjon om praktiske tilhøve som kunne setje meg som forskar i best mogleg stand til å møte rusmisbrukaren. Døme på dette var innspel til anbefalt lengd på intervju med rusmisbrukaren og kva tid på dagen som vart best med tanke på syklus i rusinntak (sjå meir om dette under etiske problemstillingar punkt 2.8.1). Den informasjonen som vart innhenta i dei to første intervju, førte til endringar i planlagde intervju med rusmisbrukaren, sjå vedlegg nr. 5. Eit døme på dette var reduksjon i talet på spørsmål og lengd på intervju. Dette vart gjort slik at eg utheva dei spørsmåla eg ville stille til alle informantane. Eg vart òg oppfordra til å sjekke ut meining bak uttrykk. Eit døme på dette var kva det inneber å vere *rusfri*.

Intervjuform som vart nytta er semistrukturert intervjuform. Semistruktur gjev opning for å utforske informasjon som kjem i intervju (Thaagard, 2013). For å avdekkje funksjonar som var ukjende for meg, var høve til å følgje opp informasjon som kom fram i intervjuet viktig. Ei utfordring med bruk av slik intervjuform kan vere å lytte til og fange det som kan synes viktig og skilje det frå mindre viktig informasjonen.

Den kvalitative intervjusituasjon har mange utfordringar som kan hindre at forskar får reliabel og valid informasjon. Det handlar både om kunnskap om forskningsfeltet, temaet det vert forska på, intervjumetodar og sosiale relasjonar. I intervjusituasjonen har informanten kontroll over kunnskapen han eller ho har om seg sjølv og fenomenet det vert forska på. Han eller ho har òg kontroll over kva som er ønskt å fortelje forskaren (Thaagard, 2013). På den andre sida bestemmer forskar over situasjonen gjennom å presentere emner i intervjuet, samt ved å vere styrande i avgjersler om kva spørsmål som vert stilt. Forskar avgjer òg kva tema han eller ho stiller spørsmål om og kva tema som vert følgd opp. Informanten deler gjerne fortruleg informasjon frå livet sitt og opplever dette privat. På den andre sida kan forskaren vere styrt av ønskje om, gjennom forskinga, å dele informasjon med flest mulig (Thaagard, 2013). Eit dilemma som eg var oppteken av, var om informantar ville fortelje meg det dei trudde eg ville høyre. Eg opplevde informantane som aktive og pågåande i intervjusituasjonen. Ei slik åtferd frå informanten si side er eit uttrykk for oppleving av å ha ein sterk situasjon i intervjuet (Thaagard, 2013). Eit føremon som kan ha bidrege til dette, var kontaktetableringa i forkant av intervju. Etablering av kontakt tok gjerne litt tid, der eg gav informasjon om studien og stilte spørsmål for å avklåre om dei stetta kriterier for å vere i utvalet.

I eit høve delte informant informasjon som var viktig for han og eg oppfatta det ikkje slik, då den ikkje var relevant for teamet i denne oppgåva, og eg hadde fokus på å avslutte intervjuet. Dette vart tydeleg då eg lytta til opptaket i ettertid. Slike situasjonar kan innebere motstand frå forskar si side og svekke datamaterialet (Thaagard, 2013). Dersom dette hadde skjedd tidleg i intervjuet og informanten gjennom dette ikkje opplevde seg sett og høyrte omkring tema som er vanskelege for han, ville denne hendinga kunne ha ført til at informant ikkje hadde tillit til meg og ville ha avgrensa kva informasjon han ville dele med meg.

2.4 Behov for ny metodebruk undervegs

I løpet av feltarbeid og analyse av empiri danna det seg eit behov for ei visualisering av staden den opne russcena i Nygårdsparken. Denne metoden liknar metodikken i metoden *mentale kart* (Fangen og Sellerberg, 2011). I mentale kart metoden teiknar informanten noko som har tyding for han, gjerne utan for mange spesifikasjonar. Her var det viktig å få fram kor dei ulike hendingane, kjøp, sal, bruk og opphald skjer reint fysisk i Nygårdsparken. Metoden vart tilpassa dette. Teikning av kart vart gjort saman med to ulike informantar som kvar for seg teikna opp aktivitet saman med meg. Val av informantar med ulike ståstad (ein som arbeider med gruppa rusmisbrukarar og ein rusmisbrukar og seljar) vart vald for at sjå om ulik kontakt med feltet gav same eller ulik informasjon. Mentale kart metoden oppfordrar til sosiologisk lytting (Fangen og Sellerberg, 2011). Sosiologisk lytting handlar om å våge og analysere menneskeleg handling ut frå både forteljingar og praktiske handlingar. Slik lytting kan både forenkla og forvanske, gjennom at det på eine sida kan gje mønstre og på den andre sida meir kompleksitet. Det er slik at mennesket kan ha ideal for handling og ønskje å handle etter dei, mens i praksis kan handling vere annleis (Fangen og Sellerberg, 2011).

Teikning vart gjort saman med informant direkte på same kartkopi over øvre del av Nygårdsparken som er presentert i del 4.1.2. Det vart samstundes gjort opptak på lydopptakar. Lydopptaka var støtte til det teikna kartet og utsjekking dersom noko var uklårt. I arbeid med innsamling av data er det mange moglegheiter for å *drite seg ut*, nesten ubegrensa moglegheiter til det i følge Fangen (2010). På lydbandopptaka omtalar intervjupersonane og eg stadane som *der* og *her*. Dette gav meirarbeid for å avklare kva stad som var meint i utsegna.

2.5 Arbeid med datamaterialet

Intervjua er transkribert i dialekt. Dialektane er beholden i sitat i analyse. Nokre ord som ikkje har tyding for meiningsinnhaldet i utsegna er fjerna. Der dette er gjort vises det med: ...(..)... Eg har skrive inn tyding av ord som ikkje går fram av sitata, desse står i parantes. Elles framstår sitat slik dei er. Risiko med å la sitata stå slik er at informanten kan framstå som *dum*. Det munnlege språk kan opplevast som usamanhengande og dei mange fyllord i munnlege språket kjem tydeleg fram når utsegn blir direkte sitert. Argumentasjonen for å ikkje gjere språket meir normativt på trass av dette, er ønskje om å ha nærheit til informantane

i studiet og vise det levande språket som fleire av informantane har. Alle informantar har fått fiktive navn.

I denne oppgåva viser omgrepet *Rusmiddel* til alle former for illegale rusmiddel, inkludert alle legemidlar som er nytta i hensikt til å oppnå ruseffekt. *Lettare rusmiddel* viser til hasj, cannabis, marihuana og legemidlar som inneheld benzodiazepiner. *Legemidlar* består i hovudsak benzodiazepiner og andre sentralstimulerande stoffer i tablettform.

Intervju vart teken opp på band og transkribert i fulltekst. Det er nytta to transkribentar, forutan meg sjølv. Databehandlaravtaler er gjort med begge desse, sjå vedlegg nr. 6 og 7. Ingen av informantane hadde innvendingar til bruk av lydopptak. Lydpptak gjev moglegheit til ei betre analyse, gjennom at alle utsegn og nyansar i desse er bevart. Det å ta opp på band kan gjere at informantane tilpassar seg og blir påverka av intervjusituasjonen. Ein av intervjupersonane uttrykte at det var forstyrrende å snakke inn på band. Gjennom dei andre intervjuva var ikkje dette tema.

I kodingsarbeidet vart fyrst datamaterialet koda med fargekodar og inndelt i tema knytt opp til spørsmål som var stilt. Seinare vart desse sett opp mot teoriomgrepa som skulle nyttast. Dette er ei induktiv tilnærming til datamaterialet. Dei visualiserte karta teikna saman med to ulike informantar vart teikna saman til eit kart.

Denne studien omtaler tre grupperingar i øvre del av Nygårdsparken. Det er *dei unge norske*, *dei eldre norske* og *dei utanlandske*. Eg har ikkje hatt kontakt med dei utanlandske. I denne studien blir derfor dei utanlandske sett *frå* dei norske grupperingane sin ståstad. Det er dei norske sine synspunkt og utsegn om dei utanlandske som blir presentert i oppgåva.

2.6 Etske problemstillingar knytt opp til forskning i rusfeltet

2.6.1 Kva tid er rusmisbrukaren passe rusa?

Eg viste på førehand at informantar frå rusmiljøet mest sannsynlig ville vere påverka av rusmiddelinntak under intervju. Difor vart det viktig å gjere ei etisk vurdering kvar grensa gjekk for kor påverka rusmisbrukaren kunne vere i intervjusituasjonen. Det er ikkje etisk å

gjennomføre eit intervju med ein person som ikkje hugsar at han har gjeve intervjuet. I intervju med personane som arbeidde tett med gruppa rusmisbrukarar spurde eg kva tidspunkt på dagen som kunne vere beste tidspunkt for intervju i samband med syklus for rusinntak. Eg oppsøkte informantane i høve til tilrådde tidspunkt, formiddag og ettermiddag. Omsyn til kor rusa informanten var måtte òg gjerast undervegs i intervjuet, då informanten nyleg kunne å ha innteke rusmiddel. Eit døme på dette oppstod under eit av intervju. Midtveis i intervjuet byrja informant å endre åtferd. Han seinka augelokk og talte seinare enn i byrjinga på intervjuet. Eg valde å avbryte intervjuet og gjere ei avklåring med informanten. Eg fortalde han mine observasjonar. Informanten fortalde at han hadde injisert heroin rett før oppstart intervjuet og følte seg meir rusa no. Hans vurdering av stoda var at han var i form til og ønska å fortsette intervjuet. Han meinte sjølv han ikkje var for rusa (påverka av rusmiddel). Mi vurdering av dette var at han svarte godt på spørsmåla sjølv om han var meir påverka enn i byrjinga av intervjuet. Intervjuet vart starta opp att og gjort ferdig.

2.6.2 Kontrolleffekten og informasjon om kriminell åtferd.

Ei anna viktig etisk vurdering i denne studien har vore vurderingar i kring kva eg som forskar skulle gjere om eg fekk kjennskap til kriminelle handlingar og åtferd. Omsetjing og bruk av narkotiske stoffer er ulovleg i Norge. Personar som vert studert endrar ofte åtferd fordi det er forskar til stades. Dette vert kalla kontrolleffekt (Ringdal, 2013). Ved kriminell åtferd vil venteleg kontrolleffekten bli sterkare (Ringdal, 2013). Det var derfor viktig å gjera klårt for intervjupersonar at kriminalitet ikkje vart rapportert vidare. At teieplikt gjeld så fram det ikkje er fare for liv og helse. Eg opplevde at nokre av intervjupersonane som var rusmisbrukarar var sensurerande i informasjonen dei gav meg i starten. Dei kunne vere reduserande i si omtale av kor mykje dei nytta Nygårdsparken og kor mykje rusmiddel dei nytta. Eit døme på at kontrolleffekten slår inn oppstod hos ein av hovudinformantane i denne oppgåva. Første gongen eg tok kontakt med han, sa han at han ikkje gjekk i Nygårdsparken. Etter kontaktetablering og oppstart intervju, vart informantane mindre oppteken av å skjule kriminalitet.

Ved eit høve kom det fram informasjon om grov alvorleg kriminalitet utført for ei tid tilbake. Informasjon måtte vurderast i høve til om det låg føre meldeplikt eller ei. Forskar har plikt til å avverje alvorlege framtidige lovbrøt, men ikkje ein tilsvarande plikt til å melde i frå om

allereie utført kriminalitet (NESH, 2006) Det er to viktige punkt der meldeplikt slår inn. Det er når ein (1) har sikkerheit om at alvorlig forbrytingar har blitt begått og at det stor sansynlegheit for gjentakning. Det andre er (2) ynskjer eller oppfordringar til forskaren om å utføre straffbare handlingar (NESH, 2006). Dette er ytterpunkter for når meldeplikt skal nyttast. Det finns gråsoner mellom desse to ytterpunktta kor forskaren har plikt til å melde frå og fram mot informasjon som klårt ikkje utløyser forskar si meldeplikt. Det er særleg viktig å vurdere om det er tredje person som kan bli skadelidande (NESH, 2006). Døme på dette er barn som kan bli utsette for omsorgssvikt (NESH, 2006). Informasjon motteke under dette studiet vart vurdert som ikkje meldepliktig.

2.6.3 Godtgjering for intervju?

Skulle intervju godtgjerast på noko vis? Godtgjering vart aktualisert gjennom spørsmål om dette frå informantar. Brunovskis⁶ (2013) meiner at økonomiske insentiv kan vere problematisk dersom gruppa det vert forska på er i ein vanskeleg situasjon, ikkje minst dersom situasjonen er vanskeleg økonomisk (Brunovskis, 2013). Dersom dette er tilhøve kan tilbod om godtgjering verke som ei urimeleg påverknad til å delta i ei studie. Samstundes vert det eit problem i forskinga dersom forsking skal basere seg på berre respondentar som har interesse av å delta i forsking. Forsking kan då risikere å utelukke, eller la vere å inkludere, grupper som har lav sosial og økonomisk kapital. Desse gruppene kan vere ulike dei som deltek utan godtgjering på mange andre måtar enn det som gjeld godtgjering. (Brunovskis, 2013). I denne studien vart intervju godtgjort med kjøp av gatemagasinet Megafon hjå dei som arbeidde som seljarar av magasinet. To av intervjuia i Nygårdsparken vart gjordgjort med sentrumsgåvekort pålydande kr 150,-. Informantar som arbeider med gruppa, vart ikkje godtgjort.

2.7 Søknadsprosess og kontakt med Norsk samfunnsvitskapleg teneste (NSD)

Studien vart meld til NSD 20.02.2024 og vart godkjent 12.03.2014. Sjå vedlegg nr. 1. Eg tok ytterlegare kontakt med NSD 12. mai 2014 og 12. juni 2014. 12. mai tok eg kontakt i høve til

⁶ Publisert på nettsida til De nasjonale forskningsetiske komiteer: <https://www.etikkom.no/Vart-arbeid/Hva-gjor-vi/Publikasjoner/Forskning-og-penger/Artikler/A-penny-for-your-thoughts---a-betale-deltakere-i-forskning/>

problemstillinga med godgjerung av intervju. Eg hadde kontakt med NSD på 12. juni for avklaring om utvida metodebruk (teikning av kart) var av slik karakter at det måtte meldast inn til NSD. Sjå e-post korrespondanse, vedlegg nr 8 og 9.

2.8 Datakvalitet

2.8.1 Validitet

Validiteten handlar om gyldigheit av dei tolkingar som studien fører til (Thaagard, 2013).

Validitet kan vurderast gjennom fire punkt (Thaagard, 2013). **(1)** Gå kritisk gjennom grunnlaget for forskar sine tolkingar. Teorigrunnlag i kvalitative studiar er basert på fortolking av data sine meiningsinnhald (Thaagard, 2013). Forskar tolkar ut frå sin ståstad.

Gjennomsiktligheit (*transparency*) i analyse kan skapast gjennom at forskar gjer greie for grunnlaget for konklusjonar. Kritisk gjennomgang av analyseprosessen kan òg styrke validitet. I analysa er det vist til korleis eg forstår og fortolkar meiningsinnhaldet i sitat og utsegner. **(2)** Forskar si tilknytning til miljøet det vert forska på har tyding (Thaagard, 2013). Forskar med tilknytning til miljøet kan ha god forforståing for fenomen som skal undersøkjast. Tolking vil vere i relasjon til forskar sine erfaringar og det kan skje at forskar har openheit for nyanser i situasjonar som vert studert (Thaagard, 2013). Det er òg mogleg at forskar har *blindsoner* til feltet sitt. Validitet i dette høvet, vert knytt opp til om lesaren kan vurdere korleis forskar sin ståstad kan ha påverke tolking av resultat (Thaagard, 2013). Høve til vurdering ligg i forskar sin presentasjon av seg sjølv og feltet. **(3)** Tydinga av deltakarane si vurdering. Deltakar si vurdering og tydinga av dette er omstridt (Thaagard, 2013). Der siktemål er å presentere synspunkta til informantane og deira forståing av feltet, har dette tyding. Dersom mål er å plassere deltakarane sin forståing i ein fagleg samanheng, vil ikkje deltakarane sine vurderingar kunne støtte det, då dei vanlegvis ikkje har det fagleg perspektivet som forskar har (Thaagard, 2013). Deltakar sin reaksjon kan vere tufta på om deltakaren kjenner seg igjen eller ei. Dei kan vere ueinige i tolkingar som ikkje bekreftar deira sjølvbilde (Fangen 2010). I denne studien var dei fleste informantane anonyme for meg, og dermed var ei vurdering frå dei ikkje mogleg å få. **(4)** Vurdering av tolking opp mot andre studiar som omhandlar same tema. Ulike studier i same felt kan gje ulike resultat. Dette kan ha ulike årsakar som ulik utføring, ulike tidspunkt eller at forskar har ulike perspektiv (Thaagard, 2013). Det er etter det eg veit ikkje gjort studiar knytt opp til det opne rusmiljøet i

Nygårdsparken tidlegare. Det er gjort studiar knytt opp til andre rusmiljø i Norge. Informasjonen frå ulike informantar i studien: dei som arbeider med rusmisbrukaren og rusmisbrukaren sjølv var i stor grad samanfallande. Dette kan tyde på at informasjon eg fekk, i stor grad, var sann. Dette styrkar validiteten i oppgåva.

Ut frå presentasjon av metode og gjennomføring av denne, meiner eg at datakvaliteten og gjennomføringa er tilstrekkeleg til å gje svar på problemstillingane.

2.8.2 Reliabilitet

Reliabilitet omhandlar spørsmålet om studiar er gjort på ein tillitsvekkande måte, og å gjere greie for korleis data vert utvikla. Om ein annan forskar kan gjere same studien og komme til same svar er studien repliserbar (Thaagard, 2013). Repliserbar vektlegg nøytralitet og er knytt til positivistisk forskning. I denne studien er det eit situasjonsbestemt moment som gjer studien vanskeleg repliserbar, då denne opne russcena vil vere avstengd. I kvalitative studier basert på eit konstruktivistisk ståstad, vert prosess mellom forskar og personar i felten vektlagt. Slik fell mogleik for å replisere bort og forskar må gjere greie for reliabilitet gjennom korleis data er blitt utvikla i løpet av forskingsprosessen. Dette gjev spørsmål som om data er gode nok og om gjev dei verdi til resultatata (Thaagard, 2013). Ein måte å gjere dette er å gjere forskingsprosessen gjennomsiktig; forskningsprosess kan bli avlesen steg for steg i metode og analyseskildring, samt at teoretisk ståstad er presentert. Dette kan gjerast gjennom å skilje mellom kva som er forskar sine utsegn og forståingar og kva som er informatar sine utsegn og meiningar. Eg har vektlagt dette. Mi vurdering i høve til oppgåva si reliabilitet, er at den ikkje er repliserbar, men i stor grad gjennomsiktig..

Det er eit spørsmål om funn er overførbar til andre arenaer, i dette tilfelle, til andre opne russcener eller andre grupper menneske. Flyvbjerg (2006) meiner ein kan generalisere frå eit einskild case, og at casestudiar kan være sentrale til vitskapleg forskning via generalisering som et supplement til andre metodar. Dette avheng av korleis problemstillinga er utforma.

Kapittel 3 – Teoretisk perspektiv

Studiet mitt basert på ei sosiologisk forståing og vil nytte Bourdieu sine termar som hovudbasis for analyse. I denne teoridelen vil eg vise fram og diskutere sentrale omgrep og perspektiv hjå Bourdieu. Ved å trekkje Parkin (2013), Nafstad (2013) og Sandberg og Pedersen (2007) sine feltspesifikke forståingar av dei same omgrep og perspektiv inn i drøftinga, vil eg gjere drøftinga av Bourdieu sine omgrep meir feltspesifikk. Slik vil allereie teorikapitlet kunne vise korleis Bourdieu kan fungere godt som analyseperspektiv i ei studie av Nygårdsparken sin funksjon.

Mary Douglas og Giorgio Agamben sine perspektiv vil òg bli presenterte i teorikapitlet. Desse perspektiva kan vise fram sider ved feltet som Bourdieu sine perspektiv kanskje kan bidra til å usynleggjere. Desse teoretikarane vil òg bli nytta i analysen.

3.1 Bourdieu

Pierre Bourdieu (1931-2002)⁷ vart mest kjend for sitt verk «Distinksjonen» (Wilken, 2008). «Distinksjonen» er ei studie av folk sin smak og korleis denne heng saman med klasse, eller individets *sosiale posisjon* i rommet, som er Bourdieu si formulering av klasse (Bourdieu 1995). I sin bruk av omgrepet distinksjon referer Bourdieu (1995) både til å vere distingvert, danne (det vil sei å lage) og sjå ulikskapar.

Bourdieu (1995) er oppteken av det relasjonelle, at mennesket bevisst eller meir ubevisst plasserer seg sjølv i posisjon til andre menneske. Bourdieu meiner at dette kan vi forstå betre gjennom å gripe tak i tilhøvet mellom agent og struktur (Sandberg og Pedersen, 2007). Bourdieu bruker strukturomgrepet om den einskilde sin posisjon og disposisjonsomgrepet om agenten (Wilken, 2008). Han er oppteken av at struktur og agent ikkje er motpolar til kvarandre (Moe, 1995). Dei to polane knyt Bourdieu saman gjennom habitusomgrepet (Sandberg og Pedersen, 2007). Desse to omgrepa må sjåast i deira praksis (Wilken, 2008), dei må sjåast i samanheng, og studiar treng innehalde tilhøva mellom desse (Moe, 1995).

⁷ Bourdieu var ein fransk sosiolog, født under fattige kår i ein liten landsby i Frankrike. Gjennom stipendordningar og sin dyktighet fullførte han skulegong og utdanning ved anerkjende universitet i Frankrike. Han studerte fyrst filosofi men vart seinare, gjennom studiar av lokalbefolkninga i Algerie, sosiolog.

Felt, kapital og habitus og *sosial praksis* er sentrale omgrep i Bourdieu sin teori. Bourdieu (1984) syner samanhengen mellom dei ulike omgrepa i ei formel i originalutgåva av «Distinksjonen» der han set det opp slik:

$$\text{(habitus) (capital) + field = practice}$$

(Bourdieu, 1984, s.101)

Denne formelen viser at å sjå eit av omgrepa til Bourdieu heilt avgrensa, tidvis kan vere vanskeleg, då omgrepa heile tida skal sjåast og forståast i samheng. Dette er synleg i teoridel og analysedel der eg tidvis overlapper det eine omgrepet med eit anna. Både teori- og analyse del er inndelt omgrepsvis for oversikta si skuld.

3.1.1 Feltomgrepet hjå Bourdieu

Dersom russcena kan bli forstått som eit felt vil dette bety at russcena i Nygårdsparken er ein stad som har sine egne reglar og der det føregår kampar og spel som er spesifikke for dette området og dei som oppheld seg her. Feltomgrepet er eit viktig omgrep i denne studien, då eit eige felt har funksjonar som påverkar dei som oppheld seg i feltet. Bourdieu og Walcquant (1995) viser til denne definisjonen av felt:

«Eit sett av objektive historiske relasjonar mellom posisjonar som er forankra i visse former for makt (eller kapital)(...). Eit felt er,(...),eit strukturert system av objektive krefter(...) kvart felt viser seg som ein struktur av sannsynlige hendingar, av tilbakebetalingar, av vinningar, av profittar eller av sanksjonar» (Bourdieu og Walcquant, 1995 s. 34-35).

Bourdieu nyttar dei to omgrepa felt og sosiale rom i staden for omgrepet samfunn (Moe, 1995). Han meiner at eit differensiert samfunn ikkje formar ein samlande heilskap. Han meiner omgrepet samfunn er for samansett av ulike delar som er relativt sjølvstendige, og let seg ikkje innordne i ein einskild sosial logikk (Bourdieu og Walcquant, 1995). Bourdieu meiner rasjonell tankegong fordrar bruk av omgrep som er klargjerande og han meiner at samfunnsomgrepet ikkje er klargjerande nok (Bourdieu, 1995). Eit felt er ein struktur av mogleikar. Feltet har egne verdiar, belønningar og sanksjonar (Sandberg og Pedersen, 2007). At feltet viser seg gjennom hendingar, vinningar og liknande, betyr at feltet ikkje må sjåast på som statisk, men dynamisk og føyeleg (Bourdieu og Walcquant, 1995).

Kvart felt utgjør eit sosialt rom (Moe, 1995). Eit felt kan vere arbeid, idrett, kunst og utdanning. I kvart av desse felta finns det eigne kodar i form av spelereglar og verdier. I desse romma føregår dominans og styring, reproduksjon av etablerte former og etablering av nye former (Moe, 1995). Desse kreftene verkar med og mot kvarandre og er ikkje statiske (Moe, 1995).

Broady (1991) gjev denne minidefinisjonen av eit felt: «system av relasjonen mellom positioner besatta av spesialiserte agenter och institusjoner som strider om någet för dem gemensamt (felleskap⁸)». Denne definisjonen beskriv den kampen og dei kreftene som opererer i eit felt og som må vere til stades om eit område, og aktivitetar på området kan reknast som eit felt. Bourdieu bruker analogien spel om desse kreftene (Wilken, 2008). Kvart felt har sin eigen lov (*nomos*) som er grunnleggjande på feltet og som ikkje er viktig andre stadar (Bourdieu, 1999a). Karakteristika ved felt er at dei er relativt autonome. Når felt er autonome kan dei ha preg av: (1) Dei symbolske gevinstene deles ut etter posisjon i feltet. (2) Det at feltet er autonomt innebærer at det har sin egen logikk (Broady, 1991). Det hender at det må gjerast forundersøkingar for å finne ut om et felt er relativt autonomt eller ikkje.

Parkin (2013) viser at informantane flyttar seg rundt og har ulike sosiale rom dei bevegar seg i. Felt er som nemt ovanfor inndelt i sosiale rom. Rusmisbrukarene i hans studie har ulike stadar for injisering. Desse vert inndelt i ulike kategoriar: A (kontrollerte stader), B (semikontrollerte stadar) og C (ukontrollerte stadar). Kontroll viser til rusmisbrukaren sin mogleik til å kontrollere staden. Stadar som rusmisbrukaren kan ha større kontroll over, viser seg at kan gje mindre skade (A stadar) (Parkin, 2013, s 209). Ein kategori C stad som til dømes kan vere i ei open gate eller ein trappeoppgang, gjev rusmisbrukaren lite eigenkontroll over staden, og fare for skade kan vere større. Parkin set tyging og val av injiseringstad og injisering saman. Parkin søkjer gjennom Bourdieu sine omgrep å forstå kvifor den injiserande rusmisbrukaren vel (bevisst eller ubevisst) å utsetje seg for mogleg skade, gjennom val av injiseringstad. Val vert knytt opp til omgrepet *illusio* til Bourdieu (Parkin, 2013). Dette vert nærare presentert seinare i del 3.1.2.

⁸ Mi oversetjing av *gemensamt*

Naftad (2013) ser på korleis nokre rusmisbrukarar i Oslo nytta dei offentlege rom og korleis dei opplever dette. Ho avdekkjer gjennom bruk av Bourdieu sitt feltomgrep korleis rusbrukaren plasserer seg i det sosiale rom. Ho avdekkjer mekanismer i desse romma, som syner at rusmisbrukaren gjennom aksept av opplevde avgrensingar og inntak av andres syn, vert utsett for symbolsk vald. Hennes mål var å vise kva posisjon rusmisbrukaren har i det offentlege rom og korleis denne vert danna. Bourdieu (1999b) skriver at når ein skal forstå og tenkje om stadar, må ein analysere tilhøvet mellom strukturane i det sosiale og det materielle rommet. Det offentlege rom er ikkje berre eit materielt fenomen, det er eit format av det sosiale, og det formar det sosiale (Nafstad, 2013). Posisjonen til en person i det sosiale rom vert uttrykt gjennom kva materielle rom denne personen tek i bruk og korleis denne personen brukar rommet (Bourdieu 1999b i Nafstad, 2013). Bourdieu (1999a) meiner at alle materielle rom er hierarkisk organisert og at det materielle rommet er eit uttrykk for det sosiale rommet. I følgje Nafstad (2013, s. 2) heng dette saman på følgjande måte: «Den sosiale posisjonen og de sosiale strukturene forsterkes ved gjentatt speiling i bruk av materielt rom» Kva rom ein person nyttar seg av og på kva måtar, vert ofte opplevd som sjølvsgatt for denne personen (Bourdieu 1999b, i Nafstad, 2013). Bourdieu (1999b, i Nafstad, 2013) grunnlegg dette med at desse maktrelasjonane skriv seg inn i det medvite til den einskilde og vert opplevd som naturleg. Det sosiale rommet blir med det ein stad der makt kan utøvast og verte stadfesta (Bourdieu, 1999b, i Nafstad, 2013). Nafstad (2013) gjev oss, med utgangspunkt i Bourdieu sine omgrep og korleis han set desse saman, og ei forklaring på korleis samhandling heng saman, ei utvida forståing av rusmisbrukaren si oppleving av mogleik og opplevd mangel på mogleik til bruk av offentlege rom.

Det er mogleg å bruke feltomgrepet òg som eit analytisk verktøy (Wilken, 2008). Sandberg og Pedersen har i «Gatekapital» forska på hasjmiljøet rundt Akerselva. Dette området har ikkje alle kriteria for å vere eit felt i snever tolking av Bourdieu sine feltdefinisjonar (Sandberg og Pedersen, 2007) Sandberg og Pedersen vel likevel å nytte felt som analytisk verktøy i si studie. Gjennom å nytte dette omgrepet, gjev dette ei avgrensa sone med agenter for forskning, der Bourdieu sine kriterer for felt kan nyttast.

3.1.2 Spel og reglar i spelet

Alle felt har egne spel og reglar. Det er relevant for meg å avdekkje om det finns eigen regler og spel i Nygårdsparken, då dette kan vere med å avdekkje om Nygårdsparken er eit eige felt. Bourdieu brukar analogien spel om aktiviteter som føregår på eit felt. Spelet som føregår i feltet vert påverka av kreftene som igjen legg føringar for korleis spelet vert spelt (Wilken, 2008). Ein kan ikkje delta i eit felt dersom man ikkje aksepterer dei spela som er i gong, og at deltakar har kapital som vert akseptert som gyldig (Wilken, 2008). Ein sjukepleiar kan til døme ikkje praktisere som lege. Ho eller han har ikkje naudsynt kulturell kapital til å kunne gjera det.

Alle felt er definert av nokre helt grunnleggjande reglar. Desse må spelarane i feltet akseptere. Desse reglane omtaler Bourdieu som *doxa*. (Wilken, 2008). Dei er ofte ikkje uttalte, udiskutable og feltspesifikke. Det at reglane er feltspesifikke betyr at reglane er udiskutable innanfor eit felt (Wilken, 2008). Det kan bety at noko som er mogleg ein stad, ikkje er det andre stadar. Spela er det sosiale, så ein kan ikkje velje det bort. Ein kan velje å ikkje delta i nokre spel og delta i andre. I og med at felt er karakterisert både med kamp og tregleik, vil deltakarane forsøkje å lukka ute nykommarar på feltet og hindre innblanding frå desse (Wilken, 2008).

Illusio referer til det som står på spel i spelet (Wilken, 2008). «Illusio er ein tilstand av å vere plassert, fanga i spelet og av spelet» i følge Bourdieu og Walcquant (1995, s. 101). Deltakarar blir dregne inn i spelet anten dei ønskjer det eller ei. Illusio er ikkje det same som interesse. Med det meiner Bourdieu at interesse kan forståast som noko intensjonelt og illusio er ikkje intensjonelt (Wilken, 2008). Bourdieu (1996, s. 134) skildrar spelet og det som det vert spelt om som så viktig for den som er gripen av det, at han kan vere villing til å døy⁹ for å oppnå vinninga. Vinninga kan vere noko som kan vere heilt utan interesse for den som ikkje er gripen av dette bestemte spelet. Sandberg og Pedersen (2007, s. 150) finn at å ha kontroll over avhengigheita til rusmiddel er særskild viktig. Dersom hasjseljarane mister kontroll over avhengigheita kan dette øydelegge spelet deira. Det er òg avgjerande å ha kontroll i høve til status i gatekulturen. Derfor må dei unge ved Akerselva lære seg kor grensene går (Sandberg

⁹ Det er uklårt for meg om døy er bokstavleg meint i dette utsegnet. Det har ikkje lukkast å finne andre referansar som kan gje betre svar på korvidt omgrepet er bokstavleg meint eller ikkje.

og Pedersen, 2007). Dette for å kunne takle reglane for spelet og samstundes ha merksemd til *illusio* som gjeld i feltet.

Parkin (2013) har vist at rusbrukarar kan skade seg sjølv og sitt liv i jakta på den gode rusen. Dei veit óg at dei gjer det når dei gjer det. Ut frå dette etablerer Parkin omgrepet *harm illusio* (skadeillusio¹⁰) som er ei feltspesifikk vidareutvikling av *illusio*. Parkin peikar på ei todelt bevisstheit hjå rusmisbrukaren i spelet på feltet. Sjølv om dei var kjend med kva som gav skadereduksjon og kva som kunne gje skade, utførte agentane handlingar som var til mogleg skade. Dei handla på ein slik måte at det kunne sjå ut som at *fare* for skade blei normalisert og *habituert* (Parkin, 2013). Til dømes kunne rusmisbrukarane gje motvilje til å bli tatt av politiet forrang før skadereduksjonsprinsippa som dei var kjent med, gjennom ei særst hurtig injisering av rusmiddel før pågripelse (Parkin, 2013).

3.1.3 Bourdieu sine kapitalomgrep

Kapital er ein sentral del av det som vert omset i eit felt og som agentane opparbeidar seg. Felt og kapital er gjensidig avhengige av kvarandre. Feltet er konstruert slik at agentane fordeler seg utover i dette ut frå kva posisjon dei har, og posisjonen heng saman med kapital (Bourdieu, 1995, s. 35). Bourdieu deler kapital inn i ulike sortar kapital: kulturell kapital, sosial kapital og økonomisk kapital (Bourdieu, 2011). Eg vil presentere og drøfte desse kapitalformene i den denne delen.

3.1.4 Kulturell kapital

Det finnes tre former for kulturell kapital: kroppsleggjort, objektivert og institusjonalisert. Kulturell kapital kan vera *kroppsleggjort*, og den handlar om evna til å vurdere og differensiere. Til dømes evna til å forstå kunst og musikk og kunne differensiere mellom godt og dårleg innafor desse områda. Ein kan tenkje seg at i Nygårdsparken sin opne russcene, er dette evna til å skilje mellom gode og dårlege rusmiddel. Den andre forma for kulturell kapital er *objektivert kapital*. Denne kapitalforma er egedelar, bøker og kunst som den einskilde eig (Bourdieu, 2011). Objektivert kapital i Nygårdsparken kan tenkjast å vere våpen og mobiltelefonar. Ein tredje form for kulturell kapital er den *institusjonaliserte* (Bourdieu,

¹⁰ Dette er mi oversetjing av *harm illusio*

2011). Den kjem fram i kraft av til dømes utdanning. Kan rusmisbrukaren si erfaring med fengselsopphald med lengre varigheit sjåast på som ein slik form for institusjonalisert kapital? Ein del av rusmisbrukarane i øvre del av Nygårdsparken har vore i rusbehandling, kan dette tenkjast om som institusjonalisert kulturell kapital i dette feltet?

Sandberg og Pedersen (2007) viser korleis hasjseljarane ved Akerselva gjennom sitt opphald der opparbeider seg *gatekapital*. Gatekapital vert definert slik «Kunnskap, kompetanse, ferdigheter, eigenskapar og objekter som tilkjennes verdi i gatekulturen» (Sandberg og Pedersen, 2007, s. 83). Dette er den feltspesifikke kulturelle kapitalen på gata. Gatekapital er òg ein metafor for maktforma som finns på feltet. Det er denne kapitalforma som har stor innverknad på og muliggjer ulike strategiar og val hos den enkelte (Sandberg og Pedersen, 2007). Disse gutane har fråvær av anna kulturell kapital. Fråveret kan sporast attende til ein oppvekst under vanskelege økonomiske kår (Sandberg og Pedersen, 2007).

I høve til rusmiljø og opne russcener har det vore omtala at rusmisbrukaren opparbeider seg negativ kapital i desse miljøa. Kapital er rekna som negativ fordi han er så feltspesifikk og ikkje overførbar til andre felt (Sandberg og Pedersen, 2007). I Bourgois (2003, i Sandberg og Pedersen, 2007 s. 82) si studie av *dealere* i El Barrio omtaler Bourgois den feltspesifikke kapitalen til å vera sær spesifikk og lite eller ikkje overførbar til andre sosiale felt. Den kan verke i motsett hensikt, svekke sosial posisjon, i høve til at når den kroppsleggjer seg i habitus og kjem til syne i andre sosiale felt, verkar den stigmatiserande og ekskluderande. Det er i dette han skil seg frå den kulturelle kapitalen i Bourdieu si studie om smak i distinksjonen, at den er så lite omsettbar til andre felt. Parkin (2013) omtaler ein form for *subcultural capital*. Denne liknar det som Sandberg og Pedersen (2007) kallar gatekapital. Nafstad (2013) viser at rusmisbrukarar har negativ kapital samanlikna med andre samfunnsborgarar og at det er krevjande å reetablere seg som vanleg samfunnsborgar (Nafstad, 2013). Rusmisbrukarane i hennar studie har både feltspesifikk kapital som ikkje er godt eigna til å bli omset til andre felt, samstundes viser Nafstad (2013) til at dei ikkje har opparbeida seg kapital over tid. Parkin (2013) finn kulturell kapitaloppbygning knytt til kunnskap om rusmiddel og injeksjonsstadar. Rusmisbrukarane hadde kunnskap som dei nytta til å skilje mellom dei ulike stadane.

3.1.5 Sosial kapital

Den andre forma for kapital er den *sosiale kapital*, som er dei sosiale nettverk ein person er ein del av (Bourdieu, 2011). Mengda av kapitalen vert i følgje Bourdieu (2011) bestemt av den grad personen har av involvering i nettverka og desse nettverka si samla kapital. Den samla kapitalen i eit nettverk er representert av kva mengde den einskilde deltakarar i nettverket har i kapital (Bourdieu, 2011). Rusmisbrukarane i Parkin si studie hadde sosial kapital i form av sosiale relasjonar i dyader. Å vere i dyade gav større beskyttelse av rusmiddel og praktisk hjelp til injisering (Parkin, 2013).

3.1.6 Økonomisk kapital

Den tredje forma for kapital er *økonomisk kapital*, som er pengar eller det som direkte kan vekslast inn i pengar, som oftast rusmiddel (Bourdieu, 2011). I rusmiljøet er ein viktig form for økonomisk kapital å inneha rusmiddel av god kvalitet (Nafstad, 2013). Brukarutstyr er ein viktig form for økonomisk kapital i injiseringsmiljø i tillegg til pengar (Parkin, 2013).

3.1.7 Symbolsk kapital

Bourdieu (1996) meiner makt kan vekse fram frå andre kjelder enn økonomi. Her kjem inn ei fjerde form for kapital, *symbolsk kapital*. Bourdieu (1996) beskriv at symbolsk makt er ei nesten magisk makt som ein kan oppnå like mykje med som fysisk og økonomisk makt. Ho verkar berre dersom ho vert anerkjend og ho finns ikkje i sjølve symbolet, men i og gjennom tilhøvet mellom dei personane som utøvar makt (Bourdieu, 1996, s. 45). I Nygårdsparken kan dette vere symbolsk kapital av ulike former. Desse formene for kapital er ofte sers verdifulle sjølv om dei ikkje er fysiske objekt. Ein person som er *kjend for* å nytte fysisk maktbruk kan til dømes ha symbolsk kapital dersom dei andre anerkjenner dette. Dersom han ikkje er kjend for dette i miljøet vil ikkje dette gje symbolsk kapital. Funn av symbolsk kapital i injiseringsmiljø var knytt til prestisjen innanfor rusmisbrukaren sitt nettverk (Parkin, 2013). God injiseringsteknikk som kunne uførast raskt gav òg symbolsk kapital (Parkin, 2013).

3.1.8 Generelt om kapitalformar

Dei ulike kapitalformene kan omsetjast til kvarandre. Rusmiddel kan omsetjast til å bli pengar, vald kan gje pengar. Økonomisk kapital kan omsetjast til å føle seg vel, gjennom å føle seg betre og unngå abstinenser (Parkin, 2013). Kapitalformane og summen av kapital hos det einskilde mennesket, bestemmer kva posisjon denne personen har i det sosiale rom

(Bourdieu, 1995). Når ein person ikkje har rett kapital for å meistre ein situasjon, vil han føle kroppsleg ubehag. Det kan vere at personen føler seg forlegen, at han raudnar, føler seg klosset eller får skjelvingar (Bourdieu, 1999). Dette kjem til syne i det Bourdieu kallar kroppslige følelsar som skam, blygsel angst og skyldfølelse. Dette er i følgje Bourdieu (1999a, s. 176) måtar å la seg underkaste makt på. I Nygårdsparken si opne russcene er det mogleg at det å ikkje ha rett kapital til rett tid kan vere farleg.

3.1.8 Symbolsk vald

Symbolsk vald oppstår når ein person eller ei gruppe let seg underkaste, bevisst eller ubevisst, av andre sin dominans. Bourdieu sin teori om symbolsk vald handlar om ein ikkje fysisk valdeleg tvang. Bruk av implisitt sosial og kulturell kontroll er sentrale måtar å utøve denne valden på. Kontrollen er ein føresetnad for kampen som eksisterer mellom dominans (den mektigaste) medverking og ikkje anerkjening (av dei mindre mektige) (Bourdieu, 1996).

Forskyving av offentlege injiseringsarena kan sjåast som ein symbolsk illustrasjon på kampen mot narkotika og rusmisbrukarar (Parkin, 2013). Ein kan òg sjå det som symbolsk vald når rusbrukarar vert ekskludert frå mange av samfunnet sine arenaer og sjølv aksepterer dette heilt eller delvis (Nafstad, 2013) Rusbrukarane sjølv, forklarar ekskluderinga med eigen utilstrekkelegdom. Deira reaksjon på dette er å forsøkje hardare, å vere endå betre, arbeide endå meir for å bli inkludert. Dette gjer nokre av dei med å vere enda høfligare for å få aksept gjennom dette (Nafstad, 2013). Slik kan rusbrukarar sjølv bekrefte at maktforholda mellom han og folk elles i samfunnet er ulike gjennom å akseptere seg sjølv som mindre verdt (Nafstad, 2013). Gjennom denne aksepten oppstår den symbolske valden. Denne valden vil òg gjere det vanskeleg for rusbrukaren å komme inn att i eit samfunn som han har vorten ekskludert frå. Symbolsk vald er ein faktor som vanskeleggjer ei reetablering i samfunnet (Nafstad, 2013).

3.1.9 Bourdieu sitt habitusomgrep

Bourdieu trekker ein samheng mellom agent og struktur gjennom habitusomgrepet. Habitus *byggjer bru* mellom struktur og agent. Denne studien studerer kva funksjonar Nygårdsparken

har for rusmisbrukaren. Funksjonar heng saman med habitus. Habitus vert i Bourdieu og Walcquant (1995) definert som:

«Ein strukturerande mekanisme som verka i det indre av agentane(...) som avlar strategiar som gjer agentane i stand til å møte svært ulike situasjonar (...) Habitus opererer rasjonelt, men det er ein praktisk rasjonalitet, innebygd i eit historisk system av sosiale tilhøve og følgjeleg overordna individet» (Bourdieu og Walcquant, 1995, 35-36).

Habitus er noko som vert integrert i kroppen, noko kroppsleggjort. Det er ein sosial arv som mennesket ber med seg i oppfatningar og veremåte (Nafstad, 2013, Bourdieu, 1995 s. 35). Den første forming av habitus skjer i familien (Bourdieu, 1999a). I «Gatekapital» blir det vist korleis den første habitus hos hasjeljarane er forma av dei økonomiske og sosiale tilhøva under oppveksten. Levekår gjennom oppvekst var og med å forme deira habitus (Sandberg og Pedersen, 2007). Fokus på den del av habitus som er knytt til utforminga av den kulturelle kapitalformen, *gatekapitalen*, gjev berre meining om den vert sett på som kapital nytta i fråvere av anna meir tradisjonell økonomisk og kulturell kapital (Sanberg og Pedersen, 2007, s. 212) Habitus har ei treigheit, samstundes som habitus er disposisjonar og tilbøyelegheiter. Samstundes som habitus er noko som er inkorporert og gjer seg utslag automatisk, så meiner Bourdieu (1999a) at habitus er fleksibel nok til at mennesket kan orientere seg i nye samanhengar. Det går an å velje andre vegar og løysingar (Sandberg og Pedersen, 2007). Dette tek tid hos denne gruppa unge menneske, då dei er nært knytt til feltet gjennom den kulturelle kapitalen dei har erverva seg og den habitus dei no har (Sandberg og Pedersen, 2007).

Det er det levde livet som vert *historisert* og inkorporert i mennesket, i tenkjemåtar, i måtar å vere på, i kroppsholdningar og i rørsler (Nafstad, 2013). Habitus er struktur og strukturerer oss (Bourdieu, 1995 s. 35). Habitus er mennesket sine tidlegare erfaringar. Den påverkar korleis mennesket oppfattar, tolkar og handlar i situasjonar og korleis dette blir igjen ein del av erfaringsgrunnlaget for tolking av framtidige situasjonar (Bourdieu, 1999a). Sidan det er slik vil dei fleste av våre handlingar og val skje utan nøye vurdering i forkant (Bourdieu, 1999a). Menneska fell lett tilbake til habitus når omverda er kaotisk (Moe, 1995). Habitus er et generativt prinsipp for praksis, same praksis. Habitus er struktur og er strukturerande. Habitus liknar på det som vert kalla *ryggmargsrefleksar* (Wilken, 2008).

Bourdieu (1999a) brukar habitus for å analysere relasjonar mellom individet sin posisjon i det sosiale rommet og deira egne val, altså korleis dei posisjonerer seg sjølv i det sosiale rommet, og korleis dette bidrar til å oppretthalde makthierarkier. Nafstad (2013) beskriver korleis ein person sin posisjon i det sosiale rom heng saman med habitus. Posisjonen til personen, som er definert av samla mengde kapital, er òg med å forme habitus. Habitus skapar ein praktisk sans og er ein disposisjon for kva vi oppfattar som å vere fornuftige praksisar, og som gjev meining til desse (Bourdieu, 1999a). Nafstad (2013) visar at habitus skapar ein praktisk sans, som tilpassar seg forventningar og strategiar til opplevde høve.

3.2 Andre teoretiske perspektiv

I denne delen vert dei andre teoretiske perspektiva som vert nytta i denne studien presentert. Desse teoretiske perspektivet kan tenkjast å gje eit anna perspektiv på kva funksjonar opphald i Nygårdsparken har for rusmisbrukaren. Difor er dei nytta.

3.2.1 Mary Douglas om reint og ureint

Mary Douglas (1997) sin teori om reint og ureint er ei litt anna forståing, eller kanskje rettare å sei, ei meir omfattande forståing for det vi vanlegvis har om kva som er skittent og reint. Vi tenkjer skitne golv og spegel på badet og tek ein husvask. Bustaden blir tenkt på som skitten før vasken og rein etterpå. Mary Douglas (1997) meiner at skitt er noko som ikkje er på sin rette plass. At noko ikkje er på sin rette plass betyr både at det er eit sett av forhold som er ordna og at det er eit brot på denne ordninga. Når Douglas (1997) set ting i system på denne måten, får det den konsekvens av skit aldri er eit enkeltstående fenomen. Skit eksisterer ikkje åleine og isolert. Der det er skit er det òg eit system. En måte å sei det på er at skit er eit biprodukt av at vi ordnar og klassifiserer ting i system og systematiserer dei. Slik at når noko ikkje er på sin rette plass så vil gjerne samfunnet nærme seg dette fenomenet gjennom orden. Det som skjer med ein person når han ikkje er på rett plass, er det same som med skit, han blir *matter out of place* (Douglas, 1966).

I mi studie med fokus på kva funksjonar Nygårdsparken har for rusmisbrukaren, vil Douglas sine termer bli nytta for å sjå korleis og kvar rusmisbrukaren opplever å vere *matter in place* eller *matter out of place*.

3.2.2 Agamben og *homo sacer*

Agamben (1998) viser i sitt verk «Homo sacer» til unntakstilstanden (*state of exception*) som kan oppstå i høve til einskilde grupper menneske. Unntakstilstanden har stor innverknad på individet sine rettar og moglegheiter til å bli beskytta av samfunnet sine lover og reglar. Agamben gjev slik eit perspektiv på ein radikal utanforskap. Ikkje som hjå Bourdieu der den som er utanfor i eit felt vil vera innafor i eit anna – i det feltet han høyrer til. I den radikale utaforskaperen er mennesket utanfor samfunnet og den sosiale orden. Agamben vil bli nytta for å gje eit utvida perspektiv på det å vera utafor enn det Bourdieu kan gje.

Homo sacer betyr at mennesket er utdefinert til *nakent liv (bare life)* (Agamben, 2010). Det *nakne liv* kan forståast med utspring i to distinksjonar for liv. *Zoë* som er det å leve, eit felles uttrykk for dyr og menneske og gudar. Utan vern frå samfunnet vert dette livet nakent. Det andre utspringet er *bios* som viser til den bestemte form grupper eller individ lever på i eit samfunn som ein deltakar med rettar og plikter (Agamben, 2010). Når eit menneske er redusert til *homo sacer* mister det sine rettar og vert sårbart. Agamben (1998) viser dette med at romarane i det gamle Romerske keisarrike kunne drepe figuren *Homo Sacer* utan straff. Samstundes kunne ikkje dette mennesket som var *homo sacer* bli ofra, det var ikkje verdt ei ofring. Desse menneska stod radikalt utanfor lover som gjaldt for resten av det romerske samfunnet. Dei vart òg samstundes inkludert i det at dei var ekskludert frå rettar. Når menneske vert ekskludert frå sine rettar i samfunnet, vert dei samstundes inkludert i form av å vere ekskluderte (Agamben 1998). Dette kallar Agamben (1998) for *inkluderande eksklusjon*. Desse menneska blir ståande i ein radikal utanforskap frå ordinære samfunnsstrukturar. Agamben gjev døme frå moderne tid på slike grupper menneske, gjennom å vise utanforskapen til statuslause flykningar, fangar som er internerte i fangeleiar og fangane som er fengsla i Guantánamo Bay. Den siste gruppa er fengsla utan dom.

Draus, Roddy og Greenwald (2010) viser at heroinavhenginge i Detroit er blitt eit gruppe ekskludert frå rettar og samstundes inkludert i det at dei er ekskluderte. Dei er i unntakstilstanden gjennom at deira arbeid med rusrelaterte aktiviteter blei erklært som ein fiende til staten USA. Dei er òg i unntakstilstanden i høve, bustadområde og eksklusjon frå større område av Detroit, og marginalisert i høve til helse og utdanning.

Agamben (1998) meiner at når det oppstår unntakstilstander blir mennesket annleis handlande og der det er andre lover som gjeld. Når maktbruk blir regelen som overstyrer det gjeldande lovverk, oppstår unntakstilstanden. I unntakstilstanden er det *den suverene makt (suverenen)* som er den makta som har kontroll over situasjonen og som styrer. I ein slik situasjon kan lovverk bli sett til side og det er suverenen, som har kontrollen og bestemmer kva som vert gjeldande i situasjonen. Distinksjonen mellom lov og rett kan då opphøyra (Agamben, 2008). Agamben (2008) meiner at når unntakstilstanden oppstår, beveger òg politiet seg så og seie alltid mot ein liknande *unntakstilstand*. Omsynet til *offentleg ro og orden og sikkerhet*¹¹ er noko som vil bli avgjort på staden i det einkilde tilfellet (Agamben 2008, s. 100). Det er i følge Agamben (2010) den suverene makt på eit felt som utseier sanninga. Den suverene makt bestemmer kva lov og orden som skal vere gjeldande.

Kan ei gruppe menneske som har vore i unntakstilstanden komme tilbake til samfunnet på lik line med folk elles i samfunnet? Agamben (1999) drøftar dette i «The remnants of Auschwitz». Fangane i Auschwitz vart omtala som *muselmenn*. Ein *muselmann* er eit menneske som er stert avmagra og i ein tilstand der han berre har fokus på å overleve. Dei er blitt levande døde som berre eksisterer. Agamben syner til ei forteljing der Malte fortel om ei oppleving der han går forbi ein fattig mann på gata (Agamben 1999, s. 61). Han blir kjend att som *muselmann* av den andre, sjølv om han no har fine klede og er velernært. Den andre mannen har òg har vore *muselmann*. Agamben (1999) meiner med å belyse dette dømet, at den som har vore i utanforskapen vil ha moglegheit til å komme tilbake i samfunnet som ein vanleg borgar. Han vil likevel bere med seg noko frå den utanforskapen han har vore ein del av (Agamben 1999).

¹¹ Disse omgrepa er markert i boka (Agamben 2008, s. 100)

Kapittel 4 – Feltet og gruppene

4.1 Feltet

Hovudspørsmålet i denne studien er kva funksjonar opphald i Nygårdsparken har for rusmisbrukaren. Då vert det sentralt å finne ut om dette området har dei karakteristika som eit felt har og om ein kan sjå og forstå aktivitetane som skjer her i lys av Bourdieu. Kva er i så tilfelle særskild ved dette feltet og som gjer at det eventuelt kan definerast som eit felt?

I denne analysa vil eg trekkje inn Bourdieu sin teori om korleis felt er sett saman og korleis mekanismar i feltet opparbeider seg og opprettheld seg. Bourdieu meiner at alle felt er prega av ein kamp om makt (Bourdieu, 1995). Han bruker analogien spel om maktkampen. Kampen står i hovudsak om tilgong til symbolske og materielle goder som er felles for dei som oppheld seg på feltet. Makt vert tillagt den einskilde agent eller grupperinger som oppheld seg i feltet. Dette spelet føregår og endrar seg over tid. I eit felt blir òg ein spesifikk habitus pålagt nyankomne. Denne spesifikke habitus er ein spesifikk måte på tenkje på (Bourdieu, 1999a).

4.1.1 Er øvre del av Nygårdsparken eit felt?

I denne delen vil eg sjå *felt* som eit analytisk reiskap (Wilken, 2008). Den analytiske reiskapen kan nyttast til å systematisere dei ulike sosiale kampane om ulike formar for kapital. Desse kampane føregår innan for rammene av eit sosialt system. Felt referer ikkje til ei faktisk oppdeling av eit samfunn. Felt referer til relasjonar mellom agentar som kjempar for bestemte formar for kapital (Wilken 2008). Sandberg og Pedersen omtaler gatekapital som ein metafor for den form for makt som finns i feltet *gata* Sandberg og Pedersen (2007, s. 83). Dei vel å nytte felt som analytisk reiskap, sjølv om *gata* ikkje fyller kriteria til kjenneteikn som eit felt har. Denne studien vel å bruke feltomgrepet vidare i analysen som eit analytisk omgrep. Eg vil nytte omgrepet felt som analytisk reiskap vidare i denne analysen og så vil funn avgjere om den opne russcena i Nygårdsparken er å rekne som eit felt utover tydinga som eit analytisk omgrep.

4.1.2 Agentane si fysiske plassering i feltet

Kristian fortel dette om korleis dei ulike gruppene plasserer seg i øvre del av Nygårdsparken:

«Du har jo forskjellige grupperinger i parken då..sant du har jo.. eh.... utlendingene som står i.... opp i fra Hulen og opp over der sant.. ...den veien ... sant ...der går det en sånn vei .. der står det utlendinger .. og de selger speed, hasj.. ehh ..pot og piller og speed mens sjelden heroin. Og så har du ehh... de som selger heroin, står litt hips som haps, men mest sannsynlig så vil de stå helt oppe .. og så inn på siden gjennom porten der. Det er en port som er stengt der.

- Er det den delen de kaller Flagghaugen ?

Nei, eller

-Det er det heilt oppe, det øverste punktet i parken?

Ja, nei ikke den rundingen sant... du kommer opp .. du går opp parken sant... kommer opp til den der rundingen og så går du litt til siden der .. og der er det benk .. der.. Og så opp der med trappene rett bak der ... bor de vel nokken og. Der, det er veldig med heroin der .. det er 'heroinhaugen', ville vel.. har eg hørt det bli kalt.. .. og speed, det er vel over alt.. sant ... ».

Kristian, rusmisbrukar

Utsegn som dette frå Kristian gav eit behov for å sjå nærare på korleis agentane plasserer seg reint fysisk i feltet. Korleis agentar fysisk oppheld og oppfører seg i eit rom eller ein stad gjev i følgje Bourdeieu (1999a) mykje informasjon om agenten og hans posisjon på staden.

Nygårdsparken ligg på eit høgdedrag mellom bydelane Nygård og Møhlenpris. Det er 5-10 minuttar gange frå Bergen sentrum til Nygårdsparken. Den har, slik kartet viser (sjå s.49), ei fordeling av plassen mellom dei ulike grupperingane menneske som oppheld seg i feltet. Dei eldre norske oppheld seg på Flagghaugen og nedover mot Smultringen. Dei aust-europeiske grupperingane held seg frå Smultringen og på stien ned mot inngang frå Møhlenpris. Dei nordafrikanske held seg mellom inngangen mellom Parkveien og Strømgaten, samt bortover mot Smultringen. Gruppene har stader der dei blander seg, dette skjer mellom Flagghaugen og Smultringen, samt på bakken over Smultringen ved det gamle døde treet (punkt 7 i kartet). Denne plassen har mest blanda opphald av dei ulike grupperingane. I dette området er det òg ein blanda bruk og kjøp og sal av rusmiddel.

Kart over heile Nygårdsparken



Kart over nordlige del av Nygårdsparken. Kartet viser lokalisering av kjøp, sal og bruk av rusmidlar.

Fargekodar:

- Bruk av rusmiddel
- Injiseringstader
- Vegetasjon, trær
- Depot, rusmidlar skjult i bakken, trær vert også brukt som skjulestadar

- Norske grupperingar kjøp, sal og bruk
- Nordafrikanske seljarar
- Aust-europeiske seljarar


1. Inngang Møhlenpris v/Hulen
2. Inngang Villaveien (Stengt november 2013)
3. Inngang Strømgaten
4. Inngang Parkveien v/Studentsenteret

5. Smultringen (område innanfor stipla sirkel)
Opphald ulike grupper, nordafrikanarar og norske, aust-europearar i utkant mot utgang Hulen. Sal av lettare rusmiddel, alkohol og sigaretter
Bruk, også injisering av ulike rusmiddel som heroin og amfetamin

6. Flagghøyden (område innanfor stipla sirkel)
Opphald norske grupperingar, eldre og unge, injisering av heroin og andre rusmidlar på benkar og i buskar i området. Sal av alle typar rusmiddel, også LAR - medikamenter som subutex og metadon

7. Ved det døde treet. Opphald av alle grupperingar, blanda bruk av rusmiddel mellom anna tabletter, hasj, weed, amfetamin og injisering av ulike rusmiddel

- Benk
- Stiar



Afrikanarane oppheld seg ikkje i Nygårdsparken over tid. Dei kjem inn frå inngang ved Hulen og gjer korte sveipturar, via små stiar, opp mot opphaldsplassen ved det døde treet og Flagghaugen. Dei drar fort ut att frå området. Elles oppheld dei seg ned mot Puddefjordsbrua og leverer eller sel til norske som sel heroin i Nygårdsparken. Det at dei norske sel heroin i Nygårdsparken og ikkje afrikanarane, handler, i følge dei norske informantane, om at afrikanarane blir synlege grunna hudfarge og dermed lettare blir stoppa av politi. Afrikanarane, har trass lite opphald i Nygårdsparken tyding for omsetjinga av heroin. Heroin er det mest nytta rusmiddelet i Nygårdsparken våren 2014 (Myrmel, 2014).

Dei ulike grupperingene i Nygårdsparken både plasserer seg ulik og held saman i ulike grad.

«Vi (dei norske) har jo snakket om at vi må holde sammen som de (dei utanlandske),..men det er lettere sagt enn gjort hos.. det er alle mann for seg selv. Vi har vel mindre å kjempe for. De er jo livredde for å 'ryke'. De risikerer jo å bli sendt ut.. sant».

Ingrid, rusmisbrukar og seljar

Ingrid snakkar her om ulikskaper i grupperingane. Dei utanlandske held meir saman og ho grunnjev det med at dei har meir å tape. Dei utanlandske kan jo «ryke». Å ryke kan bety å gå i stykker, å bli ødelagt. Eg forstår Ingrid si bruk at å «ryke» i kontekst av neste setninga i sitatet. Dei utenlandske kan ha risiko for større konsekvens dersom dei blir pågripne av politiet. Dei kan risiker å bli utvist. «Det sosiale rom har en tendens til å finne et mer eller mindre omformet uttrykk i det fysiske rom ved at aktører¹² og eiendomar innretter seg etter enn viss orden» i følge Bourdeiu (1999a, s. 140) Det betyr at inndelingar og distinksjoner finn eit reelt og symbolsk uttrykk i det fysiske rom. Det fysiske rom blir ein tingleggjering av det sosiale rom. Det er ein viss orden i sameksistens eller fordelinga av eigedomar, mellom dei som nyttar same rom. I Ingrid si beskriving av kva dei norske og dei utanlandske har å tape på å bli pågripen, forstår eg opp mot at dei utanlandske plasserer seg meir mot utgongar og der dei har fleire moglege utgongar som dei kan bruke til å flykte dersom politiet kjem. Dei utanlandske seljarane har mykje meir å risikere i form av å kunne bli utvist frå landet dersom dei blir tekne.

«De utlandske, .. selv om de bruker, så sitter de seg ikkje spesielt mye ned... De må selge hele tiden, de kommer på jobb og de må jobbe. De har prosentvis av det de selger».

Nils, arbeider med rusmisbrukarar

¹² I oversetjinga av Meditasjoner (1999a) er omgrepet aktør nytta.

Nils fortel her om korleis dei utanlandske seljarane operer i feltet. Dei «kommer på jobb og de må jobbe». Dei «sitter seg ikkje spesielt mye ned». Nils si skildring tyder på at dei har ein jobb å utføre i øvre del av Nygårdsparken og dei er avhengig av inntektene denne gjev. Inntekter får dei utanlandske seljarane gjennom «prosensvis av det de selger». Det kan tyde på at dei får ein del av inntekta eller etter volum rusmiddel dei sel. Dette er òg med å plassere dei fysisk i feltet. Dei står der dei møter kundar, på gangvegane og ved inngangane til Nygårdsparken.

Dei utanlandske blir òg skildra som meir aggressive i sitt sal.

«Aggressivt salgsmiljø,..(..)... alle som går forbi egentlig, selv om du kommer med barnevogn så spør de (dei utanlandske seljarane) om du vil kjøpe».

Nils, arbeider med rusmisbrukarar

Nils fortel at det er blitt slik seinare år at alle som går gjennom dette området får spørsmål om dei ønskjer å kjøpe rusmiddel. «selv om du kommer med barnevogn» forstår eg slik at òg personar som plasserer seg i feltet av heilt andre hensikter (gå tur med barnet sitt) blir tilbydd kjøp av rusmiddel. Dette kan tyde på at det er viktig for dei utanlandske seljarane å selje slik førre sitat omtala. Det kan òg vere slik at det er mange seljarar på ein stad og at difor vert salet meir pågåande.

Den fysiske plassering i feltet viser seg i Nygårdsparken gjennom at det er stadar der for kjøp og sal og stadar for bruk av rusmiddel. Bruk av rusmiddel er noko samlokalisert med kjøp og sal, men bruk av rusmiddel tek i bruk ein større del av Nygårdsparken. Kartet viser dette. Informantane oppgjev òg at bruk av Nygårdsparken varierer med kva vér som er i Bergen. Dersom det er fint og varmt i veret er det meir menneske som oppheld seg i feltet. Menneska oppheld seg over lengre tidsrom og spre seg utover grønt areala.

4.1.3 Injisering av rusmiddel i Nygårdsparken

Det er ei tydelig differensiering i rommet knytt til sprøytebruk (injisering) og nasjonalitet. Det er overvekt av norske injiserande i Nygårdsparken. Dei norske injiserande plasserer seg ulike stadar når dei skal injisere rusmidla, sjå markering med lillafarge i kartet. Ein del av dei som

injisierer gjer dette på Flagghaugen, det geografiske høgste punktet i parken. Det er benker på Flagghaugen og desse eignar seg godt dersom ein treng hjelp til injisering. Då kan ein liggje eller sitje på benken og den andre injisere i *arbeidshøgd*. Dei norske plasserer seg òg utover stiar og vegar når vertilhøva er bra. Då vert ulike plenområde nytta som opphaldsareal og injiseringstad. Bak Flagghaugen ned mot Villaveien er det mogleg å injisere meir skjerma. Der er det ulendt terreng og trær. Ned mot Villavegen er det gjerdet som omkransar Nygårdsparken støypd ned i ein mur som er nokre titals centimeter høg. Denne muren kan nyttast til å setje frå seg utstyr til injisering og vere til hjelp som ein stad å plassere utstyret når injiseringsdose skal gjerast klar.

«Ja.. eg vil jo gjerne se om det erdet er dauet så mykje folk i det siste...både venner og bekjente.....sant altså.. Eg prøver å råde de til å så..slutte med *den der* (mi utheving) sprøyten... for der er jo fare for...».

Ole, rusmisbrukar

Ole omtaler sprøytebruk, injisering av rusmiddel på ein måte som ikkje er positiv. Han legg vekt på *den der* når han seier dette og utsagnet blir negativt lada. Ole har sjølv vore sprøytebrukar. Dette kjem fram i følgjande sitat.

«....for det at, eg bruker ikkje sprøyten lenger».

Ole rusmisbrukar

Ole har gått i Nygårdsparken i mange år (40 år). Han fortel at han prøver å: «råde de til å så..slutte med *den der sprøyten*». Han har sjølv erfart korleis det er å vere ein injiserande sprøytebrukar. No forsøker han å gje råd til andre om at dei må slutte med dette. Eg tolkar dette slik at sprøyte bruk ikkje har høg status i Nygårdsparken lengre. Sitat under frå Terje underbyggjer denne forståinga;

«Eg har fine armer og (viser fram innsida av underarm)».

Terje, rusmisbrukar

Terje har aldri brukt sprøyter og er ivrig og vil vise dette fram under intervju. Eg forstår dette slik at han er nøgd over at han ikkje har byrja injisere rusmiddel. Han har røykt heroin i staden for å injisere og er tydeleg stolt over at han ikkje har byrja med sprøyter. Dette sitatet kan forståast slik at Terje er nøgd med å ikkje ha byrja med det som gjev låg status i

Nygårdsparken, det å injisere heroin og andre rusmiddel. Anne seier dette om injisering i Nygårdsparken:

«Eg tror i hvert fall hvis du skal snakke om de laveste av de laveste så e nok de som, blant mine, så e det de som blir sett litt ned på som slite skikkelig, det e de som e mye i parken. Det e ikkje nåkke status å være fast inventar for eksempel. Det e litt sånn.. i hvert fall de som sier det som e kommet litt lenger, nei eg bare kjøpe og så går eg... Og da, det e, det e en god ting. At eg e ikkje en som henge der. Det e litt viktig for de, enkelte, at eg gjør det hjemme. Eg har rein sprøyte.. Så de, de.. Mitt inntrykk e at de som har tilgang på et trygt sted og sette det, og reint vann og sprøyte. Det e noe de sette pris på. Det gir litt status. Eg e ikkje nødt til å skyte bak en busk. Eg e ikkje en av de... har eg hørt de flere si mange ganger... Så eg oppleve det som faktisk et ønske blant de og det å ha et trygt og reint og godt sted og reint utstyr. Det gir litt status, at du må ikkje... sitte bak en busk... Regelrett».

Anne, arbeider med rusmisbrukarar

«Eg e ikkje nødt til å skyte bak en busk», har rusmisbrukarane fortalt til Anne og dei fortel vidare at: «Eg e ikkje en av de». Ho fortel om at dei som har ein stad å gå for å injisere har høgre status i miljøet. Desse utsegna kan òg forståast slik at å opphalde seg i og å injisere i Nygårdsparken ikkje har sers høg status. Dette som Ole, Terje og informantane til Anne fortel om kan sjåast som ei fordeling av status innanfor same felt. Det er eit møte og ei statusfordeling mellom ulike grupper rusmisbrukarar i Nygårdsparken. Det er heller ikkje noko status å «vere fast inventar» i Nygårdsparken fortel Anne sine informantar til henne. Dette kan tyde på at å vere ein rusmisbrukar som oppheld seg i den opne russcena ikkje har status i rusmiljøet. Utsegnet kan forståast sammen med utsegna ovanfor slik at injisering i Nygårdsparken har låg status. Dette inneber injisering som har låg status og stad for injisering som òg har låg status i rusmiljøet.

4.1.4 Det sosiale

Hovudfokus i denne oppgåva er på funksjoner som ligg *utanfor* kjøp, sal og rusbruk. Denne studien forsøker å gripe kva som er viktig for rusmisbrukaren utanom rusbruken. Kjøp og bruk blir av intervjupersonene oppgjeve som hovudgrunn til at dei oppsøker i Nygårdsparken, særskild dei første gongane dei gjekk dit. Det var for å kjøpe rusmiddel. Det finns òg ei rekkje andre grunnar til at rusmisbrukaren vel å opphalde seg/søker til den opne russcena i øvre del av Nygårdsparken

«...først og fremst kombinasjonen rus og sosialt samvær...(..)...Ja, fordi at dette er jo... de lever jo på en måte i en symbiose. De kjøper og selger, og mikser og trikser med hverandre. Og internt med hverandre... og i familie og i slekt og... så det... det er mye familiære konstellasjoner. Sånn at de er... de er avhengige av hverandre på mange måter. Samtidig som de er en del av det... det samme fellesskapet. For det er en type fellesskap. Og når vi... når jeg snakker med mange av de eldste i parken, de som har passert 50 – og noen som har passert 60 og blitt besteforeldre – så er det jo det de trekker frem, hvorfor de går til parken. Jeg spør 'hvorfor går du her på Flagghaugen og stiller deg her?' så er det ikke for å kjøpe rusmidler. Det kan de kjøpe hvor som helst. Men det er for å komme og treffe igjen en del av dem som de har vokst opp med, har ruset seg med over lang tid, og som de har kjent over langt tid. Og det er, tror jeg, en ekstremt viktig faktor i dette når man stenger, og man skal fjerne rusmiljøet. For det er jo det man ønsker – man skal fjerne rusmiljøet med å gjøre en fysisk forandring i Bergen. Men du fjerner ikke de båndene som disse guttene og disse jentene har til hverandre. De har de hatt lenge lenge, og de kommer til å treffes et eller annet sted for å fortsette å snakke med hverandre og ruse seg».

Nils, arbeider med rusmisbrukarar

Dette utseget gjev eit bilde på at kjøp av rusmiddel som gjerne var eit viktig gjeremål dei fyrste gongane rusmisbrukaren oppsøkte den opne russcena i Nygårdsparken slik omtala ovanfor. Dette føremålet (kjøp) fell meir vekk etter kvart og det etablerer seg ein sosial funksjon som trer fram og vert viktig for rusmisbrukaren. Nils trur at: «dei kommer til å treffes et eller annet sted for å fortsette å snakke med hverandre og ruse seg» når Nygårdsparken sin øvre del vert avstengd. Utsegnet hans forstår eg slik at den sosiale funksjonen er ein så sterk del av feltet at den vil bli vidareført når det fysiske feltet ikkje er tilgjengeleg lenger. Rusmisbrukarane vil då finne seg eit nytt sosialt rom der dei kan treffest og vere saman. Nils fortel at «det er mye familiære konstellasjoner. Sånn at de er... de er avhengige av hverandre på mange måter» Det forstår eg slik at nokre av dei eldste rusmisbrukarane har familiære band og har hatt opphald i Nygårdsparken over lang tid, kanskje i generasjonar. Bourdieu meiner at den som befinner seg på ein plass mer eller mindre permanent blir prega av staden han befinner seg (Bourdieu, 1999, s. 140). Dette kan tyde på at habitus vert reprodusert gjennom opphald i Nygårdsparken. Det er nesten som om nokre kan verte fødd inn i sosialiteten som Nygårdsparken er prega av, og bli forma av denne frå tidleg av.

I denne studien vart rusmisbrukaren spurt kva han miste når Nygårdsparken blir stengd av. Det han vil miste, kan forståast som noko som har vore viktig, ein funksjon som opphaldt i Nygårdsparken har stetta for den einskilde rusmisbrukar.

«Nei, eg mister ikkje nokke ting eg..Eg har safet meg (tilgong til rusmidler), altså sant..(..).. ja eg kommer jo miste det der med at eg kan ikkje gå opp der og treffe gamle kjente.....sant.... og det er ikkje nåkke kjekt å tenke på... ikkje nåkke .. eg har hold på i 40 år der oppe ..sant».

Ole, rusmisbrukar

Ole vil ikkje miste tilgong til kjøp av rusmidler når Nygårdsparken vert avstengd. Det har han «safet meg» på. Dette forstår eg slik at han har planlagt andre moglegheiter for å få tak i rusmiddel på. Tilgong til rusmidler ser han ikkje som eit problem. Ole er mest oppteken av at han vil miste det det han kaller «treffe gamle kjente». Det sosiale delen opplever han at ikkje er «nåkke kjekt å tenke på». At han ikkje syntes det er noko kjekt å tenke på forstår eg slik at Ole ikkje veit korleis han skal løyse dette problemet med å treffe kjende etter stenging av Nygårdsparken sin øvre del. Ole er den av rusmisbrukarane i studiet som viste mest emosjonar i høve til at øvre del av Nygårdsparken skulle stengjast av. Dette forstår eg slik at for han så har dette ei stor tyding. Det er ein viktig del av hans liv å gå innom her og treffe folk, sjå etter folk og nytte rusmidler saman med dei. Fysisk stenging av Nygårdsparken gjev ei utestenging frå den arenaen der Ole har store deler av sitt sosiale liv og akkuart no veit han ikkje korleis han skal forhelde seg til det.

Einsemda er stor hos mange rusmisbrukarar i høve til eksklusjon frå andre samfunnsarenar.

Ingrid fortel dette om kva Nygårdsparken tyder for henne:

«Av og, av og til så, så føler eg meg litt ensom. Eg gjør jo det. For eg har.. I løpet av de årene så har eg liksom trukket meg fra venner som.. eg har noen igjen. Men ikke mange».

Ingrid, rusmisbrukar og seljar

Ingrid nyttar øvre del av Nygårdsparken til ulike aktivieter, ho sel rusmiddel og dette generer framme på arenaen. I tillegg til dette fortel ho om at ho føler seg einsam heime i leiligheita på dagtid. Ho har hatt eit nettverk utan rustilknyting som ho har trukke seg bort frå. Det sosiale kontaktnettverket ho har att no, er i Nygårdsparken. Langvarig rusmisbruk fører gjerne til at ein ekskluderer seg frå vener og familie. Gjennom langvarig rusmisbruk og avhenigighet til rusmidler blir fokus å få tak i den daglege dose rusmiddel og rusbruken sin fasinasjon vert erstatta av slitenhet, oppgitthet og einsemd (Lalander 2003, i Sandberg og Pedersen 2007).

«Jaaa,..... ja eg tar meg en runde gjennom der bare for å se eh.....Ja, kordan landet ligger.....(.....)....., men det er betre at de har et sted å.... å... å.... , altså et samlingssted.....(..)Ja.. eg vil jo gjerne se om det erdet er dauet så mykje folk i det siste...både venner og bekjente.....sant altså..».

Ole rusmisbrukar

Ole tar turen innom Nygårdsparken, nesten kvar dag. Han gjer dette for å sjå «kordan landet ligger». Med det forstår eg det slik at han skaffer seg oversikt over miljøet. Han fortel vidare at han treng «se om der...det er dauet så mykje folk i det siste». Han går til den opne russcena for å få informasjon om andre, om dei lever. Dette minnar om det som folk ellers gjer, sjekker facebook, leser nyheter, snakker med kollegaer på arbeid, leser dødsannonser i avisa, samhandler med familie og naboar, les og sender e-post og andre måter ein skaffer seg informasjon om menneska og kva som skjer i felta som berører det einskilde menneske. For Ole handlar det òg om halde seg oppdatert om liv og død. Risiko for død er større i hans miljø enn elles i samfunnet. Når han har ein stad å gå til for å innhente informasjon, kan han lettare halde oversikt.

4.1.5 Endringer i den opne russcena i Nygårdsparken

Informantane i denne studien var oppteken av at Nygårdsparken si opne russcene hadde endra seg dei seinare år. Det var ei stor endring til noko som var verre enn før. Dei meinte at dette hadde påverka staden deira. Dette kapitlet kastar lys over om det har vore endringar og søker å analysere konsekvens av eventuelle endringar med fokus på funksjon for rusmisbrukaen.

Ole har nytta Nygårdsparken i 40 år. Han er ofte innom i den øvre delen av Nygårdsparken. Han sier dette om korleis det er å vere der:

«eg... føler meg ikkje... vel er oppe (i Nygårdsparken) lengre».

Ole, rusmisbrukar

Han fortel at han ikkje oppheld seg der så lenge som tidlegare og grunnjev dette slik sitert ovanfor. Han opplever at det er annleis å vere der og har andre følelser knytt til det å vere i Nygårdsparken sin øvre del. Ole er av dei eldre rusmisbrukarane som Nils omtaler som slitne og helst vil vere i fred.

«Mange av de gamle er slitne. Altså, de er ikke interesserte i noe stress. Så de kommer opp dit for å kjøpe sitt, bruke sitt, snakke med folk. De er ikke ute etter å sloss, og de er ikke ute etter å bli ranet. Sant, og det... det skjer jo. ...(...)... Og det sier de jo, sant, at det blir for mye 'pes' i parken inn i mellom».

Nils, arbeider med rusmisbrukarar

Det er fleire måtar å fortolke Ole sitt utsegn. Utsegnet kan forståast slik at Ole ikkje lengre er akkseptierende til dei reglane (*doxa*) som for tida gjeld på feltet. Det kan vere at han opplever at desse ikkje gjev gjenklang hjå han lengre, og det oppstår ei *ortodoksa* som han identifiserer seg mindre med. Det kan òg tenkjast at Ole er sliten og ikkje ønskjer å delta i praksisfeltet på same måte som før, at han no ikkje ønskjer å delta i alle spela som føregår i feltet. Det er mogleg å delta i nokre spel på eit felt (Wilken, 2008) og la vere å delta i andre. Den eldre gruppa etnisk norske ønskjer stort sett å vere i fred. Dette kan forståast slik at dei ikkje ønskjer å delta i alle spela på feltet lengre. Å delta i nokre av spela på eit felt kan til dømes vere å selje rusmiddel i den opne russcena, eller bruke rusmiddel eller berre kjøpe rusmiddel. Det er uansett ei oppleving hos Ole som gjev ein følelse av at det ikkje er velvere å vere i den opne russcena i Nygårdsparken slik som tidlegare. Ulike personar har ein praktisk, kroppslig kunnskap om sin posisjon i det sosial rom, ein *sence of ones place* som Goffman skildrar det som (Goffman, i Bourdieu, 1999a, s. 192). Agenten har ein følelse av sin rette plass på det aktuelle stedet. Dette kan være den potensielle eller den aktuelle plassen. *Sence of ones place* er ein praktisk sans. Følelser indikerer om ein er på rett plass eller ei. I Ole sitt utsegn forstår eg Ole slik at han ikkje har ei oppleving, ein følelse av, å vere på rett stad. Det kan òg forståast slik at Ole ikkje lengre har den rette kapitalen som trengs i praksisfeltet den opne russcena. Han har gått i dette feltet i mange år og både han og feltet har endra seg. Han får følelser som han beskriv som å ikkje føle seg vel. Bourdieu (1999a) meiner agenten får ubehaglege følelser når han ikkje har rett kapital til å mestre spelet på feltet. Det kan vere tregheit i habitus som gjer at han ikkje innarbeider nye strategiar for handling slik at han kan opparbeide seg meir kapital til å mestre endringane i feltet.

«Det er blitt litt sånn tyrkisk basar».

Nils arbeider med rusmisbrukarar

Nils skildrar endringane dei siste 8-10 månadene slik. Nygårdsparken si opne russcene har fått preg av å vere ein marknadsplass som sel tjuvgods, sigaretter og alkohol i tillegg til rusmidler av alle slag.

«Altså, én ting er at det har blitt, gjennom de to-tre siste årene i hvert fall, mye mer vold. Og mye mer type grov vold, eller i hvert fall, altså, muligheter for grov vold. I og med at folk har andre typer våpen og farligere våpen».

Nils, arbeider med rusmisbrukarar

Nils fortel her om den endringa som har skjedd. Endringa har medført meir mogleik for vald og bruk av våpen. Andre informantar fortel om endringa slik:

«Han (endringa) begynte vel med negrene for.... eg er veldig dårlig på årstall lang tid tilbake, men når negrene begynte å selge narko.. dop...heroin ... ehh.. det var da det begynte virkelig å forandre seg sant ...det ble billig , dårlig kvalitet , sant .. ja og det ..er vel.. la oss si en fire, fem år siden. Tiden går fort....(...) ...mer utlendinger, ofte dårlig kvalitet og forgiftede produkter».

Ingrid, rusmisbrukar og seljar.

«Nei, disse utlendingene sant.....som går der oppe hele tiden. Og vil lette deg for pengar og.....Og svindle deg for varer og ...sant de kommer med piller som er gått ut..., det ser jo eg med en gang sant....».

Ole, rusmisbrukar

I rusmiljøa kan rusmidler av god kvalitet vere symbolsk kapital (Nafstad, 2013). Her i desse sitata peikar både Ole og Ingrid på at kvaliteten på rusmidla som dei utanlandske sel i Nygårdsparken er dårleg. Det kunne tenkjast at Ingrid var negativ til desse seljarane sidan dei er hennar konkurrentar. Sitatet til Ole støttar at dette ikkje berre er Ingrid si vurdering. Det er teikn på at dei utlendingene som sel amfetamin og tablettar har lavare økonomisk og symbolsk kapital i dei norske rusmisbrukarane sine auge. Dette viser òg at dei norske set seg over dei utlandske i rangeringa innad i feltet. Dei utanlandske seljarane har medført at feltet har måtta endre seg. Det er blitt større konkurranse om kundane og det ser ut til å vere større variasjon på kvalitet på rusmiddel.

4.1.6 Kor viktig er Nygårdsparken for rusmisbrukaren?

Nygårdsparken har ulike tydingar for gruppa rusmisbrukarar. For nokre har det å ha ein stad å gå til vore viktig. For Terje har det å kunne gå i Nygårdsparken betydd mykje.

«Den (Nygårdsparken) betyr det at de kommer seg gjennom dagen, egentlig. Det er egentlig det den betyr».

Terje, rusmisbrukar

Utsegnet til Terje vert tolka slik at det gjeld òg han, ikkje berre dei andre. Terje seier at å kunne gå i Nygårdsparken tyder «at de kommer seg gjennom dagen». Dette kan tyde: ein stad å skaffe seg rusmidler, ein stad å vere og eller ein stad å treffe andre. Det at den hjelper rusmisbrukaren å «kommer seg gjennom dagen» forstår eg slik at russcena i Nygårdsparken har ein viktig funksjon i det daglege livet til rusmisbrukarar som nyttar denne staden som opphaldstad. Terje var ein av informantane som ikkje hadde fast bustad. Det å være *uten hus og hjem*¹³ eller *uten fast bolig*¹⁴ er det same som å bli fråtatt sin sosiale eksistens i følge Bourdieu (1999a, s. 140). Set ein Bourdieu sitt utsegn sett saman med Terje sitt utsegn, kan dette forståast som at rusmisbrukarne søker å skape seg ein sosial eksistens gjennom å opphalde seg i Nygårdsparken.

«Det er mange som ikkje vet ka de vil gjøre då (når øvre del av Nygårdsparken vert stegd) og kor skal de gjøre ..og ...ka skal de gjøre, altså. Det ender jo sikkert med etikkje nokke bra. Eg kan ikkje se at det ..det ...vil gå bra. Og folk får panikk, nokken ...kan du risikere tar livet av seg og på grunn av det der.... ».

Ole, rusmisbrukar

Ole snakkar om ein del av rusmisbrukane som nyttar Nygårdsparken sin øvre del og som ikkje vil ha denne staden å gå til når den vert stengd. Han meiner dette er sers alvorleg. Han meiner det er så alvorleg at han trur at nokon kjem til å dø av det. Det kjem fram gjennom utsegnet: «kan du risiker tar livet av seg på grunn av det der». Når eit menneske mister sin sosiale eksistens, vert det berre att den fysiske eksistens. Dette spørsmålet vil verte drøfta vidare i kapittel 8.

4.1.7 Livredding i Nygårdsparken

«ja, eg tenke direkte livredding.. Det e faktisk sånn at når du sette en overdose e du flere så e oddsa for å overleve bedre.. Det e noen som kan trykke på kassen din og ringe. Og den

13 og 14 Desse delane av tekst er utheva i boka (Bourdieu, 1999a, s. 140)

forsvinne no hvis du sitte bare to med sprøyten din i et smau og begge to slokna. Kem ska dei hjelpa. Kem ska vite at de sitter der og dør.. (...). Så eg e redd for at flere dør i sommer. Det e min største bekymring».

Anne, arbeider med rusmisbrukarar

Eg forstår det Anne seier i sitat, at ho er redd for at fleire vil dø av overdoser når injisering skal føregå andre stadar enn i Nygårdsparken. Då er det ingen som kan «trykke på kassen din og ringe». «Trykke på kassen» tyder trykk på brystkasse, hjertemasasje ved respiratoriestans. Parkin (2013) finn i si studie at stad har tyding for mogleg skade og overdose med dødleg utgong. Han finn at semikontrollerte stadar, slike som Nygårdsparken, har mindre mogleg skadeskaping enn andre meir gøynde stadar. Dersom nokon tek overdose i Nygårdsparken er det andre menneske tilstades. Desse kan ringje etter ambulanse og yte førstehjelp. Det er kort responstid frå helsevesnet då Nygårdsparken er lokalisert sentralt i høve til ambulansetenesta sin lokasjon. Dette handlar om den fysiske eksistens og den sosiale eksistens som betingar kvarandre. Stad og det sosiale heng saman.

4.1 8 Har feltet autonomi?

Er det aktiviteter som er typiske for øvre del av Nygårdsparken og som i hovudsak føregår berre der? Dette kan i så fall gje indikasjonar på om den opne russcena i Nygårdsparken er eit felt i Bourdieu si tyding, gjennom at det gjev autonomi, som er eit karakteristika for eit felt.

«Står no bare der og preiker med folk... ruser deg og ...Så er det alltid nokken folk som mener nokke annet enn deg og så har det gjerne vært en episode sant, at folk har blitt blåst og og nokken penger her og nokken penger der og så ..».

Kristian, rusmisbrukar

Her skildrar Kristian nokre av dei typiske aktivitetane som føregår i Nygårdsparken si opne russcene. Folk preikar med kvarande. Folk rusar seg. Kristian snakker om å bli «blåst». Bli «blåst» betyr å bli avslørt, enten i forhold til politiet og, eller andre (Wallin Weihe, 2000). Når nokon blir «blåst» oppstår det ofte usemje og handgemeng.

«Og så e det noen som e bøllete norske. Du har noen som raner sånn... raner, altså raner, de tar pengar... 'åja, du skyldar meg pengar' og så tar de....».

Ingrid, rusmisbrukar og seljar

Ingrid fortel her om dei norske, at òg blant dei norske er det valdsbruk og ran. Dei konstruerer gjerne ei årsåk, som til dømes her «du skyldar meg pengar» og så ranar dei den andre.

«De sier så mange ting som for det første ikke henger på greip,..(...)...Det er bare piss, liksom. Preiker piss om andre og... og så må jeg sitte og høre på det. Og så sier jeg 'Ja, men jeg... jeg kan jo ikke ta deg på ordet, bare fordi du sier at sånn og sånn har skjedd eller sånn... et eller annet'. Altså, jeg kan ikke bare ta folk på ordet heller, sant.».

Terje, rusmisbrukar

Terje fortel her om korleis praten i Nygårdsparken kan vere. Han opplever dette som «Preiker piss om andre..». Å preike *piss* om andre er å preike negativt om dei. Det kan jo stillast spørsmål om dette å snakke stygt om andre og *blåse* andre har funksjon på den måten at rusmisbrukaren skaper konflikt og bråk. Om dette er eit kjenneteikn for feltet? Ingrid sitt utsegn under kan tyde på at Nygårdsparken sin øvre del er eit felt der rusmisbrukarane kan skape konflikhtar.

«Og så kan eg, få jo ut litt aggresjonen av og til.

-Du eller de andre?

Nei, ja, det e nok av de andre.».

Ingrid rusmisbrukar og seljar

Ingrid fortel dette på spørsmål om kva ho gjer på i Nygårdsparken. Ho fortel at ho kan få ut «litt aggresjon av og til». På spørsmål om det gjeld henne eller andre oppfatter eg svaret hennar slik at det gjeld henne sjølv og andre, at både ho og andre kan få ut aggresjon i Nygårdsparken. Det å skape ei verbal konflikt er lett. Konflikt kan skapast gjennom beskuldingar og gjennom å snakke dårleg om andre slik Terje fortel. Konflikt kan fort eskalere frå å vere verbal til å bli fysisk handgemeng.

4.1.9 Omtale av lettare rusmiddel

Eit anna kjennemerke for at feltet er relativt autonomt, er at feltet omsetjer ord og omgrep frå andre felt til tydingar som er sine egne.

«Rusfri kan være å medisinerer seg (bruke hasj og illegale tabletter) ja, hvis du vil det».

Terje, rusmisbrukar

«Så jeg er... jeg føler meg egentlig rusfri. Nesten. Altså, det er egentlig bare medisinerer (røyke hasj og inntak av illegale tabletter)».

Ole rusmisbrukar

I dette utsegnet snakker Terje og Ole om bruk av beroligande medikamenter framskaffa illegalt og bruk av hasj. Dette ser dei på som medisin. Det var omtrent gjennomgåande hos rusmisbrukarane å omtale lettare rusmidler som medisin. Terje meiner at han ikkje ruser seg når han nyttar rusmiddel som han omtaler som medisin.

«-Har du rust deg i mange år?

Ja, det har jo blitt noen år. Men jeg... ja. Jeg føler jo ikke at jeg ruser meg nå (bruker beroligende legemidler og hasj).

-Nei. Du følte at du gjorde det tidligere, når du...

Ja. Men når jeg har klart å trappe ned såpass føler jeg ikke at jeg ruser meg. Det er mer medisin

-Ja... medisin, snakket du om?

Ja, jeg bruker det (hasj og illegale beroligende tabletter) som medisin. Altså, det er det eneste... det er ikke for å ruse meg, egentlig. Av og til ruser jeg meg også (bruker amfetamin), selvfølgelig, men... altså, alle kan få en sprekk.»

Terje, rusmisbrukar

Terje beskriv i dette utsegnet eit tydeleg skille mellom lettare rusmiddel som for han er medisin og når han nyttar andre rusmiddel som til dømes amfetamin. Når han nyttar amfetamin er dette «en sprekk» frå (sjølv) medisineringa han gjer med dei andre lettare rusmidla. Dette kan forståast slik at rusmisbrukane har etablert ei kollektiv forståing av at lettare rusmiddel er noko dei treng og som er *medisiner*, og ei legitimering gjennom å kalle lettare rusmiddel for medisiner. Dei har omsett bruken av ordet medisin til si eiga forståing, der dei nyttar dette omgrepet om lettare rusmiddel. Rusmisbrukaren var samstundes bevisst at desse rusmidla *ikkje* var legemiddel. Omgrepet *friskmelding* vart ofte nytta som omtale om morgendose. Desse omgrepa er henta frå det medisinske feltet. Bruk av medisinske termer kan mogleg gje større legitimering av rusbruk. Medisin og friskmelding er noko alle menneske treng når dei er sjuke. Å vere sjuk gjev ei forklaring som kan vere nyttig for rusmisbrukaren å ha, ei rolle som er mindre stigma knytt til enn å vere rusmisbrukar og ha abstinensar. Arv, genetik og miljø kan vere andre faktorer som ein rusmisbrukar kan nytte som forklaringsmodell for sitt rusbruk. Denne bruk av medisinske termer er ikkje eit fenomen som finns berre i Nygårdsparken. Forståinga av lettare rusmiddel som *medisin* må ikkje forvekslast med det som er rekna som medisin i si rette tyding som LAR-medikamenter og andre legalt foreskrivne legemiddel.

4.1.10 Oppsummering – er Nygårdsparken eit felt?

Den fysiske plasseringa i feltet er klårt påverka av dei primære funksjonane som Nygårdsparken har for rusmisbrukaren; kjøp, sal og bruk av rusmiddel. Seljarane plasserer seg slik at dei kan få kontakt med kundane. Dette viser at agentane og grupperingar av agentar i Nygårdsparken si opne russcene plasserer seg i det fysiske feltet i høve til funksjonar som dei utøver i Nygårdsparken. Grupperingar, særskilt dei utanlandske, plasserer seg i høve til kor utsett dei er som gruppe for moglege saksjonar frå politiet. Det er spesielt dei utanlandske grupperingane som sel rusmiddel og andre varer som plasserer seg i større grad enn dei norske slik at dei har fleire rømingseigar. Dei har meir å tape i høve til eventuell utvisning frå landet og tap av levebrød. Dei utanlandske synest òg å vere meir avhenging av å selje for å ha inntekter, noko som generer ein meir aggressiv salstil der dei tilbyr sine varer til alle som kjem inn i øvre del av Nygårdsparken. Det verkar ikkje som dei norske seljarane har liknande press på seg i høve til å måtte selje. Dei norske har ikkje samordna seg slik som dei utanlandske har gjort. Afrikanarane syntes å ha ein viktig funksjon i form av å vere leverandørar av heroin, og gjer dette gjennom andre norske som kjem inn og sel i Nygårdsparken. Det er òg ein utvida bruk av den opne russcena knytt til fint vér. Injisering føregår på ulike stadar i Nygårdsparken. Det i hovusak etnisk norske som injiserer. Ein hovudplass for injisering er Flaggshaugen og områda rundt denne. Dette kan skuldast at det er praktisk tilrettelagt for injisering der. Særskild dersom ein treng hjelp til å injisere.

Det synest ikkje å ha høg status å vere ein som nyttar Nygårdsparken til injiseringstad. Det kjem òg fram av analysen at å injisere i Nygårdsparken ikkje har høg status innad i rusmiljøet. Det framkjem av analysen at det er ei indre rangering av status i rusmiljøet. Denne er knytt opp til om ein injiserer rusmiddel eller ikkje. Injisering har låg status, og injisering i Nygårdsparken har enda lågare status.

Rusmisbrukarane får stetta ein viktig sosial del gjennom opphald i Nygårdsparken si opne russcene. Rusmisbrukarar i denne studien fortalde om tilbaketrekking frå andre sosiale miljø og at Nygårdsparken vart ein viktig arena for sosial kontakt med andre menneske. Langvarig opphald og bruk av øvre del av Nygårdsparken kan gje ein reproduksjon av habitus over

generasjoner. Nygårdsparken fungerer òg som ein samlingstad for innhenting av informasjon. Det er ein stad der rusmisbrukaren kan få mykje ulik informasjon.

Dei utanlandske seljarene får mykje skuld for endringane som har skjedd i den opne russcena i Nygårdsparken dei seinare år. Denne endringa synast vere knytt opp til sal av rusmiddel og konkurrase i kring dette. Det må òg sjåast slik at dei snakker om *dei andre*. Det er lettare å sei at *dei andre* har utvikla seg i negativ lei enn at *vi* har det.

Opphald i Nygårdsparken er ein viktig del av livet til einskilde rusmisbrukarar, som ikkje har andre stadar å vere. Rusmisbrukarar utan fast bustad kan søkje å bruke øvre del i Nygårdsparken for å skape seg ein sosial eksistens. Nygårdsparken er med på å vere ein tilkopling til andre menneske. Det er det sosiale rusmisbrukaren har, med eller utan det som kjennerteikner det sosiale elles i samfunnet. I analysen ovanfor ser det ut til at Nygårdsparken kan ha sin eigen logikk i høve til korleis rusmisbrukaren kan handle og skape mogleik for konfliktsituasjonar. Dette syntes å vere ein aktivitet som er lokalisert til området der rusmisbrukarne oppheld seg, og tyder på autonomi i dette området.

Mi fortolking er at Nygårdsparken fyller ein del kriterar for å omtalast som eit felt i Broady (1991) sin minedefinisjon basert på Bourdieu sine termer. Feltet inneheld agenter som opererer opp mot feltet sine funksjoner og agentane er spesialisert i sine oppgåver (kjøp og sal) og sine gjeremål (samhandlinga i feltet, rusbruk etc). Agentane operer med felles agenda opp mot å skaffe seg rusmiddel og bruk og omtale av desse. Nokre av kjenneteikna som karakteriserer eit felt føregår òg andre stadar: det autonome i språkbruk, omsetjing av rusmiddel til medisinske termer. Eg vil konkludere med at den opne russcena i Nygårdsparken har mange av karakteristika til eit felt og kan omtalast som eit felt i høve til Bourdieu sine termer.

Kapittel 5 - Kapitalomgrepa

Kapitalformene kan ha ein sentral faktor i kva funksjon opphald i Nygårdsparken har for rusmisbrukaren. I denne delen vil eg sjå på og analyser fram ulike former for kapital som finns i feltet og sjå dei opp mot Nygårdsparken sine funksjonar.

Bourdieu omtaler kapital som «Samlingen av faktisk omsettelige ressurser og makt» (Bourdieu, 1984, s. 114). Bourdieu sin teori plasserar agentar i det sosiale rom mellom anna på grunnlag av deira samla økonomiske, kulturelle og sosiale kapital. Symbolsk kapital er òg med å skape plasseringa til agenten i det sosiale rom. I følgjande analysedel er kapitalomgrepa delt opp. Då er det viktig å ha i mente at kapitalformene heng saman med kvarandre og dei ulike kapitalformene kan omsetjast til kvarandre. Døme på dette er økonomisk kapital som kan omsetjast til kulturell kapital. Sosial kapital kan omsetjast til økonomisk kapital.

5.1 Økonomisk kapital

Økonomisk kapital er pengar eller det som direkte kan vekslast inn i pengar. Rusmidler er ein viktig del av denne kapitalforma i ulike rusmiljø. Ole har gått i øvre del av Nygårdsparken i over 40 år. Han skildrar det å ha pengar slik:

«Eg har blitt tre gonger millionær».

Ole, rusmisbrukar.

Ole fortel i poetiske vendingar om at han blei millionær første gong gjennom kjøp av rusmidler, diamanter og gull. Andre gongen han blei millionær var det gjennom sal og omsetjing av heroin til gatenivå. Eg forstår dette utsegnet slik at Ole i periodar har hatt mykje pengar. Om han har vore millionær i ordets rette tyding, er uklårt, men han snakkar om store summer med pengar som han har hatt og som har forsvunne. Ei mekanisme som kan forståast ut frå dette utsegnet er at økonomisk kapital varierer og er ikkje ein stabil faktor i rusmiljø. Utsegnet til Ole viser at økonomisk kapital kan ervervast raskt og kan forsvinne raskt. Pengar og rusmiddel kan fort skifte eigar i den opne russcena. Tore fortel om korleis det var å gå i Nygårdsparken i byrjinga når han gjekk og oppheld seg i øvre del av den. Han brukte då heroin som hovedrusmiddel.

«Då var eg tjukk i pengar så då var det (å gå i Nygårdsparken) heilt fint».

Tore, rusmisbrukar

Tore hadde meir pengar tidlegare. Han beskriv dette som å vere «tjukk i pengar». Dette forstår eg slik at hans oppleving av korleis han har det når han oppheld seg i den opne russcena i Nygårdsparken heng saman med kor mykje økonomisk kapital han har, og hans moglegheiter med å inneha større økonomisk kapital. Han hadde større handlingsrom i den perioden han hadde meir pengar.

«Han sant, (peiker på mannsperson) kan vere veldig grei av og til... og så er han av og til helt ustabil.... Og han er sånn som kan rane... folk. Han har prøvd den gang med men, men meg og han er stort sett venner da.. sant... Han prøvde seg en gang med meg .. og det fikk han ikkje til for det at eg kan forsvare meg.

-Ja, for du har jo både pengar og stoff (rusmiddel). Akkurat sitter jo du her og har både pengar og stoff?

Riktig, riktig...., ja sant og det visste han då og derfor prøvde han seg på meg den dagen og det fikk han ikke til....».

Ingrid, rusmisbrukar og seljar

Ingrid veit kven som kan vere moglege personar som ho må halde seg i posisjon til for å ta vare på den økonomiske kapitalen sin. Ho skildrar at ein vanleg måte å miste kapital på i Nygårdsparken sin øvre del, er å bli fråteken rusmiddel og pengar. Ho fortel i sitat ovanfor at ho veit kven som kan vere potensielle ranarar og «held seg inne» med dei. Ingrid oppbevarer sin økonomiske kapital i kontantar på ein skjult stad.

Omsynet til kvalitet og ryktet som den einskilde seljar har er òg av verdi for korleis rusmiddel vert rangert. Nafstad (2013) finn at dess betre kvalitet på rusmiddelet den einskilde innehar, dess høgre vert hans eller hennar økonomiske kapital vurdert å vere.

«De som kjenner meg ville si at eg selger...de som vet om meg, de kommer til meg og kjøper .. sant

De velger deg?

Ja, men om eg har høy status, sånn altså .. eg .. eg ser ikkje på meg som en , en som har høy status, men eg vet at eg seller ... eg vet eg har trofaste som vet at eg» (brudd intervju då det bryt ut handgemeng mellom to kvinner nokre meter frå intervjustaden).

Ingrid, rusmisbrukar og seljar

Ingrid viser gjennom dette utsegnet at ho har «trofaste» kjøparar som kjem att og kjøper hos henne. Ho meiner at dei kjem tilbake fordi dei kan stole på kvaliteten på rusmidla ho sel. Dette gjev Ingrid ein samla sum av økonomisk kapital som er relativt høg i den opne russcena i Nygårdsparken. Å ha godt rykte og god kvalitet på rusmidla som seljar, kan òg gje symbolsk kapital, sjå kapitlet om symbolsk kapital del 5.2 seinare i oppgåva.

5.1.1. Dei utanlandske seljarane

Dei utanlandske seljarane er aktive i sal. Dei står og følgjer med kven som kjem inn i Nygårdsparken og går mot desse og tilbyr sine varer. Dei norske intervjupersonane kom med uttaler som desse i høve til kvaliteten på deira produkt:

«sant de (dei utlandske seljarane) kommer med piller som er gått ut..., det ser jo eg med en gang sant....».

Ole, rusmisbrukar

«Tablettene de (dei utlandske seljarane) seller ser ut som de er laget heme i garasjen».

Ingrid, rusmisbrukar og seljar

Dette viser ein generell mistru til rusmiddel som nokre av dei utanlandske grupperingane sel. Dei blir omskrive som heimelaga og det er generell mistru til kva dei inneheld. Ole seier at dei sel tabletter som er gått ut på forbruksdato («gått ut») og Ingrid seier dei ser heimelaga ut. Dette kan tyde på at dei norske grupperingane set over dei utanlandske grupperingane i rangering og i høve til økonomisk kapital. Dette gjer dei gjennom at rusmidla dei utanlandske sel vert rekna som rusmiddel av dårlegare kvalitet og gjev dermed ein lågare økonomisk kapital.

Det å inneha rusmiddel av god eller dårleg kvalitet kan gje auke eller minke i symbolsk kapital, slik som skildra i kapitlet som omhandlar symbolsk kapital. Feltanalysen viser òg korleis dei utanlandske plasserer seg fysisk i feltet.

5.2 Symbolsk og kulturell kapital i Nygårdsparken

Denne delen av analysen vil omhandle symbolsk og kulturell kapital som finns i Nygårdsparken og kva funksjonar desse har for rusmisbrukaren. Broady (1991) omtalar symbolsk kapital som hovudkapital og ser kulturell kapital som ein underkapital til symbolsk kapital. Desse kapitalformene heng saman slik Broady (1991) tolkar Bourdieu sine omgrep.

Kulturell kapital har tre ulike former: Den kroppsleggjorte, den objektiverte og den institusjonaliserte kapitalen (Bourdieu, 2011). **(1)** Den kroppsleggjorte som er evna til å konsumere kunst og musikk. Kroppsleggjort kapital blir erverva over tid, og det krevst øving for å få kompetanse i denne kapitalforma. **(2)** Objektivert kapital som er eigedelar, bøker og kunst som den einskilde eig (Bourdieu, 2011). Fleire av intervjupersonane fortalde mellom anna at dei budde på hospits og i kommunal bustad. Dette indikerer låg objektivisert kapital. Mobiltelefonar og reine sprøyter kan vere objektivert kapital i ei open russcene. **(3)** Instusjonalisert kapital er den tredje forma for kulturell kapital og er utdanning. Det er kapital som er erverva via utdanninginstitusjonar og i andre intitusjonelle system (Bourdieu, 2011).

«No er det pengar som styrer absolutt alt ... så det har skjedd veldig mye med rusmiljøet etter vi kom inn i Schengen, sant, polakkene begynte å komme og då ble speeden (amfetamin) ekstremt mye billigere .. sant husker når eg begynte å speede då betalte eg rundt ni hundre kroner grammet, no betaler eg tre hundre kroner».

Kristian, rusmisbrukar

Polen kom med i Schengenavtala 21. desember 2007. Norge hadde vore medlem sidan 25. mars 2001. Føremålet med denne avtal er å avskaffe grensekontroll mellom medlemslanda. I praksis betyr dette at medlemslanda sine innbyggjarar kan reise mellom landa utan å førevisse pass eller visum. Innbyggjarane i dei ulike landa kan opphelde seg i dei andre medlemslanda i inntil tre månader. Det mest presise omgrepet for å omtale innvandring og innbyggjarar i dei einskilde landa si forflyning mellom landa er å nytte Schengenavtala. Utsegnet over tyder på at Kristian veit at det er Schengen som styrer grense og opphaldsavtaleverket. Det at Kristian veit nyanser og skilnader på kva avtaler som skil dette, tolkar eg slik at han innehar kulturell kapital av den institusjonaliserte forma som har og har hatt spesifikk tyding for rusmiljøet i Nygårdsparken. Sitat frå intervju med Kristian viser òg at Nygårdsparken blir påverka av globale avtaler. Bourdieu omtalar kulturell kapital som kunnskap er noko det einskilde menneske ervervar seg gjennom oppbygging av kunnskap. Kristian fortell òg at speed

(amfetamin) har hatt nedgang i pris i samband med inntreden i Schengenavtala. Han set pris på rusmiddel i samband med at Norge kom med i Schengenavtala, og etterkvart som denne har gitt medlemskap til fleire land, har innbyggjarane hatt mogleik til å bevege seg over grensene og Kristian viser til at dette kan endra prisnivået på speed (amfetamin).

Kristian fortel òg om tilknytning til miljøet og musikk på denne måten:

«For meg personlig, eg skulle klart meg uten han (den opne russcena i Nygårdsparken) .. mendu er nødt til å ha et sted å samle denne gjengen her .. de som liker dette livet .. sant de som ehh.. ja gangsterlivet i Norge sant..., de som nesten tror de bor i ghettoen sant .. eg liker den linjen som går..... ‘Det er vanskelig å være rebell i et velfungerende i samfunn. Eg vet ingenting om sult, eg e ikkje Hamsun’.. sant... den linjen liker eg veldig godt for det det er mange som tror at de bor i ghettoen.. men de gjør ikkje det altså. De vet ingenting de, er en middelmådig klasse som ikkje vet ka sult er..sant det».

Kristian, rusmisbrukar

Tilknytning til populærkultur har tidlegare vore sett som ein einvegs prosess kor sender (songar eller gruppe) sender ut eit budskap til mottakarar. Fiske (1989) utfordrar denne einsidige forståinga og meiner at budskapen vert skapt hos mottakaren. (Fiske, 1989, i Sandberg og Pedersen, 2007). Fiske (1989) meiner at populærkulturen «er kulturen til den undertrykte som prøver å unngå undertrykkelse». (Fiske, 1989, i Sandberg og Pedersen, 2007, s. 70). Omsett til Bourdieu sine teoretiske termer handlar populærkulturen om kulturell kapital og utfordring av den dominante kulturelle kapitalen sin homogenitet (Sandberg og Pedersen, 2007). Den symbolske kapital fann Sandberg og Pedersen (2007, s. 110) i form av overdriven pynting, som store glinsande øredobbar på gitar. Denne forma for pynting gjev hint om makt og rikdom i ein overdriven og esterisert form. Dette kan òg bli forstått som ei utfordring til den dominante homogene kulturelle kapitalen. Det er ikkje synleg pynt og fine klede i Nygårdsparken. Dei fleste som oppheld seg i dette rusmiljøet har ikkje slike karakteristiska i form av klede og utsjånad. Kristian fortel om dei som likar mekanismane i det han kaller «gangsterlivet». Han meiner dei treng ein stad å vere. Han koplår dette opp til ein kjend bergensmusikar Lars Vaular og songen «Ubestemmelig». «‘Det er vanskelig å være rebell i et velfungerende i samfunn. Eg vet ingenting om sult eg e ikkje Hamsun’» er verselinjer frå denne songen. Dette kan òg forståast som ein måte å lausrive seg frå homogeniteten i den dominante kulturelle kapitalen. Eit ønskje om å høyre til i ein kultur som har eit ghettopreg og blir litt set på sida av den ellers dominerande kulturelle kapitalen. Gramsci (2002), i Sandberg og Pedersen,

2007, s. 44) argumenterer for at det kan vekse fram refleksjon og kritisk tenkning òg i miljøer som manglar akademiske tradisjonar. Gramsci kaller desse personane for *organisk intellektuelle* (Gramsci 2002, i Sandberg og Pedersen, 2007).

«... ja .. så har du folk du må være inne med .. sånn som blandt annet han med krykken...
-Er det, det er viktig å være inne med han med krykken?
Ja, for han kan plutselig være helt .. 'psyko' .. sant».

Ingrid, rusmisbrukar og seljar

Ingrid fortel her om ein person som det er viktig «å være inne med». Å vere inne med forstår eg slik at ho må spele på lag med han. Grunnen til at ho må halde seg inne med han er at han kan «plutselig være helt.. 'psyko' ..sant». At han blir «psyko» forstår eg slik at han er ustabil og uberegneleg i si åtferd. Det at Ingrid må halde seg inne med denne personen betyr at han kan ha makt og kapital (gjennom at dei andre i rusmiljøet anerkjenner hans åtferd og gjev den verdi) i miljøet gjennom at dei andre anerkjenner og veit at han kan verte ustabil. Kor mykje symbolsk makt denne personen har avhenger av kor mykje anerkjening Ingrid og dei andre rusmisbrukarane gjev han, ikkje av kor mykje og kor ofte han er *heilt psyko*.

5.2.1 Symbolbruk

Kristian fortel òg at det finns symboler på å vere involvert i drap og kriminelle handlingar.

Symbolet er tatovering av ei tåre i ansiktet.

«Ja, og så ser du de der folkene som går med tåre her (peikar mot utsida av auget)Det er jo liksom at du har drept noen
- Betyr det at hvis du har tåre der så har du drept noen?
Ja. Eller betyr at du har mistet noen. Det har med kor du har han , eg husker ikkje helt kordan det no var. Og så er det noen som har tatt det bare for å være tøff altså, men noen har tatt Judasskudd sant».

Kristian, rusmisbrukar

Dette symbolet var, i følgje Kristian, opprinneleg eit symbol på at personen hadde teke liv i form av å ha sett judasskot¹⁵ på ein annan rusmisbrukar. Det å ha ei slik tåre tatoverd i ansiktet kan skape symbolsk makt og kapital i feltet. Ei slik tåre skapar berre makt og kapital dersom den som ser ho forstår tydinga av ho. Å stå ansikt til ansikt med ein person som, gjennom si tatoverte tåre, fortel at han har teke liv, skapar berre symbolsk makt og kapital dersom mottakar kjenner symbolikken bak tåra. Slik Kristians fortel dette verkar det som denne

¹⁵ Judaskot betyr ein dose rusmiddel som er dødleg. Dosa vert injisert på ein annan med overlegg.

symbolikken har vorte *utvatna* i form av at andre personar no tatoverer tåra «for å vere tøff». Nokre tatoverer den som symbol for at dei har mista nokon. Med ei slik *utvatning* av symbolet, vert det mindre sterkt og den symbolske makta symbolet gjev vert redusert.

5.3 Sosial kapital i Nygårdsparken

I denne analysa vil eg analysere fram sosial kapital i Nygårdsparken og sjå denne i samanheng med Nygårdsparken sin funksjon for rusmisbrukaren. Ein definisjon på sosial kapital er «gjensidig tillit og forpliktelser innenfor nettverk som gjør det mulig for enkeltagentar og sosiale felleskap å mobilisere ressurser og løse problemer». (Oltedal, 2005, s 169). Denne forståinga av sosial kapital har si oppbygging frå tre sentrale bidragsytarar, Bourdieu, Coleman og Putman. (Bourdieu, 1986, Coleman, 1988 og Putman 1993 og 1995a og b, i Oltedal, 2005). Sosial kapital kan bli tillagt ulike tydingar. I denne studien er omgrepet sosial kapital forstått slik Bourdieu sin teori nyttar omgrepet sosial kapital. Bourdieu meiner at agentar plasserer seg i det sosiale rom eller feltet på grunnlag av mellom anna sosial kapital. Den sosial kapital forstås som dei sosiale nettverk som ein person er medlem av og er ein del av. Mengda av denne kapitalen er bestemt av personen si grad av involvering i nettverka og kva kapital samla desse nettverka har (Bourdieu, 2011). Den samla kapitalen til eit nettverk er bestemt og representert av kva samla mengd dei einskilde personane i nettverket har. Bourdieu meiner at relasjonar mellom personar i eit nettverk er ein del av den sosiale kapitalen. Desse eksisterer i form **(1)** av praktiske relasjonar eller som **(2)** sosiale institusjonelle relasjonar. Praktiske relasjonar er prega av byter, materielle eller symbolske. Praktiske relasjonar er gjensidige forpliktande byteforhold. Symbolske relasjonar er ein avgrensa sosial eining. Det kan vere ei familie, ein navngjeven organisasjon eller ei gruppe. Gjensidigheit og byter er det mest sentrale i begge formene for relasjonar.

5.3.1 Tilhøyrgheit til gruppa

I denne studien vart intervjupersonane spurde om dei definerte seg å høyre til grupper eller grupperinger i Nygårdsparken.

«Nei, eg foretrekker å være nøytral og sånn som det var før så var det vel nesten ingen som kjente meg. For eg var bare inn og ut sant... eg likte det sånn».

Ingrid, rusmisbrukar og seljar

«Eg nei.. som sagt prøver eg å holde meg for meg sjølv om dagene, eg har blitt så mykje skuffet om dagene... og lurt».

Kristian, rusmisbrukar

Ingrid vil ikkje høyre til nokon av gruppene. Ho sel tabletter og andre rusmiddel og har, i hovudsak, ein kundekrets blant dei etnisk norske grupperingane i Nygårdsparken. Det kan tenkjast at ho treng å ha ein posisjon som er nøytral i høve til at ho sel til mange ulike menneske. Kristian fortel at han ikkje ønskjer å høyre til i Nygårdsparken lengre, han vil ikkje bli meir «lurt» og «skuffet om dagene». Dei definerer seg ikkje inn i den symbolske relasjonsgruppa som folk elles i samfunnet omtaler som rusmisbrukarane i Nygårdsparken. Kristian vil heller ikkje høyre til i dei praktiske relasjonane heller. Dette grunnjev han med at han kan bli lurt og skuffa av å delta i desse bytetilhøva. Eit døme på dette kjem fram i sitat nedanfor;

«...og så delte vi pengene på ..Megafornsalget og sånn som det der .. og så då var det flere dager kor han var nede på Nav kor eg stod på aleine hele dagen då.. og då delte eg alt med han sant .. Eg hadde 1 500,- kroner sant..hver dag. Så eg har ikkje fått en ting igjen av han.... så. Men mandag , då skulle vi begge få pengar, men det var bare eg som fikk så eg trodde hannes var bare utsatt ... og han sa han aldri fikk de. Eg tror ikkje på han altså. Der også delte eg ... ».

Kristian, rusmisbrukar.

Her viser Kristian til legal inntening av økonomisk kapital gjennom rettigheter i det offentlege velferdsystemet og gjennom sal av gatemagasinet Megafon. Han fortel at han delte pengane med ein kjend. Han fekk aldri desse pengane att og «tror ikkje på han altså» når den kjende seier at han aldri fekk pengar og kunne betale tilbake. Dette er eit byte som viser brot på gjensidigheita i byta som skapar sosial kapital i ein relasjon.

5.3.2 Tilhøyrrigheit til dei einskilde

Når Ingrid skal beskrive sin relasjon til dei ho tilbrigar tid med i Nygårdsparken, om dei er venner svarer ho:

«Ja, det er ikkje venner... men det er bekjente
-Bekjente, ja?»

Sånn som han som kom bort til oss no, han skal skaffe meg sommerjobb.»

Ingrid, rusmisbrukar og seljar

Ho seier at ho berre har kjende i Nygårdsparken. Ho fortel i sitat ovanfor om ein kjend som skal bidra med ei teneste til henne. Han skal skaffe henne sommarjobb. Dette utsegnet forstår eg slik at det er ein sosial relasjon som er prega av bytte. Han som skal skaffe henne sommarjobb har makt over henne i den forstand at han er sentral i høve til om ho skal få den aktuelle sommarjobben, så er ho avhengig av hans velvilje. Dette kan sjåast på som ein relasjon som har preg av asymetri. Gjensidige bytter er ein del av den sosiale kapitalen og når det er asymetri i bytter vil relasjonen bli forstyrra av dette. Sosial kapital bygger på en balanse i relasjonen (Oltedal, 2005). Det er vanleg å finne relasjonar som er prega av asymetri i rusmiljø (Oltedal, 2005). Desse er prega av at status og makt vert bruk som midlar for å dominera andre. Relasjonen er basert på andre føresetnader enn anerkjenning. Beundring og frykt kan vere utspringen av slike relasjonar (Oltedal, 2005). Oltedal (2005) påpeikar at det i sosial kapital finns det ei gjensidig anerkjenning av den andre. Bourdieu meiner at nokre felt har interessefrihet (Bourdieu, 1996). Det betyr at gaver blir gjeven utan hensikt om å få noko att. Dette finns i kunst og religiøse felt (Bourdieu, 1996). Det er ikkje ein slik interessefrihet i Nygårdsparken.

Omgrepet kjende kjem att hos fleire av intervjupersonane. Tore snakker òg om at han har kjende som berre han møter i Nygårdsparken.

«Eg veit nesten kem alle ansiktene her (i Nygårdsparken) er (Tore ser bortover mot der det står folk).

- *Ja, du kjenner alle, ja?*

Men , navn det., eg har ingen kontakt med disse personane på... privat

- *Okei, dei du treffer her har du ingen kontakt med utenom her?*

Så eg går her berre for å treffa dei».

Tore, rusmisbrukar

Tore kjenner igjen ansiktet på alle som oppeld seg over tid i Nygårdsparken. Han fortel at han har ingen kontakt med dei privat. Det forstår eg slik at han ikkje har kontakt med nokon av dei utanfor den opne russcena i Nygårdsparken.

5.3.3 Tilknytning til den eine

Ingen av intervjupersonane hadde meir ein ein eller to vener i rusmiljøet, resten av personane som opphaldt seg i det opne rusmiljøet i Nygårdsparken vart omtala som kjende slik

beskriven ovanfor. Intervjupersonane avviste omgrepet *vener* som mogleg å bruke om dei andre i Nygårdsparken. Ei grunngeving til kvifor dei ikkje var vener, kom dette utsegnet frå Kristian:

«Nei, jo eg har jo han ene då (seier mannsnavn) han.. en neger... han er veldig grei

-*Han er du venn med?*

Ja, han er eg venn med.

-*Stoler du på han?*

Eg veit kor eg har han

-*Du veit kor du har han?*

Ja, altså, han ville ikkje stjelt fra meg. Han ville... han er mer typisk en som kommer og bommer... sånn at han stjeler ikkje».

Kristian, rusmisbrukar

«Ja, altså... eg har vært nødt til å ta meg ut av han, for det atte... han klarer seg ikkje sjøl...Og eg sant... eg trenger hannes hjelp også.. for han er ærlig med meg. Ja og ærlighet...eh... det finner du ikkje kor som helst.. Nei, det er ikkje mange ut av de».

Ole, rusmisbrukar

Ole og Kristian snakkar om den eine nære kjende som dei har. Desse dyadane er prega av at dei treng kvarandre for å handtere rusbruk og komma seg gjennom kvardagen. Ved dyader er det mindre mekling, allianser og mindre informasjonshenting som føregår enn i større grupperinger og triader (Repstad, 2007). I eit felt med andre koder og til dels koder som bryt med normalforventningar kan det vere hensiktsmessig å ha få nære personar. Det som pregar venskap er at desse ikkje lyg, eller stel frå dei. I ein forlenga forståing av dette kan det tolkast slik at det er vanleg at personar i rusmiljøet stel og lyg for kvarande. Det å stele og å lyge blir sett på som amoralsk og dårlege handlingar i vår kultur. Dette kan tyde på at det er andre moralske koder som verkar i Nygårdsparken enn andre stadar. Parkin (2013) finn òg at sosial opparbeiding av kapital skjer gjennom dyader. Dyader som kan gje større beskyttelse av rusmiddel og praktisk hjelp (Parkin 2013). Dette har store likskaper med slik det fungerer for rusmisbrukarane i Nygårdsparken.

I høve til den sosiale kapitalen til gruppa, kan ein stille spørsmål om denne vert fragmentert og oppstykkka fordi det er små pardanningar i den større gruppa og rusmisbrukaren har gjerne berre ein person som er tydningsfull for han. Kapitalformer former handlingsmønster og særlige trekk hos ulike grupper i samfunnet. Det er ikkje den einskilde deltakar i ei gruppe

som har sosial kapital, men det er i kvaliteten på relasjonane mellom deltakarene som utgjer den sosiale kapitalen. Den sosiale kapitalen er eigd kollektivt av gruppa (Oltedal, 2005).

5.3.4 Stad for sosial kontakt

Mange rusmisbrukar har kontakt med andre mennesker gjennom opphald på ei open russcene.

Tore fortel om dette på denne måten:

«De folkene som er her, de har vært gjennom samme probleme som eg har sant, så det er jo ein av grunnene.

- *Ja, det er ein av grunnene?*

Hvis de ser at eg er dårlig så sier de ikkje nokke på det

- *Ja.. det er rett og slett lov å vera litt dårleg her.. det er akseptabelt?*

Ja, ...det er litt verre når du skal preike med ... kalle det vanlige folk...

- *Folk som ikkje går i parken?*

... men eg går no her i alle fall for å treffa folk. Selger ikkje, kjøper kanskje nokken piller av og til ..'Thats it'... men uten tvil er det det å treffe folk som er det..det er det som er 95% av det eg gjer her.

- *Kor går du dei andre dagane då, for no sa du var her berre eit par ganger i måneden?*

Då er eg heime..... Det er kun her eg går og treffer folk...».

Tore, rusmisbrukar

Slik Tore beskriver dagane i livet sitt no består det av å vera heime og gå i Nygårdsparken. Tore opplever det som vanskeleg å snakke med vanlege folk, folk som ikkje ruser seg. Han opplever gjennom å vere saman med andre rusmisbrukarar at han ikkje blir ekskludert i høve til det å ikkje vere i form. Han opplever at han kan bli akseptert i dette miljøet sjølv om han er har ein dårleg dag eller har abstinensar. Den felles erfaringane som rusmisbrukarane har i høve til avhengigheita bind saman i eit fellesskap. Tore har gått i Nygårdsparken i 11 år og har mest sannsynleg hatt eit rusproblem før han byrja gå i Nygårdsparken. Som fleire av intervjupersonane sa, så var der det ikkje i Nygårdsparken dei hadde blitt rusmisbrukarar.

«Fordi at de har blitt avhengige. Og det er... sånn som de sier, det har blitt en helt annen plass (enn Nygårdsparken), sant?»

Terje, rusmisbrukar

Her fortel Terje meir enn om kor avhengingheita til rusmidde starta. Han fortel om kvifor rusmisbrukaren vender tilbake til i øvre del av Nygårdsparken. Rusmisbrukaren har etablert ei avhengigheit til rusmidler og treng skaffe seg rusmidler. Dette utsegnet kan òg forståast i ei

vidare tyding. At når ein er avhenging treng ein òg noko anna enn folk ellers i samfunnet. Ein treng å vere i eit felleskap det er akseptabelt å vere avhenging. Tore har mest sannsynleg bygd sosial kapital i den opne russcena i Nygårdsparken dei seinare år. Han har ingen andre nettverk utanfor rusmiljøet i Nygårdsparken og han beskriver dei som han treffer der som bekjente. Sitatet seier noko om einsemda som oppstår etter lang tid med avhengighet (Lalander 2002, i Sandberg og Pedersen, 2007). Rusmiljøet kan representere ei tilhøyrlighet i og gje mening. Alternativet ville vore einsemd, å vere arbeidslaus, ha tap av identitet og ei oppleving av å vere unyttig og ubetydeleg (Nafstad, 2013).

Eg forstår vanskar i samhandling med menneske utan forbi den opne russcena, som noko som er integrert i hans habitus. Han har utvikla, på bakgrunn av den kollektive habitus i rusmiljøet som er den sosiale kontakten han har, ei åtferd som passar inn til dette miljøet og som er utvikla i påverknad frå miljøet. Det står meir om habitus i del 5.4.

5.3.5 Oppsummering kapitalfunn

I denne analysa kjem det fram funn på alle former for kapital, både økonomisk, sosial kulturell og symbolsk kapital. Funn tyder på at økonomisk kapital er sterkt styrande på feltet. Den økonomiske kapitalen er i hovudsak rusmiddel og pengar. Desse har ein så viktig funksjon for rusmisbrukarane at han ser ut til å skape handlingar som kan vere grenseoverskridande i høve til vanleg normsetjing. Det er hurtig og stor omsetjing av økonomisk kapital i Nygårdsparken. Omsetjing skjer i form av ran, kjøp og sal og bruk av rusmiddel. Gjennom bruk av rusmiddel nytter rusmisbrukaren opp sin økonomiske kapital. Feltet er difor prega av kapital vert brukt gjennom rusbruk; eit høgt konsum av økonomisk kapital dagleg gjennom inntak av rusmiddel. Feltet er òg prega av eigarskifte på kapital gjennom vilja og uvilja transaksjoner (ran og tjuveri).

Den kulturelle kapitalen synes å vere feltspesifikk og detaljert. Funn viser at den kulturelle kapitalen er kunnskapsspesifikk og faktabasert. Den kulturelle kapitalen er knytt til grupperingar og til prisar på rusmiddel og samanhenger mellom dette og globale tilhøve. Dette er knytt til Nygårdsparken sin funksjon på den måten at rusmisbrukaren ervervar seg kapital av kulturell form som er påverka av hans opphald i den opne russcena i

Nygårdsparken. Denne kapitalen er nyttig for rusmisbrukaren for å klare seg i rusmiljøet. Nygårdsparken er ein stad der nokre rusmisbrukarar tilegnar seg og nyttar goder av symbolsk kapital, i form av å vere kjend for ustabil åtferd. Denne kapitalen vil vere lite verdt i andre sosiale situasjonar. Personar si åtferd kan berre gje symbolsk makt og kapital dersom ho vert anerkjend av dei andre i rusmiljøet. Analysa viser òg at symbol for valdsbruk og drap finns i form av å nytte tatoveringar. Desse symbola kan gje symbolsk makt og kapital. Desse symbola ser ut til å ha endra tyding over tid, då dei vert tenken i bruk av fleire personar og blitt gjeven ulike tydingar.

Nygårdsparken er ein viktig arena for sosial samhandling, på tross av dei karakteristika som den sosiale kapitaloppbygginga har. Generelt så fråseier intervjupersonane seg å høyre til grupper i Nygårdsparken. Det tolking av funn viser er at den einskilde rusmisbrukar ser ut til å ha ein dyadepartner som gjev han styrka sosial kapital. Summen av dyaden sin sosiale kapital er summen av kvar av den einskilde sin kapital. Det ser ut til å vera viktig å ha denne eine venen. Det er vanleg i elles i samfunnet, at den einskilde har ulike sosiale tilknytningar til jobb, venner og familie og gjennom desse har sosial kapital i form av summen av desse gruppene sin totale sosiale kapital. Samanlikna med dette ser det ut til at rusmisbrukaren har lite sosial kapital fordi han deltek i små grupper (dyader) og definerer seg ikkje heilt inn i dei større grupperingane i Nygårdsparken. Mengda av den sosiale kapitalen vert i følge Bourdieu (2011) bestemt av grad personen har av involvering i nettverka og desse nettverka si samla kapital. Når rusmisbrukaren tilstreber å halde seg utanforbi gruppa, får han heller ikkje tilgong till den samla kapitalen som gruppa har.

Deltaking i nettverk med mykje sosial kapital kan gje tilgong til ressursar, men gjer det ikkje automatisk. Det er ikkje alltid deltakarane kan eller vil nytta denne moglegheita (Oltedal, 2005). Asymetriske relasjonar er vanlege i rusmiljø (Oltedal, 2005). Desse relasjonane er lite prega av den anerkjenning som baserer seg på likeverd og som er sentral i Bourdieu sin omgrep og definisjon av sosial kapital. Deltaking i slike miljø kan gje tryggleik og tilhørighet, men i mindre grad kan deltakinga bidra til å gje den einskilde deltakar ressursar som igjen kan gje deltakaren vekst og utvikling. Vekst og utvikling som set han i større grad i stand til å fungere i høve til krav ellers i samfunnet, på andre felt i samfunnet (Oltedal, 2005).

Kapittel 6 Habitus og spel

6.1 Habitus - praksis

I denne delen vil eg studere mogleg funn av handlingar og åtferd som kan vere ein del av etablert habitus i den opne russcena i Nygårdsparken. Eg vil analysere om habitus er synleg og korleis kjem han i så fall fram i synleg form. Eg vil deretter sjå kva samanheng det er mellom habitus og funksjonar som opphald i Nygårdsparken har for rusmisbrukaren.

Individets habitus vert prega av den habitus som er dominerande i den sosiale gruppa individet tilhøyrrer. Habitus er ikkje ein personleg eigenskap, den er først og fremst eit kollektiv skapt prinsipp for praksis. Habitus er et resultat av omgjevnadane. Gjennom preging av gruppa som individet høyrer til skaper dette felles perspektiv på omverda og individet sin eigen sjølvforståing. Gjennom å skape fellesskap (felles perspektiver med ei gruppe), vert det eit middel til å avgrense seg frå andre grupper.

Livstil og smak er ein del av ein persons habitus. Med smak følgjer òg avsmak, eller som Bourdeu beskriver det; snakke seg inn og ut av ulike posisjoner (1999a). Dette kalles *alldoxia*.

«Men eg må jo ha piller då, tablettar det ...(...)...og å røyke hasj kan ikkje eg se som nokke alvorlig lovbrudd».

Ole, rusmisbrukar

Ole fortel om sine synspunkt på ulike rusmidler. Han har noko behandling foreskrive frå lege. I tillegg treng han piller og hasj fortel han. Han meiner at tablettar er noko han «må ha» og hasj ser han på «som ikkje nokke alvorlig lovbrudd». Å «må ha» kan tyde at det har habituert seg ein praksis på dette å bruke ulike rusmiddel saman med anna legalt foreskriven behandling. At den kollektive måten å oppfatte sidemisbruk på er at dette er noko som ein må ha og ikkje vert rekna som så alvorleg. Det å «må ha» kan forståast som å snakke seg inn i *alldoxia*. Denne analysa heng saman med funn under feltet autonomi, sjå del 4.1.9 der rusmisbrukaren snakkar lettare illegale rusmiddel inn medisinske termer.

Rusmisbrukarane som vart intervjuva i denne studien var nesten konsekvent i å si omtale av rusfrie menneske som *vanlege folk*.

«Det er litt verre når du skal preike med ... kalle det vanlige folk».

Tore, rusmisbrukar

Her fortel Tore om korleis han opplever det når han skal snakke med andre enn rusmisbrukarar. Det opplever han som «litt verre». Han kaller her andre som ikkje er rusmisbrukarar «vanlege folk». Dei som nyttar rusmiddel omtala seg sjølv med ulike omgrep. Rusmisbrukar og narkoman var vanleg måte å omtale seg sjølv og andre som ruser seg.

«Det er greitt at du ikkje skal skamme deg over at du har blitt narkoman og sånn».

Kristian, rusmisbrukar

Rusmisbrukaren kategoriserer menneske etter om dei inntar rusmiddel i stort omfang eller ei. Slike måtar å kategorisere menneske danner òg ei gruppering av menneske. Gjennom slik grupperingsdanning, snakkar rusmisbrukaren seg inn i gruppa rusmisbrukarar og han snakkar seg ut av gruppa vanlege folk.

Bourdieu (1999a, s. 144) meiner om habitusomgrepet at dette er ei konstrukt som har til føremål å forstå den praktiske forståinga og gjere agenten i stand til å utføre handlingar styrt av praktiske kunnskap. Konstruktet habitus avviser dei to skolestiske syn **(1)** den mekaniske tankevirkning av ytre tvang, **(2)** at agenten handler fritt og bevisst med full forståing. Gjennom å gruppere seg inn i ei gruppe og ut av den andre lagar dei seg ei forståing av kor rusmisbrukaren høyrer til. Dette skjer i følgje Bourdieu gjennom ein gradvis og tileigna praksis som ikkje skjer fritt, men som heller ikkje berre er styrt av ytre rammer. Kristian fortel dette om korleis han har forandra seg den seinare tid:

«ja.. eg har vært veldig konfliktsky opp gjennom tidene. Det er nokke eg har lært meg gjennom de siste årene..at.., ja no tar eg igjen for å si det sånn..

- *Ja tidligare var du konfliktsky sånn at hvis det var noe krangel, kva gjorde du då ?*

Då stakk eg ... men det gjør eg ikkje no

- *Kva gjer du no?*

No slår eg.. for det.. når eg havnet på hospits liksom ble eg så vanvittig trukket på .. hver dag sant .. og til slutt så bare skjønnte eg ouææ... det er jo et spill dette her de er jo like redd... som meg .. det er bare det at de kan spillet...Det er ikkje sikkert at de slår engang... bare har det i munnen sant, for å skremme med ord... Så då.. for å ikkje miste verdigheten ..begannte eg å slå igjen.

- *Så tar du rett og slett og igjen. Slår igjen?*

Ja, det har skjedd et par ganger. 3 eller 4 ganger siden lille juleaften. Truet med kniv har eg blitt .. blitt drapstruet av...».

Kristian, rusmisbrukar

I utsegnet fortel Kristian korleis han gradvis dei seinare åra har nytta vald gjennom å «slå igjen» når han har vore i situasjonar som har vore prega av mogleg vald. Han fortel at han tidlegare trakk seg tilbake, men at no slår han igjen. Han grunnjev dette med at han «for å ikkje miste verdigheten ..begannte eg å slå igjen». Dette kan sjåast som ei endring i åtferd hos Kristian som skuldast feltet han oppheld seg i. Han oppheld seg i eit felt kor det er meir vanleg å løyse konflikter med fysisk vald enn elles i samfunnet og han vert påverka av denne kollektive praksisen. Dette manifester seg i hans vurderingskjema gjennom den sosialiseringprosessen han går gjennom i feltet. Dette gjer at han byrjar handle annleis enn han gjorde tidlegare. Det tek tid å opparbeide habitus og tidlegare erfaringar spelar inn (Sandberg og Pedersen, 2007). Eg forstår Kristian slik gjennom dette utsegnet, at denne endringa at han nyttar vald, har komme til over tid. Han fortel at han tidlegare trakk seg vekk frå konflikhtar, at han ikkje nytta fysisk vald, men no har han endra handlingstrategi til å slå att. Dette forstår eg slik at han blitt utsett for vald eller trugslar om vald før, men handla med å trekkje seg bort, til at han no deltek i valdsbruken. Han beskriv det som «nåkke eg har måttet lært meg». Det er noko som han måtte lære seg fordi han oppheld seg i eit felt som har vald som praksis for konfliktløsning. Denne forma for endring mot vald som løysing på problem, vert ein del av habitus i feltet. Denne manifester seg i handlingskjemane til den einskilde deltakar. Kristian har tilpasse seg til den kollektive habitusen i feltet. Han tilskriv denne endringa i seg sjølv knytt til å behalde verdigheit. Han fortel at han blir truga, slått og han opplever det som meir mogleg å behalde sin verdigheit gjennom å slå att. Verdighet kan her forståast som sentral for spelet som føregår på feltet. Verdighet er med å posisjonere rusmisbrukaren på feltet.

Habitus er nært knytt til dei praktiske handlingar, Bourdieu (1999a, s. 144) meiner at habitus heile tida skal «fremkalle tilpassede strategier som hele tiden fornyes». Den praktiske kunnskapen gjer at Kristian utfører nye handlinger som vert oppfatta som tilpassa strategiar i feltet. Sandberg og Pedersen (2007) omtaler den form for habitus som vert utvikla på gata som *gatehabitus*. Gatehabitus binder deltakerne til gata (Sandberg og Pedersen, 2007).

6.1.1 Habitus, pengar og svik

Pengar er ein sentral kapitalform i Nygårdsparken. Feltet opererer fortsatt med kontantar i større grad enn andre felt. Pengar er lett omsetjleg til rusmiddel. Eg vil analysere korleis pengar og rusmiddel heng saman med habitus og kva dette har å sei for kva funksjon opphald i den opne russcenar har.

«Eg har blitt så mye skuffet om dagene og lurt .. sant eg er veldig godtroende sant .. som tror at mennesket er godt .. helt til det motsatte er bevist og det... i dette miljøet her så blir det det veldig fort bevist motsatt. .. sant at med en gang .. ehh... med en gang personer får pengar så kunne de tenke seg å lure sant.. og det gjør ikkje eg sant ... det er bare, eg deler gjerne '50/50'».

Kristian, rusmisbrukar

«Ja.....de kan stole på meg, for det at eg gidder ikkje drive sånn der der....ehh.....eg har vært alt for snill med folk....og domsnill.....men det er for å hjelpe de...det er jo ikkje for å.... utnytte de eller....eller noe sånt.....sant, men alikevel så har de utnyttet meg og lånt».

Ole, rusmisbrukar

Fleire av informantane fortalde om lån av pengar og stoff. Det var ikkje uvanleg å dele pengar og varer med kvarandre. Samstundes så ligg det eit paradoks i dette, for dei viste at dei nødvendigvis ikkje fekk att desse pengene eller rusmidla. Det å lure folk og å ikkje gjere opp for seg i høve til lånte pengar eller rusmiddel syntes å vera ein del av den kollektive habitus i Nygårdsparken. Ein anna konsekvens av dette er paradokset som det får for bytereasjonar i høve til den sosiale kapitalen. I den relasjonelle delen av sosial kapital ligg ein bytekultur. Ein byter tenester og praktisk og emosjonell hjelp. I denne forma for kollektiv habitus er det slik at byte, og lån av varer eller pengar kan føre til unngåing. Når den eine skuldar pengar eller varer til ein annen så må han unngå den andre dersom han ikkje kan gjere opp for seg. Det kan fungere slik at eit vennskap kan verta øydelagt gjennom å låne ut pengar eller varer. Det er òg interessant at verken Kristian eller Ole vil vedkjenne seg å vere ein del av denne kulturen. Dei er ikkje slike som svindlar andre.

«Ja, sånn som no nettopp .. så hjalp eg en fyr sant,... eg kunne jo mistet stedet eg bor .. eg lot han få lov å sove der om nettene».

Kristian, rusmisbrukar

Dette utsegnet viser at Kristian er viljug til å strekke seg langt for å imøtegå «en fyr», faktisk så langt at han risikerer å miste bustaden sin. Utsegnet speiler nok eit parkdoks i dei opne

rusmiljøa, at rusmisbrukaren kan vere villig til å gå langt for å stette den andre sin behov sjølv om dette kan vere til stor skade for han sjølv.

«Eg låner de jo gjerne en hundrelapp, selv om eg ikke vet om eg får den tilbake».
Ingrid, rusmisbrukar

Ingrid har ikkje noko godt svar på kvifor ho låner vekk pengar som ho veit er usikkert om ho får att. Johansen (2002) sin rapport om tillit og svik i narkotikamiljøet omtaler dette fenomenet. Årsaken til å utsette seg for slike sårbare situasjoner, der ein delar og blir sviken, er at dei kan oppnå sosiale eller materielle gevinster frå dei andre (Johansen 2002a, i Nafstad 2014). Ingrid grunnjev at ho delar pengar med at ho syntes synd på den som treng pengar. Bourdieu (1999a) sitt omgrep habitus manifester seg i kroppen og handlingar og val skjer utan nøye vurdering på førehand. Samstundes som habitus er noko som er inkorporert og gjer seg utslag automatisk, så meiner Bourdieu (1999a) at habitus er fleksibel nok til at mennesket kan orientere seg i nye samanhengar. Dette kan tyde på at det er etablert seg ei vekselverknad på å bli sviken og å dele noko som er inkorporert i den kollektive habitus i Nygårdsparken.

6.1.2 Oppsummering

Døma ovanfor viser korleis rusmisbrukaren snakker seg inn i gruppa rusmisbrukarar og ut av gruppa vanlege folk. Det viser òg at rusmisbrukaren snakker seg inn i å *måtte ha* medisin og rusmiddel. Dette er bruk av Bourdieu sitt omgrep *allodoxia*, som tyder å snakke seg inn og ut av ulike preferansar (Bourdieu, 1999a). Reint funksjonsmessig gjev dette ei tilhøyring til ei gruppe og avgrensing til ei anna. Kristian viser i si utsegn om eskalerande bruk av vald, at Nygårdsparken kan ha som funksjon at einskildindividet vert påverka av den kollektive habitus i miljøet. Nygårdsparken sin funksjon i høve til habitusomgrepet viser her at einskild mennesket vert påverka av den indre justis i miljøet og kan verte ein valdsutøvar utan eigentleg å ha ønska det. Det er òg slik at rusmisbrukarne har etablert ein forventning om å bli sviken. Pengar og relasjonar synes å vere midlar til bruk for svik i større grad enn elles i samfunnet. Svik er blitt ein del av den kollektive habitus i russcena i øvre del av Nygårdsparken.

6.2 Spelet

Bourdieu omtaler det som føregår i eit felt som eit *spel*. Spel er ein analogi for det som skjer i eit felt. Det er ulike spel på ulike felt. I Spelet finns det reglar (*doxa*). *Doxa* er dei heilt grunnleggjande reglane i spelet og dei må spelarane akseptere. Desse feltspesifikke reglane må vera kjende for agentane. Eit døme på dette er Kristian som sier dette om å selgje Megafonblad:

«Alikavel der så selger eg mye mer Megafon på det at eg ser nøktern ut».

Kristian, rusmisbrukar

Kristian sel mange Megafonblad. Han har gjennom den røynda han har opparbeida seg funne ut av kva som gjev best omsetjing. Gjennom kjennskap til reglane om kva som verkar i dette arbeidet, kan han så gjere det som verkar best i denne jobben. Når han sel Megafon, sel han til vanlege folk og han oppheld i det offentlege rom i Bergen. Denne sansen for spelet kan vere fysisk og kroppslig som kanskje ikkje så lett kan omsettast til ord. Den er basert på ei forståelse av spelet og reglane som ligg til grunn, og er ein del av habitus (Wilken, 2008 s. 48). Dei sosiale spela i rusmiljøa kan ikkje berre forståast ut frå reglane som gjeld på feltet. Agentane handlar strategisk i høve til desse. Det Kristian gjer i høve til Megafonsalg er eit godt døme på det. Slik at det å ha kjennskap til speleregler og kunne handle strategisk (gjennom habitus) i høve til spela, er utsiktene til å lukkast på feltet gode. Ein vil opparbeide seg kapital og auke sin sosiale posisjon i det spesifikke feltet.

I fyrste sitatet ovanfor har Kristian omgong med potensielle kundar i heile samfunnslaget. Han nyttar ein strategi som verkar i dette spelet. I samhandling med andre rusmisbrukarar har han avdekka noko som han meiner er viktig. Som agent i spelet kan han innrette seg i høve til desse.

«Det er jo et spill dette her, de er jo like redd .. som meg. Det er bare det at de kan spillet».

Kristian, rusmisbrukar

Doxa og *illusio* heng saman. *Illusio* betyr at ein vert dregen inn i spelet, her betyr det at rusmisbrukaren vert dregen inn i spelet i dette feltet. Det er ikkje alltid klart for den det gjeld at han vert det. Det er noko som er bevisst og noko som skjer ubevisst. *Illusio* vert slik Nafstad (2013) omtaler det ei bevisst eller ubevisst anerkjenning av dei verdiar som står på

spel innanfor eit felt. Dette er tett vevd saman med symbolsk kapital og feltet, altså dei verdier som vert opplevd som viktige å streva etter på ulike område. Her i dette feltet, for ein rusmisbrukar i rusmiljøet inneber det at kompetanse, erfaringar og verdier som er anerkjend i dette miljøet er verdt å streva etter. Dei vert opplevd som viktige i den situasjonen dei er i. Desse formane for *illusio* treng ikkje vera viktige på andre samfunnsområde. Dei kan i verste fall vera ulovlege og ansjåast som lite hensiktsmessige.

6.2.1 *Doxa* – Butikk med aldersgrense

Doxa, reglane i eit felt er ofte feltspesifikke og gjeldande på den einskilde feltet. Eg vil analysere kva reglar som finns i den opne russcena i Nygårdsparken og kva tyding dei har for funksjonen som denne staden har for rusmisbrukaren.

«Det var som å komme inn i ein butikk».

Kristian, rusmisbrukar

Kristian omtalar sitt første møte med den opne russcena som å komme inn i ein *butikk*. Metaforomgrepet butikk gjev assosiasjonar til å kunne foreta val og deretter kjøp. Ein butikk har eit varesortiment og kunden kan velje det han vil kjøpe. Gjennom å bruke denne metaforen for den opne russcena i Nygårdsparken, gjev Kristian eit bilde av at han kunne velje kva rusmiddel han ville kjøpe når han kom inn der. I starten hadde Kristian problem med å få lov å handle i denne butikken:

«Ja, 'kom deg vekk herfra din drittunge' sa de .. men eg syntes egentlig det var en god ting, men det skjer ikkje lenger.

-Det skjer ikkje lenger ?

No er det pengar som styrer absolutt alt ...».

Kristian, rusmisbrukar

Dette sitatet frå Kristian viser at det har vore ein regel i Nygårdsparken si opne russcena om at dei yngste ikkje skulle få kjøpe rusmiddel Nygårdsparken. Kristian var 18 år fyrste gongen han gjekk i Nygårdsparken for å handle rusmiddel. Han fortel at han såg yngre ut enn han var. Det var då ein regel om å ikkje selje til barn og ungdom under 18 år. Dette er eit eksempel på *doxa*, ein *doksisk* haldning. Alder til kjøpar vart prioritert framfor mogleg inntjening gjennom sal av rusmiddel. Regel om å ikkje selje til unge under 18 år var etablert i miljøet og var noko som ingen fann grunn til å stille spørsmål ved, dermed eit at feltets *doxaer*.

Denne butikken hadde 18 årsgrense før. Grensa for kjøp er no broten fortel Kristian. Intervjupersonar i denne studien beskriv at denne endringa kom når dei utlandske seljarane kom inn i feltet. Dei har andre prinsipp som ligg til grunn for sal av rusmiddel. Det oppstod då ein konflikt, ein *dissent* til den heterdokse praktiseringa, å ikkje selje til dei som var mindreåring. Når det kjem ein *dissent* til praksis på feltet, kaller Bourdieu denne ein *ortodoksa* (Bourdieu, 1977). Då oppstår det ei usemje om praksis på feltet. Det var, i følge dei norske, dei utanlandske som opponerte mot den eksisterande *doxa* i feltet. Moglege forklaringar på dette kan vere ulike: dei utlandske har ikkje relasjonar til dei norske, og eller dei har eit mykje større fokus på profitt og eller ein meir global framgongsmåte. Dei utanlandske har ein *doxa*, der profitt og inntjening går føre og vert sett over aldersgrense for kven dei sel til. Eg er ikkje kjend med om norske seljarane har innarbeidd denne regelendringa i feltet.

6.2.2 Kva skjer når butikken skal stengje?

Rusmisbrukarane og dei som arbeider med gruppa rusmisbrukar, har tankar om at ei stenging av Nygårdsparken si øvre del innan 25. august 2014 vil medføre spreiding av rusrelaterte aktiviteter rundt i Bergen sentrum, både kjøp, sal og bruk. Til dette knyt det seg ei felles bekymring både frå dei som arbeider med gruppa og rusmisbrukarane i dette studiet.

«Ja det (stenging av Nygårdsparken i 1990) husker jo eg , og då var jo eg ung, og nede på Torgallmenningen der, det var.. då rekrutterte de flere unge».

Ingrid, rusmisbrukar og seljar

Ingrid hugsar korleis det var sist rusmisbrukarane vart utestengd frå Nygårdsparken, i 1990. Ho meiner at det vart rekruttert fleire unge når rusmiljøet opphaldt seg i sentrum av Bergen.

«Det eg tror kommer til å skje no når parken kommer til å forsvinne er at og de ikkje har nokke spesielt nytt sted å oppholde seg ... så kommer de(rusmisbrukarane) egentlig til å spre seg sant .. sant de kommer ikkje til å gå ut av av byen.. de kommer til å gå inn.. sånn at eg tenkjer mye det blir Bystasjonen sant, og der Torgallmenningen, sant».

Ole, rusmisbrukar

Ole har nytta Nygårdsparken i 40 år. Han er den informanten i denne studien som viser mest følelser og er særst imot at Nygårdsparken skal verte stengd for rusmisbrukaren.

«Jeg tror det (rusmiljøet) vil bli veldig spredt».

Terje, rusmisbrukar

«Og da er det Bystasjonen, som allerede har en stor opphopning av rusmiddelavhengige, men som også har en stor opphopning av unge i risikozonen. Det er jo min store bekymring i dette (stenging av Nygårdsparken)... er at vi får en mye mer sånn massiv tilstedeværelse av eldre rusmiddelbrukere på Bystasjonen, sammen med de unge..(...)...Mange av disse er lett påvirkelige, de kan være – og det vet vi erfaringsmessig – de kan være veldig lett påvirkelige, en del av disse jentene, for litt eldre gutter som gjerne tar seg godt ut og er tøffinger. Egentlig 'unge tunge'. Mange av dem er gjerne i den kategorien. De er fremdeles på trening og... så de trener selv om de ruser seg. Der er det en del bekymring nå, for meg i hvert fall, med å tenke på hva skjer der (stenging av Nygårdsparken)»

Nils, arbeider med rusmisbrukarar

Det er ei felles bekymring om mogleg rekruttering som vil verte enklare når Nygårdsparken sin øvre del vert avstengd. Nils har ei bekymring rundt ungdommar som kan la seg blende av dei unge tunge som fortsatt ser godt ut. Desse som han beskriver som «litt eldre gutter som gjerne tar seg godt ut og er tøffinger» Desse er egentlig «'unge tunge'» som har eit etablert rusmisbruk av stort omfang. Dette er ikkje så synleg på dei ennå og dermed kan dei vere moglege rekruttanter til rusmisbruk. Den felles bekymringa for at butikken vert stengt er ikkje det at dei ikkje kan nytte den lenger til å handle i, men at butikken vil oppstå i form at små utsals- og brukstader andre stadar i Bergen sentrum. Dette kan føre til mindre kontroll og mogleg mindre *doksiske* handlingar og mogleg større kundekrets.

Ingrid som sel rusmidler i Nygårdsparken er bekymra for kva som skjer for hennar del når Nygårdsparken vert stengd.

«Eg ville miste kundekretsen min, for det at eg er ikke interessert å stå der nede (Vågsbunnen), og eksponere meg blandt streite folk

- *Kor vil du gå då?*

Eh.. forhåpentligvis slutte.. ellers.. så begynner eg vel med telefoner og å møtes andre steder..»

Ingrid rusmisbrukar og seljar

Ho vil «miste kundekretsen» og dermed jobben sin når øvre del av Nygårdsparken vert avstengd. Ho vil ikkje stå i sentrum av Bergen og eksponere seg «blant streite» folk. Ho fortel òg at ho har familie som arbeider i Bergen sentrum og ho vil ikkje utsette dei for å sjå henne som seljar av rusmiddel. Ho tenkjer at stenging av den opne russcena vil føre til endringar, anten sluttar ho å selje eller så byrjar ho selje via telefon. Dette kan gje indikasjonar på mogleg avskalling av sal når sal ikkje kan foregå i Nygårdsparken.

6.2.3 Oppsummering spel og reglar

I denne analysa viser at Kristian har forstått at det finns ulike spel på ulike arenaer. Han har òg funne ut kva spel og kva reglar spela har. Han kan gjennom å inneha denne kunnskapen handtere felte betre og lukkast i dei ulike felte. I høve til kva funksjon den opne russcenar i Nygårdsparken har i høve til spel, kan det sjå ut som at rusmisbrukaren bevisst eller ubevisst anerkjenner spelet både på godt og vondt. Kristian beskriver at det har skjedd ei endring i feltet sine reglar (*doxa*). Det er no pengar som er den styrande kapitalen i Nygårdsparken, og det betyr at pengar overstyrer regel om å ikkje selje rusmiddel til mindreårige. Dette viser at feltet truleg har hatt reglar som har vore styrt av anna form for kapital enn den økonomiske. Denne styringa har no falle bort med bakgrunn i ein *dissent* (dei utanlandske seljarane) på feltet som har skapa usjeme og endra reglane.

Det er ei felles bekymring rundt kva som vil skje når øvre del av Nygårdsparken vert avstengd. Det er ei bekymring som ikkje i hovudsak er retta mot å skaffe seg rusmiddel, men ei bekymring for at det vil skje ei større rekruttering til rusmiljøet. Dette tenkjer informantane vil skje gjennom at butikken vil få filialer rundt i Bergen sentrum og desse filialane vil kunne ha mindre grad av *doxa*. Det er òg ei bekymring for å rekruttering kan skje gjennom at *unge tunge* som fortsatt tek seg godt ut, vil vere meir synleg i området der ungdom som er i riskosona oppheld seg. Nygårdsparken har ikkje vore ein tradisjonell plass kor desse ungdommane, som er heilt i utprøvningsfasa har oppsøkt. Det har gjort til at miljøet har kunna oppretthalde og vore meir samla om reglar. Ingrid ønskjer ikkje fysisk å blir eksponert som seljar i Bergen sentrum. Det kan bety mindre sal eller andre måter å selje på etter stenging.

Kapittel 7 – Illusio og symbolsk vald

7.1 Illusio og *Harm illusio*

Illusio betyr at ein blir dratt inn i spelet. Dette skjer anten ein er bevisst at ein vert dregen inn i spelet eller ei. Illusio er ikkje intensjonelt i den betydning at det er handling som er direkte styrt av intensjonar (Nafstad, 2013) Bourdieu viser til at illusio er det å bli gripen av spelet, ha tru på at det er verdt å spele spelet, at spelet er verdt bryet (Bourdieu, 1996, s 132). Illusio er òg ei anerkjenning av dei verdiar som står på spel innan eit felt (Wilken, 2008). Alle felt har spel og illusio. Eg vil analyse fram kva illusio som er i Nygårdsparken i dette kapitlet, samt sjå kva funksjonar denne har.

Parkin (2013) finn i si studie av injiserande rusmisbrukarar ei særskild form for illusio. Denne forma for illusio kallar han *harm illusio*. *Harm illusio* (skadeillusio¹⁶) oppstår når rusmibrukaren gjer handlingar og føl reglar som kan føre til skade. Parkin (2013) finn i si undersøking at rusmisbrukaren er oppmerksom på at han utset seg for fare. Rusmisbrukaren har ei todelt bevisshet. Den todelte bevisstheita betyr at rusmisbrukaren veit han utset seg for mogleg skade og likevel utfører han handlingar som kan føre til skade (Parkin, 2013).

«Altså, gjerne iblandet mye forskjellig – det er dårlig heroin, så blander de i ulike tabletter i det også, før de skyter det. Sant, i forhold til at rusen skal bli bedre. Og det... og det er sånn alt av tabletter som er til salgs. Altså, der er... det er litt lite kritisk blick på hva man faktisk velger å... ja.

- Å putte sammen?

- Ja. Å skyte inn i en blodåre. Ja, det er det. Så rusen er... rusen er det absolutt viktigste. Sant».

Nils, arbeider med rusmisbrukarar

«Rusen er det absolutt viktigste», fortel Nils. For å oppnå best mogleg ruseffekt vert ulike rusmiddel blanda saman av rusmisbrukaren. At rusmisbrukaren injiserer ulike blandingar i håp om best mogleg ruseffekt kan ein forstå i kontekst av det Parkin (2013) sitt omgrep *harm illuso*. Informantane i denne studien viste godt om at dei utset seg for fare når dei injiserer ei blanding av ulike rusmiddel. Kristian viser dette når han fortel om at dersom han får riktig heroin, så dør han, sjå nestde del 7.1.1. Parkin (2013) finn at dei aller fleste rusmisbrukarane i

¹⁶ Dette er mi oversetjing av *harm illusio*

hans studie visste om dette og at dei dagleg utset seg for fare for skade og har skadefremjande åtferd. Det vert då slik at *harm illusio* gjev ei prioritering av kva som er viktigst. Ofte er det rusen og effekt av denne. Så kjem mogleg skade som konsekvens som ikkje vert prioriter like høgt som ønsket om best mogleg rus.

Regionsavisa Bergen Tidende publiserte 15.06.2014 ein lengre artikken med tilhøyrande videointervju frå Nygårdsparken. Reportasjen rekonstruerer eit døgn i Nygårdsparken (Jansen, 2014). Siste sitat i artikkelen er frå ei injiserande jente:

«Jeg har angst for politiet. Ikke for å bli tatt, men for å miste smellen».

Smell er vanligvis ein dose heroin, eller anna stoff som gjev sterk ruspåverknad (Weihle-Wallin, 2010). Utsegnet til denne jenta forstår eg slik at for henne er det å komme i kontakt med politiet, i samband med straffbare handlingar, underordna det at politiet kan ta frå henne moglegheita til å oppnå rus gjennom å ta frå ho rusmiddel. Når rusmiddelet er injisert er det for seint å ta det frå den injiserande. Parkin (2013) gjorde likande funn i si studie. Den injiserande rusmisbrukaren kunne injisere svært fort på ubeskytta stadar. Rusmisbrukaren gjorde dette, med vissheit om at dette kunne vere farleg, for å unngå å bli fråteken rusmidlet (Parkin, 2013). Dei responderte på ein slik måte at det kunne sjå ut som at fare for skade blei normalisert og *habituert* (Parkin, 2013).

7.1.1 Overdosar og stad

Ei anna praksis i Nygårdsparken som òg kan gje skade, er praksis at ved overdose, venter dei som er tilstades lengst mogleg før dei tilkaller hjelp. Dette skjer først når det vert respiratoriestans. Dette handler om ein praksis som er i feltet om at ein skal ikkje *ta frå kvarandre* rusopplevinga (Gerdts og Grung, 2011). I verste fall kjem varslinga og hjelp for seint og dette kan gje skade hos den som gjekk i overdose. Ytterste konsekvens av *harm illusio* er overdose med døden som utgong.

«Ja du kan ikkje vite det (kor rein heroin er) .. du kan lukte .. du kan se om det er mørkk altså.. men det er veldig vanskelig å vite ..så det at eg tar dødlige doser ja .. og får eg riktig heroin så dør eg..... ».

Kristian, rusmisbrukar

Kristian fortel i intervjuet om dosering han inntek og at han tek dosar som han veit er høge. Han fortel at: «får eg riktig heroin så dør eg...». Han meiner med «riktig heroin», ein reinare heroin enn den som er vanleg no. Han viser i dette sitatet at han er bevisst at han utset seg for fare med mogleg dødleg utgong. Gjennom at han bruker orda «får eg» tyder på dette. Likevel gjer han dette igjen og det speglar ein *harm illusio* som er etablert hjå han. Hans prioritet er å ikkje ha abstinensar og føle seg dårleg, og han set mogleg skade framfor dette. Han fortel om at veka før intervjuet injiserte han heroin som var av ei slik kvalitet at han fekk ein rus som gjorde han meir uklår enn det han pleier. Han fortel at då gjekk han rett på sjøen nede i sentrum av Bergen etter han hadde injisert dette. Slik at han har opplevingar i nær tid som førte til skade. I sitatet under fortel han om denne hendinga:

«- Men så er den (heroin) mindre rein stemmer det? må du bruke meir? Eller kan du bruke samme dose?

Veldig forskjell på det, som sagt forrige uke så var det jo ekstremt god heroin sant.. og så gikk jo eg rett på sjøen...nede med Bryggen».

Kristian, rusmisbrukar

Illusio er bygd om rundt ein oppmerksomhet om en logisk praksis på et felt som involverer ein bevisst og ubevisst binding til dei grunnleggjande verdiar, handlingar og kapital som er lokalisert i habitus. Dette heng saman med spelanalogier der illusio illustrerer at agenten blir fanga av spelet. Det dannar seg en oppmerksomhet og ein aksept av dette fenomen (Parkin, 2013). Kristian verkar å vere fanga av spelet og spelets illusio. Sansynlegheita for at han vil innta større dosar enn dagleg vedlikehald er tilstades. Studier viser (EMCDDA, (2010), i Gerdt og Grung, 2011) at å overleve overdose kan gje ein kraftig risiko for seinare død av overdose.

Nakken (2007) deler styring av avhengigheit inn i to kategorier. Avhengigheit kan vere styrt av ein (1) intellektuell avhengighetslogikk som er i stor grad styrt av tankar og det rasjonelle i einskildindivitet (Nakken, 2007). Den andre måten å sjå kva som styrer anvhengigheit er så sjå avhengigheit som styrt av ein (2) emosjonell logikk (Nakken, 2007). Denne er mykje meir prega av impuls, umiddelbar behovstilfredstilling. Handlingar som ber preg av emosjonell logikk er ofte raske og lite vurdert i forkant. Handlingar som rusmisbrukaren utfører når han ønskjer unngåing av abstinenssymptom, kan bere preg av å vere emosjonelt styrt.

Parkin (2013) meiner at den *harm illusio* som er etablert blant rusmisbrukarar som har ei gatebasert injiseringspraksis, òg finns i andre grupper injiseranade uavhenging av injiseringsomgjevnader. Parkin (2013) finn med andre ord at *harm illusio* er tilstades hos injiserande, samstundes så har injiseringstad betyding for kor mange mogleg skadefaktorar den injiserande utset seg for. Kontrollerte stadar øker muligheten for nokre skadar og semikontrollerte og ukontrollerte stadar øker muligheten for andre skader. Skade kan ha ulike årsaker. På kontrollerte (kontroll som er styrt av rusmisbrukaren) stader som offentlege toalett, kan skadefremmjande åtferd handla om å skunde seg slik at rusmisbrukaren ikkje blir forstyrra eller avbroten i injiseringa. På semi kontrollerte og ukontrollerbare stadar handlar mykje om skadeleg åtferd om å unngå å bli teken, eller å unngå å blir fråstelt rusmiddel. (Parkin, 2013).

Nygårdsparken er ein ein semikontrollert stad i Parkin sin kategoriar, ein kategori B stad. Den har nokre trekk som kan fremje skade i høve til at injiserande i Nygårdsparken ikkje har tilgong til reine injiseringsområde. Injisering føregår på mark eller benk. Likevel er det ein stad som er rolegare i høve til å injisere i gata og det er ein kjend plass for rusmisbrukaren som oppheld seg der. Parkin (2013) finn at kjent stad gjev mindre stress for den injisernade.

7.1.2. Oppsummering

Funn i denne analysa viser at rusmisbrukaren innarbeider praksisar i sin habitus som kan gje skade. Det er rusmisbrukarar som har etablert *harm illusio* i Nygårdsparken si opne russcene. Denne form for *illusio* gjev åtferd og handlingar som kan vere til skade for rusmisbrukaren. Desse skadene syntes å bli nedpriorterte framfor rusinntak og oppnåing av maksimal ruseffekt. Opphald i Nygårdsparken kan i denne samanheng ha ein funksjon som kan vere livreddande for rusmisbrukaren i høve til overdosedødsfall. Stad der injisering blir føreteke har tyding for mogleg skade som kan oppstå. Nygårdsparken er ein semikontrollert stad som kan hindre nokre former for skade og fremje andre former for skade.

7. 2 Symbolsk vald

Symbolsk vald oppstår når den som underkaster seg gjer dette utan å vete det og går inn og handlar til støtte for den andre sin perspektiv. Symbolsk vold er ein ikkje-valdleg tvang

gjennom bruk av implisitt sosial og kulturell kontroll (Parkin, 2013). For at denne forma for vald skal oppstå, må det føregå ein kamp. Spørsmål som aktualiserer seg er om det føregår symbolsk vald knytt opp til opphald i Nygårdsparken

Nafstad (2013) finn i si studie at rusmisbrukarane vert utsette for symbolsk vald i form av at dei vert ekskludert frå mange av samfunnet sine arenaer. Nokre av dei ber preg utsjåande messig av å ha levd eit hard liv. Dette gjer at andre ser dei som aktive rusmisbrukarar. Dei vert ofte vist bort frå offentlege stader, eller har ei sterk oppleving av å ikkje vera velkomne gjennom blikk frå andre som dei oppfatta som ikkje akseptierende (Nafstad, 2013). Eksklusjon av rusmisbrukarane frå samfunnsarenaer er ikkje i seg sjølv symbolsk vald. Symbolsk vald oppstår når rusbrukarane sjølv utan å vete det underkaster seg og handler til støtte for andres perspektiver. Rusmisbrukaren vert ofte beskulda for å vere upålitleg og løgnaktig og gjennom slike utsegn stigmatisert som personar og som gruppe menneske.

«..eg står for det som eg sier...og...eg...er ikkje nåkke sånn der svindler...og og ikkje stiller hvis eg har en avtale.... ».

Ole, rusmisbrukar

Ole beskriver her at han er ikkje «sånn der svindler» og «og ikkje stiller hvis eg har en avtale». Han fortel at han ikkje lurer folk og stiller opp hvis han har avtaler. Han beskriver at han har heilt andre kvaliteter enn det som er ei allmen oppfatning av rusmisbrukarar i aktiv rus. Kva er det som gjer at han treng presisere dette, at han er ikkje slik som *dei andre* rusmisbrukarane. Er det slik at Ole har tatt opp i seg den allmenne oppfatninga av kva ein rusmisbrukar gjer, at det er ein person som stel, lyg og svindlar? Dette kan då verte ei form for symbolsk vald i den forma at rusmisbrukaren underkaster seg og handler i høve til andre sitt syn på han: at han stel, lyg og ikkje er til å stole på. Goffmann skriver om dette i «Stigma» (2010). Den stigmatiserte vert råda til å betrakte seg sjølv fra den andre gruppa sitt synspunkt. Dette blir ei form for symbolsk vald, der den stigmatiserte underkaster seg og aksepterer den andre gruppa sine synspunkt. Det verkar som Ole søkjer å frigjere seg frå denne underkastinga, med å forklare at han er ikkje slik. Samstundes bekrefter han at han har tatt opp i seg at rusmisbrukaren er blir mistrudd gjennom utsegnet «nåkke sånn der svindler». I del 6.1.1 er omtaler Ole og Kristian seg som å ikkje vere slike menneske som lyg og svindlar. Desse utsegna kan òg ha element av symbolsk vald.

Reduksjon av injiiseringsplassar i det offentlege rom kan vere ein form for maktbruk frå offentlege myndigheiter (Parkin, 2013). Tore meiner dette om stenging av Nygårdsparken:

«De (Bergen kommune) kan godt bygge om, men eg kan ikkje skjønne kvifor Bergen kommune skal gjeninnta,.. det er nesten som militær makt da som som vil ta igjen....toppen..(...)... Det er jo for det atte dei skal bygga om, for det at dei skal ha oss vekk».
Tore, rusmisbrukar

Tore synleggjer her at han ikkje er einig i denne beslutninga. Han kan ikkje «skjønne kvifor Bergen kommune skal gjeninnta» dette området. Gjennom at han omtaler dette som ei «militær makt» forstår eg det som kamp om territorium som Tore bryr seg om, og som han har tilknytning til. Han uttaler at «dei skal ha oss vekk». Dette forstår eg som den dominante parten som utøver symbolsk vald og den andre parten som underkaster seg denne gjennom å òg vurdere seg sjølv ut frå den dominerande sin ståstad (Bourdieu 2000, i Nafstad, 2013). Dei som vert dominert tek i bruk dei kategoriane som er laga og konstruert ut frå dei dominerande sitt synspunkt, og får soleis desse kategoriane til å sjå og framstå som naturlege (Bourdieu, 2000, i Nafstad, 2013). Slik Tore opplever dette kan han ikkje kjempe mot fordi den han kjempar mot er større enn han. Ei «militær makt» er større enn gruppa rusmisbrukarar i Nygårdsparken.

Nafstad (2013) finn at rusbrukarar sjølv bekreftar at maktforholda er ulik gjennom å akseptere seg sjølv som mindre verdt. Rusbrukaren opplever denne symbolske valda på offentlige stader. Parkin (2013) meiner myndigheitene i England si reduksjon av moglege stader for rusmisbrukarar til bruk for injisering kan forståast som bruk av symbolsk vald. Kosevens av stenging av injiseringstade hindrer ikkje injisering andre stader (Parkin, 2013). Det skapar ofte ein sirkel av forvisningar til nye stader (Parkin, 2013). Det skjer ei ny opphoping av menneske på den nye stader og desse vert avstengd. Det syntes som eit liv med større *nomadisk* preg oppstår for rusmisbrukaren (Parkin, 2013).

7.2.1 Oppsummering

Stenging av offentlege område for injisering kan sjåast som bruk av symbolsk vald frå den dominerande part (stat og kommune). Kampen som fører til symbolsk vald i denne høvet er kampen om *territoriet*, den øvre delen av Nygårdsparken. Det er mogleg å sjå stenging av Nygårdsparken i eit perspektiv der rusmisbrukaren blir utsett for symbolsk vald når

rusmisbrukaren blir bortvist frå Nygårdsparken. Rusmisbrukaren kan lett la seg underkaste andre syn på seg sjølv og dermed bli utsett for symbolsk vald. Rusmisbrukaren kan få eit liv som er prega av større normadisk aktivitet (Parkin, 2013).

Kapittel 8 – Brot med Bourdieu

8.1 Brot med Bourdieu

Eg vil no gjere eit brot med Bourdieu og gå inn i andre teoretiske univers. Først vil eg gjere ei analyse av rusmisbrukaren sitt syn på kor han er ein rein eller urein, eller sagt annleis *matter out of place* eller person på sin rette plass. Denne analysa har sitt utspring i Mary Douglas (1966) sin teori om reint og ureint. Deretter vil eg gjere ei analyse knytt til Agamben (1998) og hans omgrep *homo sacer* og unntakstilstanden. I siste kapittel 9 vil funn i heile analysa verte drøfta i lys av Agamben sin teori. Hensikt med dette er å sjå om Agamben (1998 og 1999) kan kaste nytt lys over funn i analysa som ikkje Bourdieu og hans omgrep fangar opp.

8.2 Douglas sine perspektiv på kva som er reint og ureint

8.2.1 Kva som er reint og kva som ikkje er det – sett frå ulike ståadar

Reint overflatisk vil dei fleste truleg sjå ein samanheng mellom skit, orden og rusmisbruk.

Mykje av debatten i Bergen handlar om plassering, og om naboar som er redd for kva plassering av rusmisbrukarar i nabolaget vil ha og om dette vil påverke nabolaget negativt.

Reint overflatisk blir då rusmisbrukaren *skit som ikkje er på rett stad*. I det følgjande skal eg sjå nærare på datamaterialet i lys av Douglas (1966) sitt perspektiv på reint og utreint eller *matter out of place* som det skitne blir. Har folk elles og rusmisbrukaren same syn på kva som er reint og kva som er ureint? Og kva har *matter out of place* og reint/ureint å seie å seie for Nygårdsparken sin funksjon for rusmisbrukarar.

8.2.2 Sett frå rusmisbrukaren sitt ståstad

I denne delen vil eg analysere fram det eg kallar rusmisbrukaren sitt syn på kva som er reint og ureint.

«Du kan ikkje ruse deg der.. sant og så syntes.. sitte nede i de tunnelene og ruse seg, stakkar folk som går forbi sant. Du ser jo det de syntes det er veldig ubehagelig Men sant det er flere ganger så går de på Straxhuset og så går de først .. det er jo ganske tidlig sant det er sant det er.. jo bare å sitte seg på rad og rekke nede i di tunnelene, sant. Det er jo bare...

- *Då går du ut frå Straxhuset om morgonen og så går de inn i tunnelen?*

Ja, sant så går du der og ruser deg .. så ser du masse folk som skal til jobb og sånt og du ser jo at de syntes det er svært ubehagelig sant .. får sånn der 'hard junking' rett opp i fjeset liksom..

- *Korleis er det å være den som sitter og tar morgendosen der?*

For min del syntes eg det er litt flautt.. (...) det er greit nok at du ikkje skal skamme deg over at du er blitt narkoman...(....)du trenger ikkje miste verdigheten din».

Kristian, rusmisbrukar

Kristian seier at han syntes det er «litt flautt» å injisere i undergrunnen ved Straxhuset¹⁷. Han snakkar om å «miste verdigheten din». Eg forstår det slik at Kristian gjennom å ruse seg der, mister verdigheit og at helst ikkje vil ruse seg i undergangen. Han er oppteken av forbigasserande og seier om dei «du ser jo at de syntes det er svært ubehagelig». Det fortolkar eg slik at Kristian oppfattar dei forbigasserande sitt ubehag. Han meiner at dei blir støtt av hans handlingar, når han held på med «'hard junking'». Med *hard junking* forstår eg synleg injisering av rusmiddel med sprøytebruk. Dette kan tolkast slik at Kristian ikkje likar i å setje morgondosa si i det offentlege rom, der han er synleg for tilfeldig forbigasserande menneske. Han tek innover seg andre sitt ubehag knytt til hans handlingar. Når han tar dette innover seg, opplever han at han mister verdigheit.

Det kan tenkjast at han ikkje treng ta innover seg reaksjonar til andre folk elles i samfunnet når han injiserer på hospitet der han bur eller i Nygårdsparken. På rommet sitt på hospitet er han for seg sjølv. I Nygårdsparken er han omringa av andre som òg injiserer openlyst. Han er i større grad skjerma frå at vanlege folk ser han når han injiserer desse stadane. I lys av Douglas (1997) sitt perspektiv på reint og ureint, kan dette forståast slik at Kristian utfører ei handling som er urein når den føregår i undergangen ved Straxhuset. Då vert handlinga *matter out of place*. Når injisering føregår i Nygårdsparken eller i heimen er handlinga i større grad skjult for det offentlege rom og dei som får ubehag. Nygårdsparken er sjølv sagt ein del av den offentlege sfære, men det er få vanlege folk som går opp mot dei områda av Nygårdsparken der rusmisbrukarane har som injiseringstadar. Det er òg mogleg å skjule seg i vegetasjonen i Nygårdsparken. Dette gjev Nygårdsparken eit mindre preg av *offentlegheit* i injiserings situasjonen.

¹⁷ Straxhuset er eit lågterskeltilbod for rusmisbrukarar driven av Bergen kommune.

I denne forståinga ser Kristian seg som urein når han injiserer ute i det offentlege rom der han er omgitt av andre menneske. Han må gjere seg synleg for omgjevnadane og dei menneska som er der. Kristian ser seg og sine handlingar som *matter out of place* fordi Kristian tolkar at dei andre menneska ser rusmisbrukarane som *matter out of place*. Han har ei bevisstheit rundt det at andre menneske ser rusmisbrukaren og deira handlingar som ureine.

Kristian meiner at injisering ikkje skal gå føre seg i det offentlege og meiner det må vere ein stad å gå når Nygårdsparken stengjer. Han svarer dette på spørsmål om kva han meiner om stenging av Nygårdsparken:

«Helt idiotisk. Eller som sagt ikkje idiotisk hvis det har et sted som kan være et alternativ...(....)..Eg ville gitt de(injiserande rusmisbrukarar) et sted å gå... gjerne et sprøyterom...(....)... du skal ikkje skyve problemet under teppet liksom, men eg syntes ikkje vanlige familier og unger skal bli vant med det der .. å se sånn der miksing og dealing sånn midt på Torgalmenningen .. folk som sitter seg skudd og ... nei!».

Kristian rusmisbrukar.

Dette utsegnet kan forståast til inntekt for fortolkinga til at Nygårdsparken er ein stad der injisering er *matter in place* på den måten at Kristian meiner det må vere eit alternativ til Nygårdsparken når denne vert stengd. Han ønskjer at dei injiserande skal få ein ny rein stad til injisering - der den som rusar seg og injiseringa ikkje er *matter out of place*. Til no har rusmisbrukaren oppfatta Nygårdsparken til å vera ein slik stad.

Det er òg anna åtferd som er meir vanleg i opne russcener enn i andre offentlege rom. Det opne rusmiljøet i Nygårdsparken generer støy, søppel, ordensforstyrningar og kriminalitet (Myrmel, 2014).

«ja, når det (opne rusmiljø) nesten er borte på busstasjonen så er det jo i hvert fall ikke bra, sant

- Tenker du fordi?

Ja, det er jo ikke... altså, for da tenker jeg egentlig helst på barnefamilier og... med tanke på de som virkelig tar av, sant. Det er jo noen av dem også. Og så... det er ikke noe, det at de er skadelige for barnefamilier».

Terje, rusmisbrukar

Terje snakker her om kva han er oppteken av som kan skje når Nygårdsparken vert stengt. Han meiner det allerede skjer at nokon av rusmisbrukarane oppheld seg i nærleiken av Bergen busstasjon. Han meiner at det ikkje er bra at vanlege folk og barn får sjå kva som skjer når rusmisbrukaren «tar av». Når Terje brukar å «ta av» forstår eg det som handlingar og åtferd som kan komma fram i rusa tilstand eller når rusmisbrukaren har abstineser. Terje meiner at dette kan vere skadeleg for barnefamiliar å sjå. I Douglas si forståing av reint og ureint vert slike handlingar eller åtferd frå rusmisbrukaren *matter out of place*. Dei vil skje på stadar der slike åtferder og handlingar er rekna som ureint. Dersom ein «tek litt av» i Nygårdsparken vert ikkje dette lagt særleg merke til av rusmisbrukarane som oppheld seg der. Når noko er *matter out of place* skapar det uorden. Det problematiske med denne uordna er at ho kan spreie seg, det kan oppstå *smitte* (Douglas, 1997). Dette skjer gjennom at uorden er brudd på det normale. Det normale blir unormalt gjennom denne smitta. Det er i bevisstheit hjå Terje, på same måte som Kristian hadde i høve til injisering, at han ikkje ønskjer at denne åtferda skal vere synleg for andre enn rusmisbrukarane sjølv. Han ønskjer ikkje at desse handlingane skal *besmitte* andre. Han er særleg oppteken av at barnefamiliar ikkje skal sjå denne åtferda. Utsegnen viser òg at Terje kan skilje mellom kva som er akseptabel åtferd og kva som ikkje er det utanfor Nygårdsparken. I samband med gjennomføring av intervju i Nygårdsparken braut det ut slåsskamp mellom to kvinner frå rusmiljøet nokre meter frå intervjustaden.

«Neida, neida vi er trygg her.... De ordner opp med seg selv de.. Nå holder han hon igjen. Så dette går helt greitt..».

Ingrid, rusmisbrukar og seljar

Slike handgemeng blir omtala som hendingar som skjer nesten dagleg i Nygårdsparken. Terje er bevisst på at «å ta av litt» ikkje bør skje i det offentlege rom. I Douglas sitt reint og ureint perspektiv kan det at det er lov å «ta av litt» i større grad i Nygårdsparken enn andre stadar, forståast slik at Nygårdsparken er slik åtferd *matter in place*. Mens i offentleg rom vil roping og knuffing vere sett som *matter out of place*, urein. I dei opne rusmiljøa kan rusmisbrukarane oppføre seg annleis enn formalforventninga og i større grad gi inn i roller som ikkje har aksept elles i samfunnet. Waal et. al (2011) viser til at slik åtferd er noko av det som ein treng å ha felles haldningar rundt og å slå ned på umiddelbart for å lukkast å fjerne opne russtadar.

8.2.3 Sett frå vanlege folk sitt ståstad¹⁸

Det har vore ulike syn på kva Nygårdsparken skal nyttast til og korleis ein skal forhelde seg til den opne russcena. Det har med jamne mellomrom vore debatt omkring dette. Det er ei allmenn oppfatning frå folk flest at Nygårdsparken sin øvre del er skitten, både i bokstavleg tyding av ordet og i Douglas (1997) si betyding av ordet ureint. I bokstavleg tyding har staden vore prega av boss, brukarutstyr og nedtrakka grøntområde. I Douglas (1997) sitt omgrep ureint i den forstand at i øvre del av Nygårdsparken oppheld det seg rusmisbrukarar som gjer handlingar som er rekna som uakseptable i det offentlege rom. Det er fleire faktorar som skapar uvilje mot opne rusmiljø. Renn og Lange (1996, i Nafstad, 2013) lister opp 8 ulike faktorar som skapar skepsis. Desse er **(1)** redsle for å bli utsett for vald og truslar i desse områda. Det er **(2)** ubehageleg å sjå rusmisbrukarar og inntak av rusmiddel. Det er **(3)** moralsk indignasjon for at ulovlege handlingar kan skje i det opne rom. Det er **(4)** opplevinga(følelse) av moralsk forfall i området. Det er **(5)** redsle for smitte gjennom brukt brukarutstyr. Det er det **(6)** å få tilbod om kjøp og sal og eit ubehag med å verta utsett for tiggig. **(7)** Frykt for rekruttering av unge menneske til rusmiljøet og **(8)** opplevinga av å bli forstyrta i daglege gjeremål.

Goffman (2010, s. 161) omtaler i si bok «Stigma» omgrepet *begrenset aksept*. Han viser til at andre menneske aksepterer den stigmatiserte på visse vilkår. Dette vilkåret er at den normale ikkje vert pressa lengre enn til det punktet den normale kan vise sin aksept utvunget, eller i verste fall motvillig. Innanfor dette området vert det forventa at åtferd og handlingar ligg. Det vert forventa at den stigmatiserte skal oppføre seg ordentlig og ikkje gå for langt. Dei bør ikkje strekke i situasjonen for å finne ut kor langt dei kan gå. Handlingar og åtferd skal utførast taktfullt og med omsyn. Det betyr at den vanlige mann i gata, ikkje treng å bli presentert for den stigmatiserte si smerte og kva det inneber å ha eit stigma. Vanlege folk treng ikkje vise kor avgrensa hans eller hennar taktfullhet og toleranse er. Dette gjer at vanlege folk (dei normale) fortsett kan bli relativt usmitta av rusmisbrukaren (den stigmatiserte) og dermed blir ikkje identitetsforestillingar hos vanlege folk sers alvorleg trua. Desse føresetnadane vil liggje til grunn for kor vidt rusmisbrukaren si tilpassing vil bli vurdert som god eller dårlig (Goffman, 2010). Når rusmisbrukaren injiserer i det offentlege rom, kan dette vere ei handling som strekker seg utover den normale sin *begrensa aksept*.

¹⁸ Eg har ikkje data frå andre enn rusmisbrukaren i denne studien. Slik at denne analysa er basert på rusmisbrukaren si forståing av kva *vanlege folk* meiner og funn i andre studier.

Uviljen mot opne rusmiljø kan komma i konflikt med måten systematisering av offentlege rom blir gjort. Cresswell har studert personar og handlingar som er *out of place* basert på Douglas sin teori om reint og ureint. I denne studien vert rusmisbrukaren *persons out of place* (Cresswell, 1996 i Nafstad, 2013). Rusmisbrukaren høyrer ikkje heime i det offentlege rom og han gjer handlingar som ikkje høyrer heime i det offentlege rom. Rusmisbrukaren har ikkje same agenda som andre menneske i det offentlege rom, han er ikkje på veg til arbeid, han handlar ikkje, han er ikkje turist, han går ikkje på kafé eller på tur. Rusmisbrukaren har annleis utsjånad og oppfører seg annleis enn andre menneske (Nafstad, 2013).

8.2.4 Og kven har hevd på bruk av øvre del av Nygårdsparken?

Den årelange debatten om det opne rusmiljøet i øvre del av Nygårdsparken handlar om kven som skal ha rett til å bruke denne delen. Er det mogleg å løyse ei slik konflikt der rusmisbrukaren ser det som reint å nytte Nygårdsparken og folk elles i samfunnet ser rusmisbrukaren sin bruk av Nygårdsparken som ureint? Allmenn oppfatning er at rusmisbrukarane har teke seg til rette i øvre del av Nygårdsparken og gradvis skyvd ut mogleg anna bruk av denne delen av Nygårdsparken. Ole som har nytta den opne russcena i over 40 år har si løysing på dette.

«Og sånn som... eg ser bare på buekorpset der, Nygårdsbataljonen, de har funne seg et sted lenger nede i der sant og så er de disse der oppe med oss (nær heimen til Ole) di står rett nedenfor oss og bråker om søndagene istedenfor å gjøre sånn som de der (i Nygårdsparken). De har funne seg ut av det de der nede, de kan ikkje begynne å løpe opp til narkomane som seller. Her er buekorpsgutter, sant. Men du merker ikkje at de er der (i Nygårdsparken) engang, du bare hører det på lyden.....».

Ole, rusmisbrukar

Ole viser til at buekorpset som høyrer til der han bur, øvar ute i gatene, og han kaller dette bråk. Så forteller han om eit buekorps som øver lengre nede i Nygårdsparken. Ei forståing av Ole sitt utsegn er at han meiner at Nygårdsparken kan vere i bruk av fleire grupper mennesker og til meir aktivitet enn det den er i dag. «De har funne ut av det de der nede, de kan ikkje begynne å løpe opp til narkomane som seller», seier han om buekorpset som øver i Nygårdsparken. Han påpeikar med dette at rusmisbrukarane ikkje treng å ha Nygårdsparken for seg sjølv. Ole meiner at det er godt mogleg å ha større sambruk. Andre deler av Nygårdsparken vert fortsatt nytta av naboar og lokalbefolkning, men sannsynlegvis i mindre

grad enn viss ikkje det var ei open russcene i øvre del. Eg forstår Ole sitt utsegn slik at han meiner at rusmisbrukarane ikkje må visast vekk frå den øvre delen. Han meiner rusmiljøet kan eksistere side om side med andre aktivitetar i andre deler av Nygårdsparken.

Det er òg nokre grupper rusmisbrukarar som kva passere som *reine* i bybildet. Nils er bekymra for desse. Det er dei «‘unge tunge’» presentert i kapittel 6.1.2. Dette er ei gruppe rusmisbrukarar som kan bli oppfatta som reine i samfunnet elles. Desse utgjer gjennom å vere *smitta* samstundes ikkje sjå smitta ut, ein stor trugsel for systemet. Smitte som ikkje er synleg er ein trugsel (Douglas, 1997).

8.2.5 Oppsummering

I reint og ureint tankegangen til Mary Douglas (1997) kan desse utsegnene bety at rusmisbrukaren ikkje ønskjer å *smitte* andre offentlege rom med seg sjølv og si åtferd. Rusmisbrukarane har i mange år brukt øvre del av Nygårdsparken som opphaldsstad og gjennom dette gjort staden til ein stad er injisering av rusmiddel vert oppfatta som *matter in place* for dei. I synet på reint og ureint meiner rusmisbrukaren han og vanlege folk har kolliderande syn på kva som er reint og ureint. Bakgrunn for denne konklusjonen her i studien er berre sett frå rusmisbrukaren sin ståstad og andre studier. Rusmisbrukarane i Nygårdsparken har fleire utsegn som kan tolkast slik at dei opplever det som meir reint at dei oppheld seg ein stad og ikkje utset resten av det offentlege rom for deira handlingar og oppsyn. Rusmisbrukarar i denne studien er fullt klår over at deira åtferd og framtoning kan verke ubehageleg på folk elles i samfunnet. Frå desse funna kan ein forstå det slik at Nygårdsparken har ein funksjon som ein rein stad for rusmisbrukaren, ein stad der han føler seg *person in place*, eller person på sin rette plass. Dette er ein stad kor han i kan utføre sine *skitne* aktivitetar og handlingar utan å skitne til andre stader. *Begrensa aksept* vil liggje til grunn for kor vidt rusmisbrukaren sin tilpassing i andre miljø vil blir vurderte som vellukka eller ei. Dersom rusmisbrukaren sine handlingar overskrid denne grensa vil han miste aksept frå folk elles i samfunnet. Det er òg ei bekymring for den gruppa rusmisbrukarar ser godt ut dermed i større grad kan påverke andre til rusbruk. Unngåing av fare er òg eit viktig moment for å avvise det som samfunnet ser som ureint. Å få rusmisbrukaren inn i Bergen sine gater og det sosiale rom trugar vår moglegheit til å unngå fare. Det ureine vil infisere det reine.

8.3 Agamben og unntakstilstanden

I denne studien kom det fram hos fleire informantar at i den opne russcena i Nygårdsparken føregår det ein større del aktiviteter som er i strid med Norsk lov. Nokre handlingar har preg av å vere alvorleg kriminelle handlingar. Det er då omtala alvorlege kriminelle handlingar som var gjekk *utover* det kriminelle som òg finns i dei primære funksjonane: kjøp, sal og bruk av rusmiddel. Det kom fram mistanke om drap i form av judasoverdoseskot. Den opne russcena i øvre del av Nygårdsparken syntes å ha utvikla ei større grad av valdsbruk enn elles i samfunnet. Korleis ser rusmisbrukaren på dei ulovlege handlingane som vert utført av dei sjølv eller andre som er i Nygårdsparken? Kven er det i så fall som *gjev lov* til at det kan bli begått kriminelle handlingar i Nygårdsparken?

Ole fortel dette om korleis miljøet er og korleis gruppa handterer situasjonar der det førekjem vald. Han fortel òg kva han meiner burde vore løysinga i høve til valdsbruken i Nygårdsparken sin øvre del.

«-Er de slik i miljøet at det er farlig....., er det så hardt (drap er tema) i miljøet?»

Nei, heldigvis ikkje, det er skjelden, men det er nokken som prøver av og til og være litt tøff i trynet altså, men de.... De slår jævlig hardt ned på det

-Ja, kem som slår hardt ned på det då?»

Ja, det må jo være eh.....det må jo vere folk som..., det skulle jo egentlig vært et slags politi som tok seg av sånne ting....Sånne...vanskelige ting. Det skulle det egentlig vært..syntes eg..».

Ole, rusmisbrukar

Ole fortel her om bruk av vald i Nygårdsparken. Han fortel at drap ikkje skjer ofte, men at det er vald, at «nokken er tøff i trynet». At nokon er «tøff i tryne» forstår eg slik at det er bruk av valdshandlingar. Ole fortel vidare at valdshandlingar blir slått hardt ned på. Dette forstår eg slik at ein del valdshandlingar blir stoppa av andre i miljøet. Samstundes meiner Ole at det skulle vore «ein slags politi som tok seg av sånne ting». Dette forstår eg slik at Ole eigentleg ønskjer er regulering på lik line med elles i samfunnet. Elles i samfunnet er det politiet som har mynde til å gripe inn i slike høve. Men samstundes forstår eg Ole slik at det ikkje er eit

vanleg politi som skal ta seg av dette. Dette skal vere noko anna, «et slags politi». For dette som Ole snakkar om er utafør det rommet som den vanlege orden kan og skal nå.

Det kan sjå ut som at valdshandlingar får oppstå og utarte seg uten tilsvarande involvering frå politiet si side, slik dei kan tenkjast at politiet ville involvere seg dersom dette skjedde andre stadar. Dersom det oppstår slosskamp i folkerike områder som Torgalmenningen, antek ein at politiet rask kjem til stades. Dersom det oppstår slåsskamp i den opne russcena, vil miljøet høgst sannsynleg ordne opp sjølv. Ei årsak til denne praksis på feltet er at dei mogleg ikkje ønskjer politi på staden. Politi på staden ville medføre uro og ei forstyrning i høve til aktivitet og handlingar knytt til dei primære funksjonane. Samstundes saknar Ole det at det skal vere «et slags politi» som tek seg av valden i den opne russcena i Nygårdsparken.

Agamben (1998) skriv i sitt verk «Homo Sacer» om den *inkluderende eksklusjon*, at grupper menneske er ekskludert frå rettighetene i samfunnet og på same tid inkludert i form av å vere ekskludert. Dette kallar Agamben inkluderande eksklusjon (1998). I Ole si beskriving av korleis han opplever at det verkar i den opne russcena i Nygårdsparken, kan ein stille spørsmål om det er element av inkluderande eksklusjon i høve til gruppa rusmisbrukarar, at gruppa rusmisbrukarar er ekskluderte frå rettar og likevel inkludert gjennom å vere ekskludert. Draus, Roddy og Greenwald (2010) viser til at heroinavhengige i Detroit vert ekskludert/inkludert og ein *unntakstilstand* oppstår. Gjennom forbod mot rusmiddel og krig mot desse blir rusmisbrukarar forvist frå samfunnet gjennom ei ulik rekkje av formelle og uformelle eksklusjonsmekanismar. Dette kan vere utdanning, bustad, økonomi, utdanning eller helsehjelp. Rusmisbrukaren er utsett for politikontroll og mogleg arrest.

«...og då kommer det en sånn stor politibil og stopper oss då.. og så sier vi ligner litt på signalementet på de de leter etter... De leter etter våpenet. ..pistol.. Så de gikk gjennom sekkene våre så .. sjekket oss og .. beklaget seg for at de måtte gjøre det .. men, men..».

Kristian, rusmisbrukar

Sitat frå Kristian kan forståast som nettopp ei slik handling som skjer med han og den eller dei han var saman med i denne situasjonen. Rusmisbrukarane vert stoppa og kontrollert av politiet. Kristian er oppteken av at det er mykje våpen i Nygårdsparken. Han fortel om våpen som knivar og pistolar. Han fortel òg om våpenet som ei sprøyte kan vere. Denne er mindre

synleg som våpen i høve til at ho har ein anna hovudfunksjon som reiskap for injisering. Sprøyter og rusmiddel kan òg verte nytta som drapsvåpen.

«Kniv er det i hvert fall veldig mye av, altså hon naboen min, hon ble jo, så noen som holdt på med kniv her om dagen . Pistol har eg hørt om ... sant så har du jo disse Judasskuddene.. sant.

- *Kva der det for noko?*

Judas, det er en som sitter overdose på en annen

- *Ja, selvfølgelig! beklager, eg har hørt om det. Tenker du at det foregår?*

- Eg vet det foregår .. eg hadde en kamerat av meg som døde .. av overdose.. og så hadde han .. seks stikk med kulepenn i ansiktet.. kan tenke... du er ikkje død før du setter overdose på deg sjølv sant ... så det han er blitt hetende, klassifisert som selvmord

- *Det er jo drap?*

Ja, det er drap, han skyldte pengar .. men som sagt det virker ikkje alltid som om de(politiet) bryr seg om .. de sier bare det at det var overdose sant .. så eg tror nok at det skjer mye mer drap i Norge enn det vi vet ..

- *Og det skjer meir drap i rusmiljøet enn det vi veit?*

Ja».

Kristian, rusmisbrukar

Kristian fortel om vennen som han mista for ei tid tilbake. Han meiner bestemt at denne venen var drepen fordi at han skulda pengar. Han opplever at omstende rundt dødsfallet til venen hans i ikkje vart tilstrekkeleg etterforska og hendinga vart klassifiser som sjølv mord. Kristian meiner dette ikkje er rett klassifisering. Agamben (1998) meiner at det oppstår unntakstilstander når samfunnet ikkje beskyttar lengre og den einskilde blir sårbar og utsett og samstundes absolutt suveren. Agamben (1998) viser dette med at romarane i det gamle Romerske keisarrike kunne drepe utan straff, men ikkje ofre eit menneske. Det var på den tida mogleg å drepe eit menneske og drapsmannen vart ikkje straffa for dette. Eit menneske var redusert til det Agamben kallar *Homo sacer*. *Homo sacer* har dei karakteristika at det kan drepast utan straff for den som dreper og det kan ikkje ofrast. Desse menneska var ikkje verdig å bli å bli ofra. Desse menneska stod radikalt utanfor lover som gjaldt for resten av det romerske samfunnet. Dei vart òg samstundes inkludert i eksklusjonen av rettar. Det Kristian fortel er at eit menneskeliv kan takast dersom han skuldar pengar. Ein slik logikk, liv for skuld, kan forståast som ein unntakstilstand. I unntakstilstanden er lov og orden sett til side. Det som vanlegvis bind saman eksisterer ikkje lengre (Risøy, 2010).

I slike situasjonar blir mennesket sers sårbart og utsett på den måten at vanlege rettsregler som er tenkt å beskytte mennesket er sett til side. Menneske som er i unntakstilstandar kan gjerne

vere mellom oss, døme på det er flyktningen som oppheld seg utan lovleg opphald i Norge og som gjerne går side om side med oss på gata.

I unntakstilstanden er det den suverene makt som er den makta som har kontroll over unntakstilstanden. I en slik situasjon kan lovverk verte sett til side og det er det den suverene makt, som har kontrollen, er lova og bestemmer kva som vert gjeldande i situasjonen. Distinksjonen mellom lov og rett kan då opphøyra (Agamben, 2008). Agamben (2008) meiner dette pregar notida òg. Eit døme i dagens samfunn er Guantánamo Bay der menneske sit fengsla utan dom. Eit anna døme på dette i det moderne samfunn er statslause flyktingar.

Kva skjer så med politiet i slike høve? Ole etterlyser og ønskjer seg at nokon, anten politiet eller «eit slags politi» kjem til staden når det oppstår vald. Kristian ønskjer òg at politiet skal gjere ei grunding vurdering ved overdosedødsfall og etterforske dette som mogleg drap dersom det er indikasjonar på at dette kan vere tilfelle. Agamben (2008) meiner at når unntakstilstander oppstår, beveger òg politiet seg så og seie alltid mot ein liknande unntakstilstand. Hensynet til *offentleg ro og orden og sikkerhet*¹⁹ er noko som vil bli avgjort på staden i det einskilde tilfellet (Agamben, 2008, s. 100).

8.3.1 Muselmannen

Muselmann er eit uttrykk som er nytta om fangar i konsetransjonsleirar under krig, særskild 2. Verdeskrig. *Muselmannen* er den fangen som er utmagra, utsvelta og utsett for så store overtramp at han gått inn i ein tilstand av vere *dehumanisert*. Han er i ein tilstand der han er i live, men viktige livsfunksjonar som å tenkje og føle er borte. Han har mista verdighet og medmenneskelighet. Desse menneska blir slik som følge av å vere i unntakstilstanden. Terje fortel om eit ynskje om å behalde verdigheit gjennom det å stelle seg og oppføre seg.

«En som i alle fall kan stelle seg litt, og... selv om han(rusmisbrukaren) ruser seg. Skjønner du hva jeg mener, sånne ting...

-At han kan være litt stelt?

Ja, ikke nødvendigvis stelle seg, men oppføre seg. Ikke minst. Altså, sånne ting... sånn som de gjorde før. I gamle dager. Altså, de fleste var faktisk mye mer flinke til å være litt hygieniske og alt det der før».

Terje, rusmisbrukar

¹⁹ Desse utsegna er utheva i boka (Agamben, 2008, s 100)

Terje beskriver at rusmisbrukaren tidlegare var «mye mer flinke til å være litt hygieniske». Han meiner at dette er det mindre av no. Han meiner òg at rusmisbrukaren bør «oppføre seg». Eg forstår det slik at han beskriv menneske som no er på veg inn i unntakstilstanden, der slike handlingar som å stelle seg og ivaretakinga av seg sjølv fell bort.

Menneske som blir omfatta av ein unntakstilstand vil i følgje Agamben kjenne kvarandre att. Kristian fortel dette i intervjuet:

«Ja, skulle tatt litt mindre heroin i dag for eg skal jo opp til Nav sant og den er, den syntes eg er litt dum. Sitte der foran hon Navdamen. Hon har vært rusbruker i 20 år, så hun vet godt ka det går i. Klin umulig å si til hon 'Nei, eg har ikkje brukt nokke'».

Kristian, rusmisbrukar

Er dette ein *muselmann* som kjenner att ein annan *muselmann*? Kan ein rusmisbrukar kjenne igjen ein annan gjennom person som har vore rusmisbrukar fordi dei har samme erfaringa av å ha vore i unntakstilstanden? Det er ukjent om Kristian har kjent att «Navdamen» som ein *muselmann* eller blitt det fortalt. Kristian veit likevel at han vil bli gjenkjent av den andre, «Navdamen».

Det er i følgje Agamben (2010) den suverene makt på eit felt som definerar sanninga. Den suverene makt bestemmer kva lov og orden som skal vere gjeldande. Kven er då den suverene makt i det opne rusmiljøet i Nygårdsparken sin øvre del? Gjennom å bli *muselmenn*, personar som er redusert til det *nakne liv* er mennesket redusert til eit vesen som er prega av likegyldigheit og ekskluderer seg frå relasjonar i omgjevnadane. Ein *muselmann* er eit menneske som er dehumanisert og nærast ein fysisk organisme som berre eksisterer. Sjølvrespekt og anstedigheit er blitt ubrukleg (Agamben 1999) Gjennom denne *dehumaniseringa* får *muselmannen* makt, ei spesiell radikal makt, der han blir i stand til å drepe for mat (Agamben, 1999). Rusmisbrukarar som er i unntakstilstanden og er kommen i ein tilstand som *muselmenn* og vil kunne ha stor makt i dei opne russcenene.

8.3.2 Agamben - sluttdrøfting

Agamben (1998) belyser i sitt teoretiske verk «Homo sacer» den ekskluderande inklusjon som handlar om at grupper menneske kan bli ekskludert frå rettigheter og likevel inkludert i form

at gruppa er ekskludert. Ved slike tilhøve oppstår unntakstilstanden. I denne analysa vart det stilt spørsmål om det oppstår ein ekskluderande inklusjon og ein unntakstilstand i høve til rusmisbrukarane òg her i Norge. Draus, Reddy og Grenwald (2010) meiner dette er stoda i USA. Funn viser at rusmisbrukaren opplever hendingar som kan tyde på dette. Det oppstår unntakstilstand knytt til alvorlege kriminelle handlingar, inkludert drap.

I det opne rusmiljøet i Nygårdsparken har det utvikla seg eigene løysingar på vald og skuld innanfor feltet sine grenser. Agamben (2008) meiner at i slike høve er det den suverene som har makt. I Nygårdsparken er dette rusmisbrukaren som, dersom han blir ein *muselmann*, tidvis kan ha denne spesielle radikale makta. Rusmisbrukaren er òg samstundes sers sårbar og utsett. Noko kan skje med han når som helst. Rusmisbrukaren har ikkje beskyttelse frå samfunnet sine rettsstrukturar. Analysa viser òg at når slike unntakstilstander oppstår påverkar tilstaden òg politiet i form av distinksjonar om kva som er tidspunkt for inngripen i høve til lov og orden og sikkerheit. Grense for inngripen i øvre del av Nygårdsparken kan tenkjast å vere høgare enn elles i Bergen sentrum. Analysa viser at ein *muselmann* òg veit at han ikkje kan skjule seg for ein tidlegare *muselmann*.

Kapittel 9 – Funn og ny drøfting

9.1 Funn i analyser og drøfting av desse i lys av Agamben sitt teoretiske univers

9.1.1 Funn i analyser

I dette kapitlet vil eg først kort oppsummere funna frå dei tidlegare teorikapitla, der Bourdieu sin teori er nytta som grunnlag for analysa, før eg ser desse funna frå eit nytt perspektiv ved hjelp av Giorgio Agamben sine teoriar²⁰.

I dei fire foregåande analysekapittel (4-7) har eg analysert fram kva funksjonar Nygårdsparken har for rusmisbrukarar i lys av Bourdieu sine teoriar. Eg har funne at rusmisbrukaren, nyttar Nygårdsparken som ein stad er han søker å skape seg ein sosial eksistens²¹. Han vert påverka av den kollektive habitus i feltet²². Denne påverknaden gjev seg utslag i at rusmisbrukarar kan foreta handlingar som er grenseoverskridande etter norsk lov²³. Agenten i feltet etablerer ein *harm illusio* og gjennom å ha etablert denne kan han gå inn i situasjonar og gjere handlingar som er skadelege for seg sjølv. Han gjev desse situasjonane forrang framfor situasjonar som kan vere mindre skadelege²⁴. Rusmisbrukaren byggjer kapital på ein annleis måte enn folk elles i samfunnet. Den økonomiske kapital vert raskt oppbygd både på lovleg og ulovleg vis. Denne kapitalen vert òg raskt brukt opp gjennom å ruse den opp eller bli stolen²⁵. Den sosiale kapitalen er fragmentert gjennom at rusmisbrukaren ikkje vedkjenner seg å høyre til ein av dei store grupperingane i Nygårdsparken²⁶. Dette skuldast hyppig svik og lite tillit innad i gruppa. Han vel å forhelde seg til mindre grupperingar,

²⁰ Omfanget av ei masteroppgåve tillèt ikkje ei heilt ny analyse. Eg søker derfor å analysere den kunnskap om Nygårdsparken som kjem fram i dei tidlegare analysane på ein ny måte, setje den kunnskapen inn i eit nytt teoretisk univers. Sjølvstøtt er dette ikkje ei analyse av Bourdieu sin teori i lys av Agamben, men eit forsøk på å analysere dei funna ei analyse gjennom Bourdieu får fram.

²¹ Sjå del 4.1.6 og 4.1.10

²² Sjå del 6.1 og 6.1.3

²³ Sjå del 5.3.5

²⁴ Sjå del 7.1, 7.1.1 og 7.1.2

²⁵ Sjå del 5.1 og 5.3.5

²⁶ Sjå del 5.3.1

dyader²⁷. Han oppheld seg likevel i grupperingane. Dette synes å skuldast at han opplever mindre stigmatisering i Nygårdsparken enn elles i samfunnet²⁸. Han treng ikkje skjule at han ikkje er *vanleg* når han oppheld seg i Nygårdsparken. Nygårdsparken har òg fleire praktiske funksjonar for rusmisbrukaren i tillegg til kjøp, sal og bruk av rusmiddel. Her kan han vere sosial og få vite nyhende om andre²⁹. Han veit at andre vil forsøkje å redde livet hans dersom overdose. Feltet si *doxa* har endra seg dei seinare år, gjennom at det har kome inn ein *dissent* (dei utanlandske seljarane) på feltet³⁰. Dette hør ført til regelendringar i feltet. Analyse om symbolsk vald³¹ viser at rusmisbrukaren vert utsett for symbolsk vald gjennom å innta andre sitt syn på seg sjølv. I kapittel 8 vert Mary Douglas sin teori om reint og ureint nytta som grunnlag for analyse. Funn viser at Nygårdsparken er ein stad der rusmisbrukaren opplever seg som *persons in place*³². Dette gjeld særskild i høve til injisering.

9.2.1 Funn i nytt lys

Er det slik at dersom eg skiftar *bourdieulyskastaren* eg har nytta i analysa og lyssét frå eit anna ståstad, vil dette gje nye perspektiv til studien? Eg hadde eit skifte i kapittel 8 der Agamben sin teori om *homo sacer* og unntakstilstanden vart nytta som grunnlag for analyse. Funn med bruk at denne teoretiske ramma er at ein andel av rusmisbrukarane i Nygårdsparken kan sjåast som menneske som er i unntakstilstanden³³. Eg vil i denne delen behalde Agamben sitt perspektiv og gjere ei drøfting av nokre tidlegare funn i lys av han og sjå om nye funksjonar som Nygårdsparken har for rusmisbrukaren, trer fram.

9.2.2 Ekskluderande inklusjon

Agamben (1998) viser til særskilde situasjonar der menneske vert utsett for mekanismar som er svært ekskluderande, kor det òg kan sjåast slik at dei er inkludert i form av å vere ekskludert. Eksklusjon skjer når menneske mister dei rettar som er i strukturen dei lever i. Analysa i denne studien viser at Nygårdsparken er eit eige felt der rusmisbrukaren kjenner seg mindre stigmatisert og meir på sin rette plass. Han opplever seg ekskludert i form av å ikkje vere ønska i andre offentlege rom. Han oppheld seg i Nygårdsparken for å sleppe å verte

²⁷ Sjå del 5.3.3

²⁸ Sjå del 5.3.4 8.2.2

²⁹ Sjå del 4.1.4

³⁰ Sjå del 6.1.1.

³¹ Sjå del 7.2 og 7.2.1

³² Sjå del 8.2.2. og 8.2.5

³³ Sjå del 8.3 og 8.3.2

stigmatisert og gjennom opphaldet, vert han meir stigmatisert. Samfunnet sitt syn på rusmisbrukaren og lovregulering i kring narkotiske stoff kan vere mekanismar til eksklusjon /inkludering og danning av unntakstilstanden.

9.2.3 Unntakstilstanden

Når mennesket blir utsett for desse mekanismane beskrivne i kapitlet ovanfor oppstår unntakstilstanden (Agamben, 1998). Opphavet til denne teorien kjem frå den romerske figuren *Homo sacer*. Dette var eit menneske som kunne drepast utan straff, men det var ikkje verdig å bli ofra (Agamben, 1998). Agamben (1998 og 1999) gjev ulike døme på menneske i unntakstilstanden i nyare tid: statslause flykningar, fangar i fengsel utan dom (Ganatanamo Bay) fangar i konsentrasjonsleirar under 2. verdskrig. Andre forskarar har nytta Agamben i si forskning og funne ulike grupper som kjem i unntakstilstanden. Risøy (2010) viser til at kvinna kjem i ein særst vanskeleg vallsituasjon i kring spørsmålet om å velje abort eller ei når fosteret har fått påvist alvorlege avvik. Kvinna kan oppleve å komme i ein unntakstilstand og å vere svært åleine å denne avgjersla (Risøy, 2010). Rusmisbrukaren kjem, gjennom si avhengigheit og samfunnets ekskluderande inkludering av rusmiddel, både bruk og omsetjing, i unntakstilstanden (Draus et al., 2010).

9.2.4 *Homo sacer*

Agamben (1998) meiner at menneske som kjem i unntakstilstanden vert redusert til *homo sacer*. Desse menneska er redusert til ein form for eksistens, der fokus på *overleving* vert framtrøddane og overskygger alt anna. For rusmisbrukaren vert rusinntak synonymt med overleving. Mennesket i unntakstilstanden kjem i ein tilstand der det ikkje vert skild mellom regel/unntak, normalt/unormalt og orden/kaos (Risøy, 2010). Menneske som er i ein slik situasjon er både *sårbar* og *suverent*. Mennesket vert sårbar i kraft av å ikkje vere omfatta av gjeldande lover og rettsvesen i samfunnet (Agamben, 1998). Det gjev mindre beskyttelse eller ingen beskyttelse. Mennesket vert suverent i den forstand at det dannar regler og skaper eit system i den sona som er utanfor (Risøy, 2010). Mennesket kan gjennom å vere *suverenen*, han er lova, utøve handlingar uavhengig av konsekvens. Det å halde seg i livet er viktigare enn mogleg etisk eller juridisk konsekvens. Rusmisbrukaren som er redusert til *homo sacer* kan tre fram som både suverenen og den sårbare i ein og same person. Rusmisbrukaren er suverenen når han skapar lover og orden. Funn gjort i lys av Bourdieu er at den kollektive

habitus i feltet påverkar einskildindividet. Vald og svik føregår i ei vekselverknad med det å stole på den andre. Det påverkar han slik at han kan utføre handlingar som er i strid med vanleg lov og normsetjing i Norge. Eit døme på dette i analysa er etablering av meir valdleg åtferd. Ei slik endring i åtferd mot eit gradvis større utøving av vald³⁴, kan forståast som mennesket som er ei i omdanning til *homo sacer*. Det held på å miste det menneskelege og gå inn i ein tilstand der fokus er einseitig på overleving.

Handlingsforklaringar rusmisbrukaren nyttar for overleving kan òg sjåast i det perspektiv at rusmisbrukaren er på veg til å verte redusert til *homo sacer*. At det er rester av det menneskelege som er igjen som ligg til grunn når rusmisbrukaren begrunnet vald med å behalde verdigheit. Det er ein omvendt logikk i høve til det som er vanleg; ikkje aksept på å løyse mellommenneskelege konflikter med vald. Rusmisbrukaren sin omvendte logikk viser at det er rester att av det menneskelege.

Agentane i rusfeltet og særkild rusmisbrukaren omtaler lettare rusmiddel som medisin. I Bourdieu (1999a) si forståing er dette ein del av *allogoxia*, å snakke seg inn i eit felt, skape autonomi og legitimere rusbruk³⁵. Dette kan i Agamben sine teoriar, sjåast som ein del av det å overleve. Rusmisbrukaren som *homo sacer* er oppteken av å halde seg i live gjennom rusinntak. Han har ikkje primært fokus på mat og medisiner. Det kan likevel tenkjast at det er ei parallell i det å bruke medisin som omtale for rusmidla, at han knyt det til å halde seg i live på same måte som folk elles knyt overleving til omgrepa mat og medisin.

Rusmisbrukaren etablerer ei *harm illusio* som vert innarbeidd i habitus til rusmisbrukaren. Dette medfører å gje forrang til rusmiddelinntak framfor å søkje å førebygge moglege skader. I lys av Agamben kan dette forståast på at det er eit hovudfokus på overleving og dermed har ikkje førebygging av skade noko interesse hos rusmisbrukaren. Han blir redusert til ein som fokuserer på å halde seg i live. Eg forstår den åtferda slik at rusmisbrukaren handlar suverent i *harm illusio*, men at han samstundes gjer seg sårbar i kraft at han kan påføre seg sjølv skade. Han blir både suveren og sårbar knytt til denne åtferda. Desse åtferdene omtala ovanfor kan forståast å vere rusmisbrukaren som er *homo sacer* og ei veksling mellom dei to aspekta som

³⁴ Sjå del 6.1

³⁵ Sjå del 4.1.9

er integrert i *homo sacer*, den sårbare og suverenen. Når rusmisbrukaren er suveren dannar han sine egne reglar og lover og set seg over gjeldande regler og tek eller stel det han treng og gjer handlingar som er knytt til *harm illusio*. Når han er den sårbare, vert han utsett for vald og tjuveri eller han skader seg sjølv gjennom åtfærd knytt til *harm illusio*.

Dei utanlandske seljarane inntreden på feltet førte til endring i *doxa*, reglane på feltet. I Bourdieu sitt perspektiv vert dette forstått som at ein *dissent* kom inn i feltet og resulterte i endringar i feltets *doxa*. Ein del av desse seljarane har ikkje lovleg opphald i Norge. I eit perspektiv som Agamben sitt kan dette sjåast som ein kamp om makt, mellom grupperingane, om å vere *suverenen*, å vere den som definerer reglane, og handlar i høve til dei. Den som har makta. Dei utanlandske har meir å tape på å bli tekne, dette kan tyde på villighet til å nytte sterkare verkemiddel for å overleve. For han er overleving ikkje inntak av rusmiddel men å halde seg i live, i ein vanskeleg situasjon.

9.2.5 *Homo sacer* og Nygårdsparken

Kva er det som gjer rusmisbrukaren i tilstand av *homo sacer* oppheld seg i Nygårdsparken? Menneske redusert til *homo sacer* fengsla utan dom og i konsentrasjonsleire har fysiske gjerder og fangevaktarar som held dei fast i unntakstilstanden (Agamben 1998 og 1999). Kvinna i den vanskelege abortsituasjonen har eit foster med avvik i kroppen (Risøy, 2010). Rusmisbrukaren i Detroit er *fanga* til delar av byen gjennom bu, leve og helse situasjonen sin (Draus et al., 2010). Den statslause manglar papir for å komme ut av unntakstilstanden (Agamben 1998). Dette gjeld ikkje dei norske grupperingare i Nygårdsparken. Menneske redusert til *homo sacer* har ein hensikt som overskuggar dei andre; å halde seg i livet. Hans fokus for overlevelse er inntak av rusmiddel. Han har ikkje ei oppleving av at han *overlever* utan desse. Kan då opphald i Nygårdsparken sett i eit lys av Agamben ha den funksjon for rusmisbrukaren, at han vel å dra dit i hensikt av å overleve? I Nygårdsparken har han tilgang til rusmidla som er hans overleving. Eg forstår dette slik at rusmisbrukaren er fanga i si eigen avhengigheit og han handlar i høve til dette for å overleve, derfor oppsøker han opne russcener.

9.2.6 Muselmannen

Agamben nyttar *muselmannen* som ei billedgjering på *homo sacer* (Agamben 1999).

Muselmannen er fangane som var i Auschwitz under 2. verdskrig. Dei vart utsette for så store påkjenningar at dei vart redusert til *det nakne liv*. Når mennesket er blitt redusert til *reint liv*, blir det merkt på ein måte som det mogleg å kjenne att³⁶. Det er andre som har vore reint liv som kan kjenne att *reint liv*. Menneske som er i det allmenne, i *bios*³⁷, kan ikkje kjenne att desse (Risøy, 2010). Dei som har vore i *zoé*³⁸, vil kjenne att. Å kjenne dei att er ein mest udefinerbar følelse av noko som er vanskeleg å forklare (Agamben, 1999). *Muselmennene* vart rekna som menneskeleg boss som verken medfangar eller fangevaktarar ville ha noko med å gjere. Dei var daude, men i live. Dei hadde mista det menneskelege utover at dei levde. Det einaste dei hadde att å kjempa for, var livet. Fangevaktarane såg dei som eit problem fordi dei ikkje kunne arbeide på lik line med dei friske, medfangar såg dei som ein trussel fordi dei risikerte sanksjonar sjølv dersom dei hjalp *muselmennene* og mogleg noko som var endå viktigare: *muselmannen* var viljug til å begå sers alvorlege handlingar òg mot medfangar for eit stykke brød, hans middel til overleving, mat. Dermed var han potensielt farleg for dei andre fangane. Den transformasjon frå å vere menneske (*bios*) til å blir det reine liv (*zoé*) er ein prosess der verd, medkjensle til andre menneske og eigen anstedigheit blir borte (Agamben, 1999). *Muselmenn* som overlevde Auschwitz fortel om skam og skuldkjensle i det å ha overlevd ein situasjon der andre menneske døde. Wiesel, som er ein overlever, seier det slik «I live, therefore I am guilty» (Wiesel, 1975, i Agamben, 1999, s. 89). Utsegnet forstår eg slik at sidan han har overlevd er han nøydd til å bere skuld for dei andre som døde.

9.3 Gav nytt lys nye dimensjonar?

Bourdieu viser til at vi skiftar felt (1999a). Når vi gjer dette innordnar med oss feltets reglar. Dersom vi manglar kapital til å handtere og spele spela på feltet, vil mennesket innrette seg etter dette hierarkiet og søkje å oppnå element som gjer han i stand til å spele betre. Eller agenten kan gå over i eit anna felt med andre spelereglar. I Agamben (1998 og 1999) sitt lys ber rusmisbrukaren teikn på å vere i unntakstilstand mest heile tida. Det er ikkje nødvendigvis avhengig kva arena han er på. Å vere redusert til *homo sacer* gjer at menneske forhold seg til egedelar og andre menneske i eit anna perspektiv, perspektivet om å overleve. I kraft av i

³⁶ Sjå del 8.3.1

³⁷ For forklaring bios, sjå del 3.2.2

³⁸ For forklaring zoé sjå del 3.2.2

vere i denne situasjonen kan menneske begå alvorlege kriminelle handlingar utan å vere styrt av moglege konsekvensar. Det er rein fysisk overleving som er fokus. Dette set menneska som er i unntakstilstanden i ein radikal utanforskap der dei ikkje høyrer til nokon stad.

Når eg i lys av Agamben (1999) ser på kva funksjon Nygårdsparken har for rusmisbrukaren ser eg den etablerte rusmisbrukaren som *homo sacer*, redusert til fokus på å halde seg i live, gjennom avhengigheit til rusmiddel og samfunnets eksklusjon. Eg ser den delen i *homo sacer*, suverenen, som skapar lovar ein stad der det ikkje er lover, der det er unntakstilstand og gjennom denne den suverene *homo sacer* som rår. Kan det sjåast slik at Nygårdsparken er blitt eit symbol for dette. Ein stad der dette vises klårare enn om rusmisbrukaren hadde opphaldt seg meir spreidd i bybildet? Det kan verke slik at gjennom den delvise lovløysa som herskar i Nygårdsparken, har *homo sacer* større moglegheit til å ta suveren makt.

Når det gjeld det sosiale viser funn i analyse med bruk av Bourdieu (1999a), at rusmisbrukaren sin sosialitet vert påverka av opphald i Nygårdsparken. Den kollektive habitus påverkar han. Desse mekanismene utgjer på ein måte sosialiteten i Nygårdsparken – korleis dei forhold seg til kvarandre. I høve til påverknad av sosialiteten til rusmisbrukaren, sett i lys av Agamben (1998) sin teori om *homo sacer*, vert denne set til side. Å vere *homo sacer* er ein form for å vere sosial utanfor samfunnet, å vere utanfor det sosiale. *Homo sacer* er ein tilstand der det dehumaniserte mennesket ikkje i stand til å samhandle på vanleg vis.

Agamben tek inn det skamfulle og perspektivet om skuld når han viser kva det å ha vore *muselmann* og redusert til *homo sacer* har gjort med mennesket. Perspektiv på skuld og skam er mest fråverande hjå Bourdieu. Han anerkjenner følelser som viktig (Bourdieu, 1999a) og tillegg desse stor vekt. I praksis i hans termer er dei meir fråverande.

9.4 Dei siste orda - om forskingsfeltet innanfor rus

Funna gjort i mi analyse i lys av Bourdieu stettar funn som er gjort i anna forskning i rusfeltet som har nytta Bourdieu dei seinare år (Sandberg og Pedersen 2007, Parkin, 2013 og Nafstad, 2013). Å nytte Bourdieu som eit basis for analyse er nyttig i høve til at han inkluderer både agent og struktur. Hans komplekse samansetning av ulike delar hos agent og i strukturen, samstundes om han inkluderer relasjon, gjev ei god analyseramme for breidda som er

rusfeltet. Dersom rusfeltet fortset å, i stor grad, basere si forskning på analyser ut frå Bourdieu kan det vere mogleg å miste perspektiv som ikkje Bourdieu sine termar famnar om. Andre syn inn i feltet kan gje andre funn og forståingar. Funna i drøftinga over indikerer at Agamben kan kaste eit anna lys inn i forskinga i rusfeltet. Den radikale utanforskapen som kjem fram i det å vere omfatta av unntakstilstanden og konsekvens det har for mennesket er eit døme på det. Den etablerte rusmisbrukaren i Nygårdsparken blir i Agamben sitt perspektiv redusert til *homo sacer*. Han har berre restar att av det menneskelege.

10. Litteraturliste

Agamben, G. (1998). *Homo sacer: Sovereign power and bare life*. USA, California: Stanford University Press.

Agamben, G. (1999). *Remnants of Auschwitz: The witness and the archive*. USA, New York: Zone Books.

Agamben, G. (2008). *Midler uten mål: notater om politikk*. Oslo: Cappelen Damm AS.

Agamben, G. (2010). *Homo Sacer. Den suverene makten og det nakne livet*. Rakkestad: Valdisholm forlag as.

Bourdieu, P. (1977). *Outline of a theory of practice*. Cambridge, England: Cambridge University Press.

Bourdieu, P. (1984). *Distinction: A social critique of the judgement of taste*. England: Harvard University Press.

Bourdieu, P. (1995). *Distinksjonen. En sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Oslo: Pax Forlag AS.

Bourdieu, P., & Wacquant, L.J.D. (1995) *Den kritiske ettertanken*. Oslo: Det Norske samlaget.

Bourdieu, P. (1996). *Symbolsk makt*. Oslo: Pax forlag.

Bourdieu, P. (1999a). *Meditasjoner. Méditations pascaliennes*. Oslo: Pax Forlag AS.

Bourdieu, P., m. fl (red.) (1999b). *Site effects. I: The weight of the world. Social suffering in contemporary society*. Cambridge, England: Polity Press.

Bourdieu, P. (2011). *The forms of capital. I: Cultural theory: an anthology*. Timothy Kaposy og Imre Szeman (red.). Malden, Ma.: Wiley-Blackwell.

- Broady, D. (1991). *Sociologi och epistemologi: om Pierre Bourdieus författarskap och den historiska epistemologin*. HLS (Högsk. för lärarutbildning).
- Brunovskis, A. (2013). «*A penny for your thoughts*» – å betale deltakere i forskning. FAFO – <https://www.etikkom.no/Vart-arbeid/Hva-gjor-vi/Publikasjoner/Forskning-og-penger/Artikler/A-penny-for-your-thoughts---a-betale-deltakere-i-forskning/> Henta 12.06.14.
- Bønes, T. og Waal, H. (2010). *Hvor mange dør hvor av hva? Hva sier politistatistikken 2009?*. Rapport til Kripos. Senter for rus- og avhengighetsforskning(Seraf) rapport nr 2/2010. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Dalland, E. (2011) *Nygårdsparken en åpen narkotikascene i det offentlige rom*. Masteravhandling fra Institutt for Landskapsplanlegging ved Universitetet for Miljø- og Biovitenskap, Ås
- Douglas, M. (1966). *Purity and danger: An analysis of concepts of purity and taboo*. England, London: Routledge & Kegan Paul.
- Douglas, M. (1997). *Rent og urent: en analyse av forestillinger omkring urenheter og tabu*. Oslo: Pax Forlag AS.
- Draus, P. J., Roddy, J. K., & Greenwald, M. (2010). A hell of a life: addiction and marginality in post-industrial Detroit. *Social & Cultural Geography*, 11(7), 663-680.
- Falch Gulmoen, M. (2007). *Rus i sus & dus? Et komparativt diskursanalytisk perspektiv på narkotikakavhengighet i Oslo og Amsterdam, Hovedfagsoppgave i sosialantropologi*. Universitetet i Oslo. Oslo
- Fangen, K. (2010). *Deltagende observasjon*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Fangen, K., & Sellerberg, A. M. (2011). *Mange ulike metoder*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Fekjær, H. (2009). *Rus. Bruk, motiver, skader, behandling, forebygging, historikk*. 3. Utgave Oslo: Gyldendal Akademisk.

- Flateby, K. (2013). *Bortvist. En studie av politiets arbeidsmetoder i innsatsen mot de åpne rusmiljøene i Oslo*. Masteroppgåve i kriminologi. Institutt for kriminologi og rettssosiologi. Juridisk fakultet, Universitetet i Oslo, Oslo.
- Flyvbjerg, B. (2006). Five misunderstandings about case-study research. *Qualitative inquiry*, 12(2), 219-245.
- Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi (2006). [Http://etikkom.no/retningslinjer/NESHretningslinjer/06](http://etikkom.no/retningslinjer/NESHretningslinjer/06). Henta 13.05.2014.
- Gerds, A., Grung, M., (2011). *Overdoser i Bergen. En kartleggingsrapport om risiko og beskyttende faktorer*. Utekontakten i Bergen. Rapport nr 2/2011. Bergen: Bergen kommune.
- Gjersing, L., Biong, S., Ravndal, E., Waal, H., Bramness, J., og Claussen, T., (2011). *Dødlige overdoser i Oslo 2006 til 2008 en helhetlig gjennomgang*. Senter for rus- og avhengighetsforskning(Seraf) rapport nr 2/2011. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Goffman, E. (2010). *Stigma: om avvigerens sociale identitet*. 2. Utgave. Fredriksberg, Danmark: Samfundslitteratur.
- Grung, M. (2008). *Unge med tilknytning til.... tunge rusmiljøet i Bergen sentrum*. Utekontakten i Bergen- Rapport nr 1/2008. Bergen: Bergen kommune.
- Helsedirektoratet (2011). *Nasjonal retningslinje for legemiddelassistert rehabilitering ved opioidavhengighet*. <http://www.helsedirektoratet.no/publikasjoner/nasjonal-retningslinje-for-legemiddelassistert-rehabilitering-ved-opioidavhengighet/Sider/default.aspx>. Hentet 01.09.14
- Jansen, K., Nicolaisen, Ch., (2014, 15. juni). Snart settes siste skudd. *Bergens Tidende*. Henta frå <http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Snart-settes-siste-skudd-137078.html>
- Johannessen, A., Tufte, P. A., & Christoffersen, L. (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. 4. Utgave. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Merton, R. K. (1957). *Social theory and social structure*. USA, New York, The Free Press,

Simon and Schuster.

Moe, S. (1995). *Sosiologi i hundre år: en veileder i sosiologisk teori*. Oslo: Universitetsforlaget.

Myrmel, J. (2014). Kartleggingsrapport om åpne russcener i Bergen sentrum, delrapport 1. Bergen kommune, Utekontakten: Bergen.

Nafstad, I. (2013). *Et anstedig menneske. Møter mellom rusbrukere og det offentlige rom i Oslo*. Doktoravhandling. Det juridiske fakultet, Unviersitet i Oslo, Oslo.

Nakken, Craig. (2007). *Avhengighet*. Oslo: Noras Ark AS.

Næss, H. E., og Pedersen, W. (red.) (2012). *Merkesteiner i norsk sosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget AS.

Oslo kommune, (2011). *De åpne russcenene i Oslo sentrum – sett frå brukers perspektiv*. Velferdsetaten i Oslo kommune: Oslo.

Oslo kommune, (2013). *Unge voksne en kartlegging av aldersgruppen 18-25 år i et åpent rusmiljø i Oslo sentrum*. Velferdsetaten/Uteseksjonene i Oslo kommune: Oslo.

Parkin, S. (2013). *Habitus and Drug Using Environments: Health, Place and Lived-experience*. England: Ashgate Publishing, Ltd.

Repstad, P. (2007). *Hva er sosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Ringdal, K. (2013). *Enhet og mangfold: samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.

Risøy, S. M. (2008). *Forskning innen et moralsk og politisk ladet forskningsfelt: Bekjennelseskravet og forskersubjektet i lys av Foucault og Bourdieu*, Rokkansenteret , Institutt for Administrasjon og organisasjonsvitenskap. Universitet i Bergen.

Risøy, S. M. (2010). *Sårbar, suveren og ansvarlig. Kvinners fortellinger om fosterdiagnostikk*

- og selektiv abort. Doktorgradsavhandling. Universitetet i Bergen.
- Sandberg, S., og Pedersen, W. (2007). *Gatekapital*. 2 utgave. Oslo: Universitetsforlaget.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitativ metode*. 4. Utgave
Bergen: Fagbokforlaget.
- Prieur, A. (2002). *Objektivering og refleksivitet—om Pierre Bourdieus perspektiv på design og interview. Liv, fortælling, tekst. Strejftog i kvalitativ sociologi*. Aalborg, Danmark:
Aalborg Universitetsforlag.
- Yin, R. K. (2006). *Fallstudier: design och genomförande 1: 1*. Ljubljana.
Slovenina: Liber AB.
- Waal, H., Gjersing, L., Clausen, T., (2011). *"Open drug scenes and overdose mortality-what to do?"* Senter for rus-og avhengighetsforskning(Seraf). Rapport nr 1/2011. Oslo:
Universitetet i Oslo.
- Waal, H., Bussesund, K., Clausen, T., Håseth, A., Lillevold, P. H: (2014) Statusrapport 2013.
Helseforetakene – et godt sted å være? Senter for rus-og
avhengighetsforskning(Seraf). Rapport nr 1/2014. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Weihe, H. J. W. (2000). *Rus og språk: ordliste over ord brukt i forbindelse med rus og rusruk med synonym-ordliste*. Revidert utgave. Oslo: Universitetsforlaget.
- Wilken, L. (2008). *Pierre Bourdieu*. Trondheim: Tapir Akademisk forlag.
- Ørn, M. (2011). *Nygårdsparken, ingen muligheter for «kvikkfiks»*. *Mangfoldige problemer krever mangfoldige løsninger, tydelige valg, koordinerte handlinger og organisasjonsutholdenhet*. Politiet. Hordaland politidistrikt.
- Ørn, M. (2012). *"Den som har begge bena på jorda, står stille": en studie av hvorfor politiet viderefører det straffeforfølgende paradigmat for å redusere distribusjonen av narkotika i Norges tre største byer og hvordan videreføringen påvirker det forebyggende paradigmat*. Masteroppgave i politivitenskap, Politihøgskolen, Oslo.

11 Vedlegg

1. Godkjenning frå Norsk samfunnsvitenskaplig data-tjeneste(NSD) prosjekt nr 37784 datert 12.03.2014	vedlegg	1
2. Informasjonsskriv til informantar som arbeider med gruppa rusmisbrukar	vedlegg	2
3. Informasjonsskriv til rusmisbrukarar	vedlegg	3
4. Intervjuguide informantar som arbeider med rusmisbrukarar	vedlegg	4
5. Intervjuguide informantar, rusmisbrukarar	vedlegg	5
6. Databehandlaravtale Håkon Sundaune	vedlegg	6
7. Databehandlaravtale Mariel Troland	vedlegg	7
8. E-post korrespondanse med NSD 12. mai 2014	vedlegg	8
9. E-post korrespondanse med NSD 12. juni 2014	vedlegg	9



Harald Hårfagres gate 2
N-5007 Bergen
Norway
Tel: +47-55 58 21 17
Fax: +47-55 58 96 50
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org.nr. 985 321 884

Sølvi Marie Risøy
Institutt for økonomi og administrasjon Høgskulen i Sogn og Fjordane
Postboks 133
6851 SOGNDAL

Vår dato: 12.03.2014

Vår ref: 37784 / 3 / MB

Deres dato:

Deres ref:

TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 20.02.2014. Meldingen gjelder prosjektet:

37784

Kor skal vi vere då?

Behandlingsansvarlig

Høgskulen i Sogn og Fjordane, ved institusjonens øverste leder

Daglig ansvarlig

Sølvi Marie Risøy

Student

Birthe Møgster

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 31.10.2014, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Katrine Utaaker Segadal

Marianne Bøe

Kontaktperson: Marianne Bøe tlf: 55 58 25 83

Vedlegg: Prosjektvurdering

Kopi: Birthe Møgster birthemogster@gmail.com

Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.

Avdelingskontorer / District Offices:

OSLO: NSD. Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel: +47-22 85 52 11. nsd@uio.no

TRONDHEIM: NSD. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel: +47-73 59 19 07. kyrre.svarva@svt.ntnu.no

TROMSØ: NSD. SVF. Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel: +47-77 64 43 36. nsdmaa@sv.uit.no

Personvernombudet for forskning



Prosjektvurdering - Kommentar

Prosjektnr: 37784

Det vil gjennomføres intervjuer med en utvalgsgruppe som arbeider med rusmisbrukere, samt nåværende og tidligere brukere av Nygårdsparken. Intervjuene med nåværende og tidligere brukere av Nygårdsparken vil gjennomføres anonymt, og denne delen av studien vil dermed ikke medføre meldeplikt iht. til personopplysningsloven.

Personvernombudet legger til grunn at det ikke registreres opplysninger som gjør det mulig å identifisere enkeltpersoner, verken direkte eller indirekte, i denne delen av studien. Alle opplysninger som behandles elektronisk i forbindelse med denne delen av prosjektet må være anonyme.

Denne vurderingen gjelder kun for intervjuene som gjennomføres med utvalgsgruppen som arbeider med rusmisbrukere.

Ifølge prosjektmeldingen skal det innhentes muntlig samtykke basert på muntlig og skriftlig informasjon om prosjektet og behandling av personopplysninger. Det foreligger to informasjonsskriv. De reviderte informasjonsskrivene mottatt 11.03.2014 er tilfredsstillende utformet i henhold til personopplysningslovens vilkår.

En av deltakerne vil kunne bli gjenkjent i den ferdige masteroppgaven på bakgrunn av sin stilling, og det innhentes eget samtykke til dette. Personvernombudet anbefaler at denne deltakeren får anledning til å godkjenne egne sitater og/eller beskrivelser.

Intervjuene skal transkribes av Håkon Sundaune, og Sundaune regnes dermed som databehandler for prosjektet. Personvernombudet forutsetter at det foreligger en databehandleravtale mellom Sundaune og Høgskulen i Sogn og Fjordane for den behandling av data som finner sted, jf. personopplysningsloven § 15. For råd om hva databehandleravtalen bør inneholde, se Datatilsynets veileder på denne siden: <http://datatilsynet.no/verktoy-skjema/Skjema-maler/Databehandleravtale---mal/>

Forventet prosjektslutt er 31.10.2014. Ifølge prosjektmeldingen skal innsamlede opplysninger da anonymiseres, med mindre eget samtykke er innhentet til at personopplysninger kan publiseres etter prosjektslutt. Anonymisering innebærer å bearbeide datamaterialet slik at ingen enkeltpersoner kan gjenkjennes. Det gjøres ved:

- å slette direkte personopplysninger (som navn/koblingsnøkkel)
- og slette/omskrive indirekte personopplysninger (identifiserende sammenstilling av bakgrunnsopplysninger som f.eks. bosted/arbeidssted, alder og kjønn)
- samt slette lydopptak

Førespurnad om deltaking i forskingsprosjektet

”Kor skal vi vere då?”

- Korleis fungerer Nygårdsparken for brukarane?

Bakgrunn

Bergen kommune har kunngjort at øvre del av Nygårdsparken, som er den største opne russcena i Bergen, skal stengjast av for rehabilitering sommaren 2014. Med dette som bakgrunn skal eg i løpet av våren 2014 gjera ei studie av brukarane si oppleving av dette. Eg vil sjå på kva dei som oppheld seg i det opne rusmiljøet i Nygårdsparken nyttar opphaldet til, og korleis dei ser på varsla stenging. Oppgåva er ein del av studiet Master i organisasjon og leiing, helse og velferdsleiing i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Tema og deltakarar

Tema er: Kva funksjonar har bruk og opphald i øvre del av Nygårdsparken for brukarane? Eg vil intervju til saman 8 personar. To arbeider tett med rusmisbrukarar i Nygårdsparken, to eksmisbrukarar som har nytta Nygårdsparken tidlegare og fire som brukar Nygårdsparken no.

Kva inneber deltaking i studien?

Deltaking i studien inneber å delta i intervju som vil ta ca. ein time. Du høyrer til gruppa som arbeider tett med rusmisbrukarar. Eg vil spørje deg om ditt kjennskap til Nygårdsparken og kva du trur er viktig for dei som nyttar Nygårdsparken som opphaldsstad. Intervju vil bli teken opp, og samtalene vil bli skriven ut på papir (transkribert).

Kva skjer med informasjonen om deg?

Alle personopplysningar vil bli behandla konfidensielt. Det er berre student, rettleiar og transkribent som kan få tilgang til intervju. Desse personane har teieplikt. Opplysningar om deg vil verta anonymisert. Prosjektet skal etter planen avsluttast 31. oktober 2014. Alle lydopptak vil då verta sletta.

Frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i studien. Deltaking i intervju blir rekna som samtykke. Du kan når som helst, fram til prosjektet vert avslutta, trekkje ditt samtykke utan å gje opp nokon grunn. Dersom du trekkjer deg, vil alle opplysningar om deg bli sletta. Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapeleg datateneste AS.

Du er velkommen til å ta kontakt om du ynskjer å delta eller har spørsmål.

Birthe Møgster(student)
birthemogster@gmail.com
Telefon 48259238

Førsteamanuensis Sølvi Marie Risøy(rettleiar)
Solvi.Risoy@hisf.no
Telefon 41123871

Med venleg helsing

Birthe Møgster

Førespurnad om deltaking i forskingsprosjektet

”Kor skal vi vere då?”

- Korleis fungerer Nygårdsparken for brukarane?

Bakgrunn

Bergen kommune har kunngjort at øvre del av Nygårdsparken, som er den største opne russcena i Bergen, skal stengjast av for rehabilitering sommaren 2014. Med dette som bakgrunn skal eg i løpet av våren 2014 gjera ei studie av brukarane si oppleving av dette. Eg vil sjå på kva dei som oppheld seg i det opne rusmiljøet i Nygårdsparken nyttar opphaldet til, og korleis dei ser på varsla stenging. Oppgåva er ein del av studiet Master i organisasjon og leiing, helse og velferdsleiing i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Tema og deltakarar

Tema er: Kva funksjonar har bruk og opphald i øvre del av Nygårdsparken for brukarane? Eg vil intervjuje til saman 8 personar. To som arbeider tett med rusmisbrukarar i Nygårdsparken, to eksmisbrukarar som har nytta Nygårdsparken tidlegare og fire som brukar Nygårdsparken no.

Kva inneber deltaking i studien?

Deltaking i studien inneber å delta i intervju som vil ta ca. ein time. Du høyrer til gruppa brukarar. Eg vil spørje deg om korleis du opplever det å gå i Nygårdsparken og kva som er viktig for deg med å gå der. Intervju vil bli teken opp, og samtalene vil bli skriven ut på papir (transkribert).

Kva skjer med informasjonen om deg?

Alle personopplysningar vil bli behandla konfidensielt. Det er berre student, rettleiar og transkribent som kan få tilgang til intervju. Desse personane har teieplikt. Opplysningar om deg vil verta anonymisert. Prosjektet skal etter planen avsluttast 31. oktober 2014. Alle lydopptak vil då verta sletta.

Frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i studien. Deltaking i intervju blir rekna som samtykke. Du kan når som helst, fram til prosjektet vert avslutta, trekkje ditt samtykke utan å gje opp nokon grunn. Dersom du trekkjer deg, vil alle opplysningar om deg bli sletta. Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapeleg datateneste AS.

Du er velkommen til å ta kontakt om du ynskjer å delta eller har spørsmål.

Birthe Møgster(student)
birthemogster@gmail.com
Telefon 48259238

Førsteamanuensis Sølvi Marie Risøy(rettleiar)
Solvi.Risoy@hisf.no
Telefon 41123871

Med venleg helsing

Birthe Møgster

Intervjuguide – andre med kjennskap til brukarar av Nygårdsparken

Målgruppe – synspunkt på

Eg skal gjera ei studie av "Kva funksjonar har bruk og opphald i øvre del av Nygårdsparken for brukarane". Undersøkinga skal intervju tre grupper. Slike som deg som har kjennskap til rusmiljøet i Nygårdsparken via sitt arbeid, er den første gruppa eg intervjuar. Eg skal også intervju eksmisbrukarar som har brukt rusmiljøet i Nygårdsparken og har hatt opphald i dette miljøet over tid og dei som no er aktive i dette rusmiljøet.

Kva tenkjer du om målgruppa som eg har valt ut?
Fins det andre relevante grupper/personar?

Tips til intervju spørsmål til brukarar av Nygårdsparken

Kva bør eg ikkje spørje om?

Er det slik at dei fleste har ei "livshistorie" dei presenterer, ei historie dei vil stå fram med? Korleis kan eg, i så fall, komme bak denne "livshistoria" og få deira reelle oppleving av korleis det er å opphalde seg i Nygårdsparken?

Kva ville du spurt om dersom du skulle ha intervju med denne gruppa?

Aktuelle intervju personar, intervjustad og form

Trur du dei som oppheld seg i parken vil la seg intervju?

Er det mulig å lage avtaler om tid og stad med denne brukargruppa?

Kor kan intervju haldast?

Kor lang kan eit intervju vere?

Når på dagen er det beste tidpunktet for intervju i høve til form og rusmiddelinntak?

Trur du eg vil få løyve til å ta gjera lyd opptak av intervjuet?

Korleis kan eg komma i kontakt med nokre eksmisbrukarar som har nytta

Nygårdsparken tidlegare?

Veit du om andre som kjenner parken og som kan vera viktige informantar?

Nygårdsparken – egne erfaringar

Kva tid var du i rusmiljøet i Nygårdsparken første gongen?

Kva skulle du? Kva såg du? Kor mange anslagsvis oppheld seg i rusmiljøet i

Nygårdsparken? Korleis opplevde du det å vera der?

Kva tid var du der sist?

Kor mange gangar har du vore i Nygårdsparken til saman?

Kor lenge(i tid) oppheld du deg der?

Kan du beskrive den slik den ser ut og fungerer i dag?

Har rusmiljøet endra seg i den tida du har hatt kjennskap til det?

Er det grupperinger og/eller ulike miljø? Kan du beskrive desse?

Er det mange som oppheld seg der over tid? Kor mange dagar i veka? Dagleg? Kor

mange timar kvar gong?

Kvifor trur du dei oppheld seg der?

Kva er det som gjev makt/høg status i parken? Kan du beskrive kva dei har/gjer?

Funksjon

Kva funksjon har parken for brukarane? Kva betyr parken for brukarane?

Kva betyr parken for dei, utover kjøp, sal og bruk av rusmiddel?

Kor lenge oppheld dei seg i dette miljøet? Er det nokon som er der kvar dag? Heile dagen? Går dei til og frå i løpet av ein dag? Kva gjer dei på?

Kva kallar dei rusen sin?

Korleis omtaler dei seg sjølve?

Stenging av parken- synspunkt om

Kva trur du brukarane vil miste når parken vert stengd?

Kvar trur du dei vil gå? Har dei begynt å gå andre stadar? Kvar?

Kva er ditt syn på at parken skal stengast av?

Vil dei få stetta det dei har fått stetta i Nygårdsparken på den/dei nye plassane dei kjem til å gå?

Kva skal til for at stenging skal lukkast i den forstand at ein ikkje får nye opne russcener andre stadar?

Det at det er bestemt at han skal stengjast, forandrar det ditt syn på Nygårdsparken?

Behandling/Framtidige ønskjer

Trur du dei som går i Nygårdsparken og oppheld seg mykje i rusmiljøet der ønskjer å bli uavhengig av rusmiddel?

Dersom nei: kva stad/tilbod ønskjer dei seg/kva ønskjer dei hjelp til?

Dersom ja: kva stad/tilbod ønskjer dei seg og kva skal til for at dei skal klare det?

Kva synspunkt har du på tilbodet til rusmisbrukarar?

Kva tilbod saknar du i Bergen?

Er det noko anna du meiner manglar?

Kva kan vera ein meningsfull aktivitet for denne gruppa etter at dei har slutta å ruse seg?

Avrunding av intervju

Om du fekk bestemme, vera statsminister for ein dag, kva ville du bestemt då på vegne av deg sjølv og eller dei som fortsatt ruser seg?

Er det noko eg ikkje har spurt om som du ville ønskje å bli spurt om, eller noko du vil fortelje meg?

Er det noko anna du tenkjer er viktig for meg å hugse på/ta med meg når eg skal gjera dette prosjektet?

Spørsmålsguide temabasert til rusmisbrukarar som oppheld seg i Nygårdsparken

Guiden skal endrast etter erfaringar gjort i intervjurunde ein og to.

Etablering av tilknytning til Nygårdsparken

Kor mange år er det sidan du gjekk der første gongen? Fortell om det. Kva tenkte du

Korleis opplevde du det?

Har det vore periodar du har gått her meir eller mindre? Kvifor?

Kor ofte går du no? Kor lenge i tid er du der kvar gong?

Tilknytning til Nygårdsparken

Kvifor går du i Nygårdsparken? Er det kjøp, sal eller rusing?

Kva ruser du deg på?

Er det andre grunnar til at du går i Nygårdsparken?

Den tida du oppheld deg i Nygårdsparken, varierer den? Kva er med å bestemme kor lenge du er der?

Kva betyr det å kunne gå i Nygårdsparken for deg? Kva anna er viktig? Hender det at du blir i Nygårdsparken etter at du har gjort det du kom for å gjere? Kvifor?

Kapital og status

Er det ulike grupperingar som går i Nygårdsparken? Høyrer du til ein eller fleire av desse?

Er gruppemedlemmane vennane dine? Har du andre nettverk/venner?

Kva gjev status i rusmiljøet i Nygårdsparken?

Beskriv kva dei har/ kan dei som har status i miljøet.

Kva status har du i miljøet og kvifor har du den status du har?

Kva tenkjer du om dei andre som går i Nygårdsparken?

Kva vil erstatte Nygårdsparken

Kva meiner du om at Nygårdsparken skal stengje?

Er du for/imot?

Kva vil du miste når parken vert stengd?

Kvar vil du gå? Kvifor?

Kva skal til for at stenging skal lukkast i den forstand at ein ikkje får nye opne russcener andre stadar?

Kva kunne du gjort i staden for å gå i Nygårdsparken? Kva ville vore meiningsfullt for deg?

Framtid

Ønskjer du å bli uavhengig av rus, Korleis kan det skje? Har du vore rusfri i periodar?

Korleis fungerte det?

Avrunding

Om du fekk vera statsminister for ein dag, kva ville du bestemt då?

Er det noko eg ikkje har spurt om som du ville ønskje å bli spurt om, eller noko du vil fortelje meg?

Databehandlaravtale etter personopplysningslova

Databehandlaravtale

I samsvar med personopplysningslova § 13, jf. § 15 og personopplysningsforskrifta, kapittel 2.

mellom

.....Birthe Møgster.....
behandlingsansvarleg

og

.....Håkon M. Sundaune.....
databehandlar

✱
✱

✱ ✱ ✱

HS

1. Bakgrunn for avtalen

Bakgrunn for avtalen er å regulere rettigheter og plikter etter Lov av 14. april 2000 nr. 31 om behandling av personopplysninger (personopplysningslova) og forskrift av 15. desember 2000 nr. 1265 (personopplysningsforskrifta). Avtalen skal sikre at personopplysninger om dei registrerte ikkje vert brukt urett, eller kjem urettkomne i hende.

Avtalen regulerer databehandlar sin bruk av personopplysningar på vegne av den behandlingsansvarlege, under dette innsamling, registrering, samanstilling, lagring, utlevering eller kombinasjonar av desse.

2. Formål

Her skal du greie ut om formålet med databehandlaravtalen. Det som skal vere beskrive i avtalen, er:

- Prosjektet denne avtala gjeld for er *Kor skal vi vere då?* Prosjekt nummer 37784
- Databehandlar skal transkribere intervju som han har fått via lydfil. Datamaterialet skal verte transkribert i wordfil.
- Datamaterialet skal kun nyttast til dette formålet, prosjekt 37784.

3. Databehandlar sine plikter

Databehandlar skal følgje dei rutine og instruksane for behandlinga som behandlingsansvarleg til ei kvar tid har bestemt skal gjelde.

Databehandlar pliktar å gje behandlingsansvarleg tilgang til sin sikkerhetsdokumentasjon, og vere til hjelp, slik at behandlingsansvarleg kan ta hand om sitt eige ansvar etter lov og forskrift.

Behandlingsansvarleg har, med mindre anna er avtala eller som følgje av lov, rett til tilgang til og innsyn i personopplysningane som vert behandla, og systema som vert nytta til dette formålet. Databehandlar pliktar å gje naudsynt hjelp til dette.

Databehandlar har teieplikt om dokumentasjon og personopplysningar som vedkommande får tilgang til som følgje av denne avtalen. Dette gjeld også etter opphør av avtalen.

4. Bruk av underleverandør

Dersom databehandlar nyttar underleverandørar eller andre som ikkje normalt er tilsett hos databehandlar, skal dette avtalast skriftleg med behandlingsansvarlege før behandlinga av personopplysningane tar til.

Alle som på vegne av databehandlar utfører oppdrag der bruk av dei aktuelle personopplysningane inngår, skal vere kjend med databehandlar sine avtalemessige og lovmessige plikter, og oppfylle vilkara etter desse.

HS

5. Sikkerheit

Databehandlar skal oppfylle dei krav til sikkerheitstiltak som er stilt etter personopplysningslova og personopplysningsforskriften, særlig personopplysningslova sin §§ 13 – 15 med forskrifter. Databehandlar skal dokumentere rutinar og andre tiltak for å oppfylle desse krava. Dokumentasjonen skal være tilgjengeleg dersom behandlingsansvarlege spør etter han.

Avviksmelding etter § 2-6 i personopplysningsforskriften skal skje ved at databehandlar melder avviket til behandlingsansvarleg. Behandlingsansvarleg har ansvaret for at avviksmelding blir sendt til Datatilsynet.

6. Sikkerhetsrevisjonar

Behandlingsansvarleg skal avtale med databehandlar at det med jamne mellomrom blir gjennomført sikkerhetsrevisjonar for system og liknande som er omfatta av denne avtalen.

7. Varigheit

Avtalen gjeld så lenge databehandlar behandlar personopplysningar på vegne av behandlingsansvarleg. Dette er regulert gjennom eigen samarbeidsavtale med behandlingsansvarleg.

Ved brot på denne avtalen eller personopplysningslova, kan behandlingsansvarleg pålegge databehandlar straks å stoppe vidare behandling av opplysningar.

Avtalen kan seiast opp av begge partar med ein gjensidig frist på seks (6) månader. jf. punkt 8 i denne avtalen.

8. Ved opphøyr

Ved opphøyr av denne avtalen pliktar databehandlar å levere tilbake alle personopplysningar som er mottekne på vegner av den behandlingsansvarlege, og som vert omfatta av denne avtalen.

Det skal avtalast at databehandlar skal slette eller forsvarleg destruere alle dokument, data, diskettar, cd-ar med vidare som inneheld opplysningar som er omfatta av avtalen. Dette gjeld også eventuelle sikkerheitskopiar.

Avtalen bør spesifisere på kva måte sletting og/eller destruksjon skal skje etter at avtalen har opphøyr.

Databehandlar skal skriftlig dokumentere at sletting og/eller destruksjon har skjedd i tråd med avtalen innan rimeleg tid etter at avtalen har opphøyr.

9. Lovvalg og vernefing

Avtalen er underlagt norsk rett og partane vedtar Gulating tingrett som vernefing. Dette gjeld og etter opphøyr av avtalen.


HS

Denne avtalen er i 2 – to eksemplar, ein til kvar part.

Stad og dato


Bergen, 20. 04. 2014

Behandlingsansvarleg



(underskrift)

Databehandlar



(underskrift)

Databehandlaravtale etter personopplysningslova

Databehandlaravtale

I samsvar med personopplysningslova § 13, jf. § 15 og personopplysningsforskrifta, kapittel 2.

mellom

.....Birthe Møgster.....

behandlingsansvarleg

og

.....Mariel Troland.....

databehandlar

1. Bakgrunn for avtalen

Bakgrunn for avtalen er å regulere rettar og plikter etter Lov av 14. april 2000 nr. 31 om behandling av personopplysningar (personopplysningslova) og forskrift av 15. desember 2000 nr. 1265 (personopplysningsforskrifta). Avtalen skal sikre at personopplysningar om dei registrerte ikkje vert brukt urett, eller kjem urettkomne i hende.

Avtalen regulerer databehandlar sin bruk av personopplysningar på vegne av den behandlingsansvarlege, under dette innsamling, registrering, samanstilling, lagring, utlevering eller kombinasjonar av desse.

2. Formål

Her skal du greie ut om formålet med databehandlaravtalen. Det som skal vere beskrive i avtalen, er:

- Prosjektet denne avtala gjeld for er *Kor skal vi vere då?* Prosjekt nummer 37784
- Databehandlar skal transkribere intervju som han har fått via lydfil. Datamaterialet skal verte transkribert i wordfil.
- Datamaterialet skal kun nyttast til dette formålet, prosjekt 37784.

3. Databehandlar sine plikter

Databehandlar skal følgje dei rutine og instruksane for behandlinga som behandlingsansvarleg til ei kvar tid har bestemt skal gjelde.

Databehandlar pliktar å gje behandlingsansvarleg tilgang til sin sikkerheitsdokumentasjon, og vere til hjelp, slik at behandlingsansvarleg kan ta hand om sitt eige ansvar etter lov og forskrift.

Behandlingsansvarleg har, med mindre anna er avtala eller som følgje av lov, rett til tilgang til og innsyn i personopplysningane som vert behandla, og systema som vert nytta til dette formålet. Databehandlar pliktar å gje naudsynt hjelp til dette.

Databehandlar har teieplikt om dokumentasjon og personopplysningar som vedkommande får tilgang til som følgje av denne avtalen. Dette gjeld også etter opphøyr av avtalen.

4. Bruk av underleverandør

Dersom databehandlar nyttar underleverandørar eller andre som ikkje normalt er tilsett hos databehandlar, skal dette avtalast skriftleg med behandlingsansvarlege før behandlinga av personopplysningane tar til.

Alle som på vegne av databehandlar utfører oppdrag der bruk av dei aktuelle personopplysningane inngår, skal vere kjend med databehandlar sine avtalemessige og lovmessige plikter, og oppfylle vilkåra etter desse.

5. Sikkerheit

Databehandlar skal oppfylle dei krav til sikkerheitstiltak som er stilt etter personopplysningslova og personopplysningsforskriften, særleg personopplysningslova sin §§ 13 – 15 med forskrifter. Databehandlar skal dokumentere rutinar og andre tiltak for å oppfylle desse krava. Dokumentasjonen skal være tilgjengeleg dersom behandlingsansvarlege spør etter han.

Avviksmelding etter § 2-6 i personopplysningsforskriften skal skje ved at databehandlar melder avviket til behandlingsansvarleg. Behandlingsansvarleg har ansvaret for at avviksmelding blir sendt til Datatilsynet.

6. Sikkerhetsrevisjonar

Behandlingsansvarleg skal avtale med databehandlar at det med jamne mellomrom blir gjennomført sikkerhetsrevisjonar for system og liknande som er omfatta av denne avtalen.

7. Varigheit

Avtalen gjeld så lenge databehandlar behandlar personopplysningar på vegne av behandlingsansvarleg. Dette er regulert gjennom eigen samarbeidsavtale med behandlingsansvarleg.

Ved brot på denne avtalen eller personopplysningslova, kan behandlingsansvarleg pålegge databehandlar straks å stoppe vidare behandling av opplysningar.

Avtalen kan seiast opp av begge partar med ein gjensidig frist på seks (6) månader. jf. punkt 8 i denne avtalen.

8. Ved opphøyr

Ved opphøyr av denne avtalen pliktar databehandlar å levere tilbake alle personopplysningar som er mottekne på vegner av den behandlingsansvarlege, og som vert omfatta av denne avtalen.

Det skal avtalast at databehandlar skal slette eller forsvarleg destruere alle dokument, data, diskettar, cd-ar med vidare som inneheld opplysningar som er omfatta av avtalen. Dette gjeld også eventuelle sikkerheitskopiar.

Avtalen bør spesifisere på kva måte sletting og/eller destruksjon skal skje etter at avtalen har opphøyr.

Databehandlar skal skriftlig dokumentere at sletting og/eller destruksjon har skjedd i tråd med avtalen innan rimeleg tid etter at avtalen har opphøyr.


9. Lovvalg og verneeting

Avtalen er underlagt norsk rett og partane vedtar Gulating tingrett som verneeting. Dette gjeld og etter opphøyr av avtalen.

Denne avtalen er i 2 – to eksemplar, ein til kvar part.


Stad og dato
Bergen, 22. 04. 3014

Behandlingsansvarleg



(underskrift)

Databehandlar



(underskrift)



Birthe Mogsler <birthemogster@gmail.com>

Prosjektnr: 37784. Kor skal vi vere då?

Marianne Bøe <marianne.boe@nsd.uib.no>
To: birthemogster@gmail.com

Mon, May 12, 2014 at 9:07 AM

Hei,

Viser til telefonsamtale. Her er lenke til en artikkel som omhandler betaling av deltakere:

<https://www.etikkom.no/Vart-arbeid/Hva-gjor-vi/Publikasjoner/Forskning-og-penger/Artikler/A-penny-for-your-thoughts---a-betale-deltakere-i-forskning/>

Samt til NESH sine forskningsetiske retningslinjer:

<https://www.etikkom.no/Forskningsetikk/Etiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/>

--

Vennlig hilsen
Marianne Bøe
Seniorrådgiver

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
Personvernombud for forskning
Harald Hårfagres gate 29, 5007 BERGEN

Tlf. direkte: (+47) 55 58 25 83
Tlf. sentral: (+47) 55 58 81 80
www.nsd.uib.no/personvern



Prosjektnr: 37784. Kor skal vi vere då?

Birthe Møgster <birthemogster@gmail.com>
 To: Marianne Bøe <marianne.boe@nsd.uib.no>

Thu, Jun 12, 2014 at 10:19 AM

Hei Marianne

Ringte til deg men du var i møte. Eg ville be om avklaring/nformere/spørre kva eg skulle gjera i høve til at eg vil ta med eit kart over Nygårdsparken og be nokre som bruker parken som rusarena (og ~~teikne inn kor dei ulike grupperingene av folk står, kor ulike rusmiddel vert seld/brukt/kjøpt og liknade. Treng eg noko godkjenning for det?~~)

Eg vil ta opp på lydbånd mens med fyller inn info på kartet.

Mvh
 Birthe Møgster

2014-05-12 9:07 GMT+02:00 Marianne Bøe <marianne.boe@nsd.uib.no>:
 [Quoted text hidden]

Gmail - Prosjektnr: 37784. Kor skal vi vere då?

09.09.14 10:59



Prosjektnr: 37784. Kor skal vi vere då?

Marianne Bøe <marianne.boe@nsd.uib.no>
 To: Birthe Møgster <birthemogster@gmail.com>

Thu, Jun 12, 2014 at 1:33 PM

Hei,

Forsøkte å ringe deg, men fikk ikke svar. Sender derfor svar her:

Dersom du skal innhente personopplysninger i forbindelse med denne datainnsamlingen, trenger du er nytt behandlingsgrunnlag for denne delen og du må du sende inn et endringsskjema:
<http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>

Dersom denne delen gjennomføres anonymt er det ikke nødvendig å registrere endringen, da datainnsamlingen vil falle inn under foreliggende godkjenning.

Fint hvis du gir en tilbakemelding på dette.

--
 Vennlig hilsen
 Marianne Bøe
 Seniorrådgiver

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
 Personvernombud for forskning
 Harald Hårfagres gate 29, 5007 BERGEN

Tlf. direkte: (+47) 55 58 25 83
 Tlf. sentral: (+47) 55 58 81 80
www.nsd.uib.no/personvern

Birthe Møgster skrev 12.06.2014 10:19:
 [Quoted text hidden]